



Årsmelding 2024 med rekneskap




Foto: Zpirit

Idrettsglede hele livet

STORD IL  STIFTA 1914

Formenn i laget

Leif Tonning	1914–15
Magnus Jansen	1916–17
Bjarne Dahl	1918–19
Harald Nordenborg	1920–25
Magne Mugås	1926
Harald Nordenborg	1927–28
Tor Haugland	1929–30
Harald Nordenborg	1931
Ludvig Ytterdal	1932–33
Halvdan Hystad	1934–36
John Fadnes	1937–39
Reidar Hystad	1940
John Fadnes	1945
John Engelsen	1946–47
Reidar Hystad	1948
John Fadnes	1949–51
Trygve Grøsvik	1952–53
Amund Engelsen	1954
Svein Barmen	1955–58
Trygve Grøsvik	1959–61
Johann Belsvik	1962–67
Eyvind Haugland	1968–79
Gudmund Sørensen	1980–83
Eyvind Haugland	1984–86
Harald Karlsson	1987–95
Hans Aaserud	1995–98
Jarle Myklebust	1999–00
Marit Sætre Cuickshanks	2001–02
Henning R. Iversen	2003–11
Magne Jostein Mikkesson	2012–15
Nina H. Sleen	2016–18
Roy Sverre Amundsen	2019–



ÅRSMELDING 2024

Dagsorden årsmøte 2024.

1. Opning
2. Godkjenning av stemmeberettiga
3. Val av ordstyrer
4. Val av møtereferent
5. Val av to representantar til underskrift av protokoll
6. Godkjenning av forretningsordenen
7. Godkjenning av innkalling
8. Godkjenning av sakslista
9. Årsmelding frå hovedstyret, med økonomisk melding frå styret
 - 9.1 Årsmelding frå gruppene
 - 9.2 Melding frå Idrettsmerkeutvalet
 - 9.3 Årsmelding frå allianseidrettslag
10. Godkjenning av årsregnskap frå hovedlaget
 - 10.1 Grupperegnskap
11. Kontrollutvalet sin melding
12. Revisjonsberetning
13. Innkomne forslag
14. Fastsetje medlemskontingent for 2026 + treningskontingent for 2025
15. Godkjenning av budsjett 2025 for hovedlaget og gruppene
16. Handsame organisasjonsplanen for Stord IL
 - 16.1 Godkjenning av gruppestyra
17. Valkomiteen si innstilling
18. Val av revisor
19. Avslutning

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 6 - FORRETNINGSORDEN



GODKJENNING AV FORRETNINGSORDEN ÅRSMØTE STORD IL

Styret sitt forslag:

6.1 Årsmøtet vert leia av den valde dirigenten. Protokollen vert ført av den valde sekretæren.

6.2 Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Representant for forslagsstillar med forslag på saklista, vert gitt nødvendig taletid for å presentere forslaget. For dei andre innlegga vert taletida sett til 3 min første gong, 1 min andre og tredje gong. Representantar som forlangar ordet til forretningsorden har 1 min taletid. Dirigenten kan gjere framlegg om kortare taletid og setje strek for dei som har teikna seg på talarlista. Dirigenten kan også gjere framlegg om taletid til personar utan talerett.

6.3 Alle forslag må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare forslag kan ikkje trekkast attende og nye forslag kan ikkje settast fram etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til votering. Forslag kan berre gjerast i saker som står på saklista.

6.4 Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avleverte stemmene, med dei unntak lova fastset. Blanke stemmesetlar tel ikkje og vert rekna som ikkje avleverte.

6.5 I protokollen vert det ført inn kven som har hatt ordet i sakene, kva forslag som er fremja, kven som er forslagsstillar, kva vedtak som er fatta i den enkelte saka, og resultatet av avstemminga med talet på stemmer for og imot.

Hovedstyret sitt forslag til vedtak:

Årsmøtet godkjenner forslag til forretningsorden.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



STORD IDRETTSLAG

ÅRSMELDING 2024

STYRET I STORD IDRETTSLAG

Roy-Sverre Amundsen	Styreliar
Kjartan Grov	Nestleiar
Anne Sissel Mugaas	Styremedlem
Torger Tvedten	Styremedlem
Kjell Håvard Belsvik	Styremedlem
Pia Østrem	Styremedlem – «Ungdomsrepresentant»
Nina Hovland Sleen	Varamedlem

HOVUDOPPGÅVER OG ORGANISERING

Styret har i perioden frå årsmøte i 2024 hatt 6 styremøte. Gruppeleiarane har vore invitert til utvida styremøte i etterkant av hovudstyremøte 3 gonger. Denne samarbeidsforma har fungert godt og vore ein konstruktiv og identitetsskapande arena for utveksling av meiningar og informasjon.

Strategiplanen som vart utarbeidd i 2018 / 2019 skal vere rettleiande for Stord Idrettslag sin aktivitet og styrande for medlemmene sin åtferd og haldningars gjennom eit bevisst forhold til laget sine visjonar og verdiar. Innhaldet i strategiplanen har ved fleire høve vore drøfta i styret, og revidert i 2022. Revidert strategiplan vert tatt opp med gruppene i løpet av 2025.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



Leigeavtalen mellom Stord Idrettslag og Stord kommune.

Leigeavtalen mellom Stord Idrettslag og Stord kommune vart vedtatt av kommunestyret i november 2015. Avtalen er på ti år med verknad frå 01.01.2016, og omfattar alle anlegga på Vikahaugane inklusive skeisebanen, Langelandsbanen og Åsbanen, samt delvis leige av Nordbygdahallen. Stord Idrettslag betalte i 2024 ei samla årleg leige på ca. 1 400 000 til Stord kommune. Me disponerer anlegga frå kl. 15.00 til kl. 22.00 på kvardagar og i helgene, og har rett til framleige av dei anlegga som er omfatta av avtalen. Leigeinntektene og inntekter for reklame i hallane er føresetnaden for at avtalen med Stord kommune er realiserbar. Prosessen med reforhandling av avtalen er avslutta, og vart signert 04.03.2025. Når det gjeld skeisebanen er den tatt ut av leigeavtalen. Det er utarbeidd eigen avtale mellom Stord kommune og Stord IL om Ishallen som er under utbygging.

Stord Idrettslag har ved fleire høve dei siste åra oppmoda Stord kommune om å avvikle betaling av leie for kommunale bygg og anlegg utan at det korkje administrativt eller politisk er tatt initiativ til ei endring. Det er etter styret sitt syn eit paradoks at Stord kommune, i ei tid med fråfall frå organisert idrettsaktivitet og problematisk kvardagsøkonomi for mange, krev 1,4 mill. kr. i medlemsfinansiert husleige for offentleg bygg og anlegg. Dette gjeld sjølv sagt ikkje berre Stord Idrettslag, men alle frivillige lag og organisasjoner i Stord kommune.

Stord kommune har ansvar for drift og vedlikehald av arealet inne i bygga og skal ha driftspersonell på anlegget i vår aktivitetstid. Avtalen inneber også at Stord Idrettslag skal utføre deler av vedlikehaldet av anlegga. Stord Fotball har eigen avtale som omhandlar banane på Vikahaugane, Langeland og Ås, samt garderobeanlegg på Langeland og Vikahaugane.

Skigruppa i Stord Idrettslag har ansvaret for drift og vedlikehald av lysløypa og betaler straum og andre driftskostnader utan nokon form for økonomisk bidrag frå Stord kommune. Det same gjeld køyring av løyper med skigruppa sin løypemaskin utanom lysløypa. Ein formidabel dugnadsjobb som legg til rette for alle som brukar dagane med snø til turar i velpreparerte løyper. Det hører med til «historia» at også drift og vedlikehald av rulleskiløypa i Prestegardskogen er skigruppa sitt ansvar.

Vikahaugane Drift og Vedlikehald AS, VIDRIVE.

Stord Idrettslag stifta i oktober 2019 Vikahaugane Drift og Vedlikehald AS, VIDRIVE, med ein aksjekapital på kr. 50 000 og med følgjande føremål; sitat :

«Selskapet sitt føremål er å bygge ut, drifte, vedlikehalde og forvalte idrettsanlegg som Stord Idrettslag og idrettslag i alliansen eig, leiger eller har drifts – og vedlikehaldsansvar for. Selskapet kan også bygge ut, drifte, vedlikehalde og forvalte andre eigedomar som skal nyttast til idrettsføremål.»



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Selskapet inngjekk avtale med Stord kommune om drift og vedlikehald av skeisebanen i slutten av november 2019. Avtalen er gjort gjeldande for skeisesesongane 2019 / 2020, 2020 / 2021, 2021 / 2022, 2022 / 2023 og er vidareført til skeisesesongen 2023 / 2024. Det sportslege resultatet har vore særsla bra og gledeleg for alle som er glad i skeisesporten. Skeisebanen har vore arena for ein vinteraktivitet som er unik for regionen, og har vore eit positivt tilskot for Stord kommune som regionsenter. Banen har vore i bruk frå oktober til medio mars og har vore nytta av innbyggjarane i heile Sunnhordland. Skeisebanen har også i den sesongen som vart avslutta i mars 2024 vore ein formidabel suksess med aktivitet «frå morgen til kveld». Mellom anna har barnehagar, barneskular, ungdomskular og vidaregåande skular i heile Sunnhordland nytta skeisebanen på føremiddagen og i skuletida; eit sokalla gratis «lågterskeltilbod» tilrettelagt på dugnad av eldsjelene i skeisegruppa til Stord Idrettslag. Det er stor takksemd til skeisegruppa frå alle som har nytta skeisebanen til allsidige isaktivitetar etter at Vidrive overtok ansvaret for drift av skeisebanen med tilhøyrande fjernvarmeanlegg.

Ishallen – ein ny epoke for skeisesporten på Stord og folket i Sunnhordland.

22.07.2024 vart kontrakten mellom Vidrive og Fronta om bygging av ishallen signert etter at Stord Idrettslag / Vidrive hadde gjennomført anbodskonkurranse om totalentrepisen for prosjektet. Ishallen er i realiteten innbygging av eksisterande skeisebane til eit heilårs idrettsanlegg tilrettelagt for allsidige aktivitetar innandørs også i sumarsesongen.

Ishallen skal stå klar til bruk i oktober 2025, og vil soleis vere klar til skeisesesongen 2025 / 2026.

Organiseringa som eit allianseidrettslag.

Organiseringa som eit allianseidrettslag der Stord Fotball er den einaste sjølvstendige klubben i alliansen, fungerer tilfredsstillande. Leiaren i Stord Fotball vert alltid invitert til dei utvida styremøta og stiller aktivt opp. Stord Symjing vart etter vedtak på årsmøte i 2022 tatt opp som eiga gruppe i Stord Idrettslag med verknad frå 01.01.2022.

Stord Orientering vart etter vedtak på årsmøte i 2023 tatt opp som eiga gruppe i Stord Idrettslag med verknad frå 01.01.2023.

Resten av laga er følgjeleg ei gruppe i Stord Idrettslag.

Stord IL, har no 8 undergrupper : Handball, Friidrett, Turn, Volleyball, Ski, Skeisar, Orientering og Symjing.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



ÅRSMELDINGANE FRÅ GRUPPENE OG ALLIANSEIDRETTSLAG

Årsmeldingene frå gruppene vert lagt fram for årsmøte i SIL som orienteringssak, og er ein sjølvstendig og vesentleg del av årsmeldinga til Stord Idrettslag.

Gruppene i Stord Idrettslag

- Friidrettsgruppa
- Handballgruppa
- Skeisegruppa
- Skigruppa
- Symjegruppa
- Turngruppa
- Volleyballgruppa
- Orienteringsgruppa

Årsmeldinga for allianseidrettslaget er soleis inkludert i denne årsmeldinga, og er eit viktig historisk dokument som viser den samla aktiviteten i Stord Idrettslag for kvart år.

Allianseidrettslag

- Stord Fotball

STORD IDRETTSLAG SITT SAMFUNNSANSVAR – «BREIDDE OG TOPP»

Det er all grunn til å gleda seg over det omfattande arbeidet som vert lagt ned i barne- og ungdomsidretten i regi av Stord Idrettslag. Det er her me skapar breidda og trygge sosiale idrettsmiljø, som også legg til rette for satsing på toppidrett for idrettsutøvarar som har ambisjonar i dei einskilde idrettane. I godt samarbeid med Idrettsfag på Stord Vidaregåande skule har me fått fram ein flott treningskultur som kan måla seg med dei beste i landet. Friidrett og skeise er eit døme på at målretta og kunnskapsbasert trening over tid gir resultat på høgt nasjonalt nivå.

Stord Idrettslag har i løpet av 2024 etablert eit ekstra tilbod til dei som ynskjer å auke treningsmengda gjennom «morgontreninga», som er ei organisert trening før skulen tek til.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

MEDLEMSTAL

Dagleg leiar har over tid lagt ned mykje arbeid for å få eit system som til ei kvar tid sikrar oversikt over medlemsmassen i Stord Idrettslag. Dette er eit krevjande arbeid som krev kontinuerleg fokus.

Stord IL, har tatt i bruk «Klubb Admin» som sitt medlemssystem.

Innkrevjing av medlemskontingent er dagleg leiar sitt ansvar, og har fungert særskilt godt.

Basert på rapportar frå gruppene og Stord Fotball har Stord Allianseidrettslag 1923 pr. 31.12. 2024, medan medlemstalet pr. 31.12.2023 var 1939, pr. 31.12.22 var 1863, pr. 31.12.2021 var 1893, pr. 31.12.2020 var 2 023 og pr. 31.12.2019 var 2 161.

Av medlemsmassen er det 636 jenter mellom 3 og 19 år pr. 31.12.24.

Tilsvarande var det 638 jenter pr. 31.12.2023, 619 jenter pr 31.12.22 - 664 jenter pr 31.12.2021 - 637 jenter pr. 31.12.2020 - 769 jenter pr. 31.12.2019 mellom 3 og 19 år.

Av medlemsmassen er det 630 gutter mellom 3 og 19 år pr. 31.12.24.

Tilsvarande var det 641 gutter pr. 31.12.2023, 621 gutter pr 31.12.22 - 620 gutter pr 31.12.2021 - 645 gutter pr. 31.12.2020 og 709 gutter pr. 31.12.2019 mellom 3 og 19 år.

Hovudstyret vil i tida som kjem halda fram arbeidet inn mot laget sine grupper og allianselag for å gi fleire born og unge gode og allsidige tilbod.

ANLEGGSSUTVIKLING

Stord Idrettslag starta våren 2019 ein prosess med arbeidstittel; «Arealanalyse for Vikhaugane» med mål om lage ein plan for disponering av det arealet som ikkje er bandlagt eller nytta til utbygging, eller andre føremål på Vikahaugane. Stord Idrettslag vonar at arealanalysen vert eit viktig bidrag i diskusjonen om den vidare utbygginga av idrettsanlegga på Vikahaugane i eit langsiktig perspektiv, kor utbyggingsrekkefølgjen er avgjerande for ei effektiv og framtidsretta arealutnytting.

Arealanalysen har so langt vore avgjerande for at Ishallen no er i ferd med å bli realisert.

Stord kommune har i samband med sine investeringsbudsjett for perioden 2022 – 2025 vedtatt bygging av ein «dobel-hall» som erstatning for Rackethallen i samsvar med arealanalysen. Stord Idrettslag er invitert til å delta i den kommunale prosjektgruppa som skal utarbeide forprosjekt for den nye hallen. Arbeidet er «i skrivande stund» stoppa grunna Stord kommune sin manglande moglegheit til finansiering av hallen.

Styret vil ta initiativ til at det vert fremja ei sak om nye sandvolleyballbanar på Vikahaugane for Idrettsrådet og Stord kommune i løpet av 2025. I arealanalysen for Vikahaugane er sandvolleyballanlegget lokalisert sentralt mellom ungdomsskulen og den vidaregåande skulen der «Paviljongen» tidlegare var plassert.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



Styret har registrert at planane om rehabilitering eller påbygg av symjehallen i sentrum av Leirvik ikkje er realiserbar. Arealanalysen viser at det er plass til eit nytt symjeanlegg på Vikahaugane i arealet mellom ny «dobel-hall» og parkeringsplassen i sør ved Stord Hotell; eit «standard anlegg» etter symjeforbundet sine normer med eit konkurransebasseng med 8 banar, to opplæringsbasseng og tribune med plass til 300 tilskodalar.

Stord kommune har i samband med budsjett for 2023 og økonomiplanen for perioden 2023 – 2026 vedtatt at det skal utarbeidast ein forstudie for vurdering av alternative løysingar og lokalisering av ny svømmehall. Kommunestyret har vedtatt at lokaliseringa, slik den er fremja i arealanalysen for Vikahaugane, skal vere eit av alternativa som skal vurderast i forstudien. Stord Idrettslag har deltatt i ei kommunal prosjektgruppa som har utarbeidd forstudien kor alternative lokaliseringar av ny symjehall er vurdert. Forstudien konkluderer med at ny symjehall på Stord skal byggjast på Vikahaugane.

Stord IL, har saman med Stord VGS og Stord Kommune gjennomført ei oppgradering av eksisterande styrkerom på Vikahaugane dei siste 2 årene. Her har det blitt investert over kr. 750 000 på maling, nytt golv, ny belysning, og nytt utstyr. Eit prosjekt som ikkje hadde vore mogleg å realisera utan samarbeid.

Kiosken i «Nyehallen» med tilhøyrande kjøkken er i samarbeid med Stord kommune utvida og fornya i 2024. Sparbanken Vest har gitt eit betydeleg beløp til prosjektet.

Kommunestyret har sett av kr. 5 250 000 til rehabilitering av Stord stadion, grasbanen og friidrettsarenaen i 2025. Dette let seg ikkje gjennomføre på noverande tidspunkt grunna manglande finansiering. Styret vil jobbe aktivt for at det vert utarbeidd eit forprosjekt som klargjer omfanget av rehabiliteringa.

Stord Idrettslag med tilhøyrande grupper og allianselag er også engasjert i mange anleggsprosjekt som er i forskjellige fasar i prosjektutviklinga.

Mellan anna har volleyballgruppa saman med Stord kommune bygd og finansiert nye sandvolleyballbanar i Nordbygda til stor glede både for medlemmane i Stord Idrettslag og andre «volleyballentusiistar».



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

ØKONOMI

Alle gruppene har lukkast med sine mål for økonomistyring og lagt fram rekneskap for 2024 med tilfredsstillende resultat.

Styret i Stord Idrettslag legg fram samla rekneskap for 2024, med unnatak av Stord Fotball som er sjølvstendige idrettslag i alliansen, med følgjande resultat :

STORD IDRETTSLAG - SAMLA

RESULTATREKNESKAP	2024	2023
Driftsinntekter og driftskostnader		
Driftsinntekter	- 16 168 795	- 16 634 166
Driftskostnader	16 297 362	14 653 396
Driftsresultat	-128 567	1 980 771
Resultat av finanspostar	505 805	149 993
Årsresultat (overskot)	377 239	2 130 763
Overføringer		
Avsett til «SIL Støttefond»	0	0
Avsett til anna eigenkapital	377 239	2 130 763
Sum disponert	377 239	2 130 763

Resultatrekneskapen viser eit årsresultat for 2024 med eit positivt årsresultat med kr. 377 239.

Overskotet, kr. 377 239, vert avsett til annan eigenkapital

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



BALANSE	2024	2023
EIGEDELAR		
Anleggsmidlar		
Varige driftsmidlar / Inventar og utstyr	3 046 093	1 884 600
Finansielle anleggsmidlar	90 000	90 000
Sum anleggsmidlar	3 136 093	1 974 600
Omløpsmidlar		
Fordringar	678 537	607 989
Investeringar	0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande.	15 727 826	17 123 089
Sum omløpsmidlar	16 406 363	17 731 078
SUM EIGEDELAR	19 542 456	19 705 678

BALANSE	2024	2023
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital		
SIL Støttefond	50 000	50 000
Anna eigenkapital	17 419 302	17 042 063
Sum opptent eigenkapital	17 469 302	17 092 063
Gjeld		
Gjeld i kredittinstit. / langsiktig gjeld	0	908 326
Leverandørgjeld	349 925	330 757
Skyldig offentlege avgifter	392 561	291 268
Anna kortsiktig gjeld	1 330 669	1 083 265
Sum kortsiktig gjeld	2 073 154	1 705 289
Sum gjeld	2 073 154	2 613 615
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	19 542 456	19 705 678



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

STORD IDRETTSLAG - HOVUDLAGET

RESULTATREKNESKAP	2024	2023
Driftsinntekter og driftskostnader		
Driftsinntekter	- 3 334 202	- 3 417 437
Driftskostnader	3 366 950	3 346 981
Driftsresultat	- 32 748	70 456
Resultat av finanspostar	80 105	8 401
Årsresultat (overskot)	47 357	62 055
Overføringer		
Avsett til anna eigenkapital	47 357	62 055
Avsett til «SIL Støttefond»	0	0
Overført fra anna eigenkapital	0	0
Sum disponert	47 357	62 055

Resultatrekneskapen viser eit årsresultat for 2024 med eit positivt årsresultat med kr. 47 357.

Overskotet, kr. 47 357, vert avsett til annan eigenkapital

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



BALANSE	2024	2023
EIGEDELAR		
Anleggsmidlar		
Tomter, bygnnger o.a. fast eigedom	1 395 850	1 281 000
Varige driftsmidlar / Inventar og utstyr	93 600	133 400
Finansielle anleggsmidlar	90 000	90 000
Sum anleggsmidlar	1 579 450	1 504 400
Omløpsmidlar		
Fordringar	897 918	1 060 037
Investeringar	0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande.	2 511 697	2 841 827
Sum omløpsmidlar	3 409 615	3 901 864
SUM EIGEDELAR	4 989 065	5 406 264

BALANSE	2024	2023
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital		
SIL Støttefond	50 000	50 000
Anna eigenkapital	3 288 604	3 241 247
Sum opptent eigenkapital	3 338 604	3 291 247
Gjeld		
Gjeld til kreditinst. / Langsiktig gjeld	0	908 326
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	364 741	202 357
Skyldig offentlege avgifter	143 041	84 762
Anna kortsiktig gjeld	1 142 680	919 572
Sum kortsiktig gjeld	1 650 461	1 206 690
Sum gjeld	1 650 461	2 115 016
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	4 989 065	5 406 264



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Revisjon og rekneskap.

Styret vil understreka at alle rekneskap er ført i samsvar med god rekneskaps-skikk i nært samarbeid med laget sin revisor, KPMG.

Hovudlaget har halde fram avtalen sin med ECIT om føring av rekneskap. Stord Idrettslag er godt nøgd med det arbeidet ECIT utfører og det tillitsfulle samarbeidet mellom idrettslaget og dei tilsette i ECIT.

Budsjettdisiplin og økonomistyring er alltid sentrale tema for idrettslaget.

Interne rutinar i rekneskapsføring har i 2024 hatt fokus på oppfølging av dokumentasjonsplikta og periodisert rapportering, kor kvalitetssikring og samarbeid med rekneskapsføraren til hovudlaget og revisor er avgjerande for kontroll og god styringsinformasjon.

Stord Idrettslag er nøgd med at «Vipps» har erstatta store deler av omsetnaden som tidlegare var basert på «kontantar og kassabehaldning».

SAMFUNNSREKNEKAP – FOLKEHELSEPERSPERKTIVET TILBAKEBLIKK OG FRAMBLIKK

Styret i Stord Idrettslag utarbeidde i 2003 for første gong eit samfunnsrekneskap for å synleggjera verdien av den innsatsen som idretten skaper i samband med meiningsfylt fritid, helsefremjande aktivitet, sosial samhandling og gode opplevingar for born og ungdom. Den samla innsatsen frå våre leiarar, oppmenn, trenarar og dognadsarbeidande medlemmar og frivillige utgjer i dag ein verdi i overkant av 70 million kroner pr. år.

Stord kommune har støtta Stord Idrettslag med kr. 200 000 kvart år i perioden 2016 - 2019 til finansiering av dagleg leiar. Frå 2020 vert det ikkje ytt tilskot frå Stord kommune.

Stord Idrettslag har tatt saka opp med Stord kommune ved fleire høve; sist som kommentar til budsjettforslaget for 2024 med ei oppmoding om at tilskotet vert gjort gjeldande igjen.

Stord Idrettslag sin posisjon som samfunnsbyggjar er særskilt viktig i arbeidet med å gjere Stord kommune til ein attraktiv og trygg kommune å vekse opp i og bu i. Me skal vere med på å skape eit levedyktig og inkluderande lokalsamfunn med gode oppvekstvilkår og ei variert og meiningsfylt fritid for alle oss som bur i kommunen og regionen.

Visjonen til Stord Idrettslag, uttrykt i mottoet «*Idrettsglede heile livet*», skal vere drivkrafta til idrettslaget i eit folkehelseperspektiv.

Idretten sin grunnleggjande filosofi om «fair play» og respekt skal «ligge i ryggmargen» til alle som driv med idrett og er tillitsvalte. Det skal i Stord Idrettslag vere samanheng mellom det me seier og det me gjer i praksis. Styret i Stord Idrettslag vil retta ei stor takk til alle som er med og gjer dette mogleg kvar einaste dag året rundt.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



Eit godt døme på at Stord Idrettslag tek eit «utvida» samfunnsansvar er når vi har totalansvaret for å arrangere 17. mai i Leirvik. Kvart tredje år, sist i 2024, har turngruppa i Stord Idrettslag ansvaret for planlegging, tryggleik og administrasjon av den fysiske gjennomføring av 17. mai feiringa.

HEIMESIDER / SOSIALE MEDIER

Stord Idrettslag saman med gruppene og allianseidrettslaget har ei felles startside på nettportalen sin. Oppdatering av gruppene sine eigne sider varierer frå gruppe til gruppe.

Dagleg leiar jobbar aktivt med å betre startsida. Styret har tidlegare vedtatt å innleia samarbeid med lokal rådgjevar for å modernisere heimesida og utvikle ein eintydig grafisk profil for idrettslaget. Arbeidet ventast å vere fullført i løpet av 2025.

Hovudlaget ønskjer å nytte sosiale media på ein betre og meir aktiv måte framover. Det er likevel gruppene som gjennom sine omfattande aktivitetar nyttar dei sosiale media til dagleg kommunikasjon og utveksling av informasjon.

TILLITSVALDE OG FRIVILLIGE

Tillitsvalde, trenrarar, lagleiarar og frivillige i gruppene og allianseidrettslaget er fundamentet for Stord Idrettslag. Stord Idrettslag er, med sine i underkant av 2000 medlemmar samt tillitsvalde og frivillige, saman med dei andre idrettslaget og frivillige organisasjonar i kommunen bærebjelken i samfunnet. Kvar einskild sin innsats og bidrag er avgjerande for at Stord Idrettslag kan vere motoren for idrettsaktivitetane på Stord.

Det er eit sterkt ønskje at fleire unge vil delta aktivt i ulike tillitsverv og styrearbeid. Hovudstyret oppmodar gruppene og allianseidrettslaget om å prioritera etablering av ungdomsstyre i kvar enkelt gruppe.

Stord Idrettslag takkar trenrarar, lagleiarar, frivillige og foreldre for den fantastiske jobben de har lagt ned i løpet av 2024.

ARBEIDSMILJØ OG IDRETTSMILJØ

Det er etter styret si oppfatning eit godt og trygt arbeidsmiljø blant dei tilsette i gruppene og i hovudlaget. Som tilsett i idrettslag vert det i periodar høg aktivitet både på kveldstid og i helger i samband med arrangement. Dette kan medføre høg arbeidsbelastning i periodar.

I frivillige organisasjonar kan det vere vanskeleg å gjere ei fordeling av oppgåver og ansvar mellom tilsette og dei frivillige. Det er viktig at styret i hovudlaget og styra i gruppene og allianseidrettslaget er bevisst si rolle som arbeidsgjevar og det ansvaret dei har for dei tilsette sitt fysiske og psykososiale arbeidsmiljø.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Verdigrunnlaget til Stord Idrettslag, slik det er formulert i strategiplanen, skal vere førande for vår utvikling av idrettsmiljøet i laget; sitat :

«Stord Idrettslag er ein arena for alle som vil oppleve fellesskap, utvikling og sportsleg meistring. I eit trygt og dopingfritt treningsmiljø prega av Fair Play kan ein nå sine ambisjonar på alle nivå. Aktivitetane og miljøet byggjer på respekt for den einskilde, er inkluderande og ivaretakande uansett bakgrunn.»

BEREKRAFT OG DET YTRE MILJØ.

I eit sirkulært perspektiv er målet å nytta alle ressursar best mogleg. Minst mogleg skal kastast som avfall, men haldast i eit kretsløp der resirkulering og gjenbruk fører til mindre behov for nye råvarer og reduserte utslepp av klimagassar.

Omgrepet «*berekraft*» er nytta i mange samanhengar og vert kommunisert og tolka på mange forskjellige måtar. Styret i Stord Idrettslag meiner at berekraft slik det vart lansert i Bruntlandkommisjonen sin rapport «*Vår felles framtid*» gir meinинг og forståing i eit heilskapleg og haldningsskapande perspektiv. I rapporten er berekraft definert som; «*utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov.*»

Styret i Stord Idrettslag er ikkje kjend med at laget si verksemد påverkar det ytre miljø på ein negativ måte. Mykje av utandørsaktivitetane til Stord Idrettslag skjer på kunstgrasbanar med gummigranulat som fører til utslepp av granulat og mikroplast til naturen og sårbare resipientar via overvassleidningar. Det er Stord kommune som er eigar av alle kunstgrasbanane i Stord kommune, og som Stord Idrettslag leiger. Stord Idrettslag vil ta initiativ til å innleia ein dialog med kommunen om å setje i verk tiltak for å redusere forureiningsfare fra kunstgrasbanane også i 2025.

Stord Idrettslag ønskjer å arbeida aktivt for å redusera biltrafikk til og frå anlegga våre, og oppmodar alle medlemmer til å nytta sykkel eller ta i bruk «*apostlenes hester*» til og frå trening og kamper.

Styret har starta ein prosess med utgangspunkt i FN sine berekraftmål fram til 2030. Norges Idrettsforbund har i sine langtidsplanar mål om at idrettsrørsla i Noreg skal drivast i samsvar med FN sine berekraftmål. Styret har i 2023 utarbeidd forslag til «*Bærekraftplan for Stord Idrettslag*». Styret vil fortsette å involvere gruppene og allianseidrettslag i arbeidet med å nå enkelte av FN's bærekraftsmål i 2025.

Eit av dei beste døma på berekraft er at Stord Idrettslag gjennom sitt datterselskap VIDRIVE leverer overskotsenergi frå skeisebanen til dei kommunale bygga og den vidaregåande skulen på Vikahaugane. Den nye Ishallen vil når den er ferdig vere Noregs «grønaste» idrettsanlegg.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



Stord Idrettslag oppmodar alle medlemmar og støttespelarar til å gjere idretten til eit førebilde kor me alle tar eit tak for miljøet og ei berekraftig utvikling av samfunnet vi lever i.

Årsmeldinga for Stord Idrettslag skal gi eit historisk tilbakeblikk på kva idrettslaget sine medlemmar har oppnådd gjennom aktivitet og konkurranse.

**TAKK FOR MANGE GODE OPPLEVINGAR I 2024
OG LYKKE TIL I 2025**

Idrettsglede heile livet

Stord mars 2025

Roy-Sverre Amundsen
Styreleiar

Kjartan Grov
Nestleiar

Anne Sissel Mugaas
Styremedlem

Torger Tvedten
Styremedlem

Pia Østrem
Styremedlem

Kjell Håvard Belsvik
Styremedlem



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Grov, Kjartan Bjelland

Nestleder

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-1742780

IP: 77.16.xxx.xxx

2025-03-14 11:38:48 UTC

Lindgård, Bjørn

Daglig leder

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: no_bankid:9578-5994-4-481361

IP: 81.167.xxx.xxx

2025-03-14 11:40:37 UTC

Østrem, Pia

Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-4926877

IP: 89.8.xxx.xxx

2025-03-14 11:54:15 UTC

Mugaas, Anne Sissel

Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-2447592

IP: 85.200.xxx.xxx

2025-03-14 12:30:39 UTC

Tvedten, Torger Magne

Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-2147176

IP: 84.234.xxx.xxx

2025-03-14 13:33:09 UTC

Belsvik, Kjell Håvard

Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-2695591

IP: 79.161.xxx.xxx

2025-03-14 15:20:15 UTC

Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](#). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tillitstjenesteleverandør.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Amundsen, Roy Sverre

Styreleder

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: no_bankid:9578-5997-4-152087

IP: 81.166.xxx.xxx

2025-03-14 15:36:37 UTC

bankID 

Dette dokumentet er signert digitalt via **Penneo.com**. De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tillitstjenesteleverandør.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1 - ÅRSMELDING FRÅ GRUPPENE



Sak 9.1 Årsmelding fra gruppene.

Sak 9.1.1 Handballgruppa

Sak 9.1.2 Friidrettsgruppa

Sak 9.1.3 Turngruppa

Sak 9.1.4 Skigruppa

Sak 9.1.5 Skeisegruppa

Sak 9.1.6 Volleyballgruppa

Sak 9.1.7 Symjegruppa

Sak 9.1.8 Orienteringsgruppa

Sak 9.2 Idrettsmerkeutvalet

Sak 9.3 Årsmelding fra allianseidrettslag.

Sak 9.3.1 Stord Fotball

SIL ÅRSRAPPORT 2024
SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



ÅRSMELDING

Stord Idrettslag Handballgruppa 2024



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Årsmelding Stord Idrettslag Handballgruppa 2024

Styret 2024

- Leiar: Aksel Sæther
- Økonomi: Gunnhild Lothe
- Marknad: Stein Aaserud
- Event og utstyr: Franny Maria Bøthner
- Arrangement: Tonje Aamot Haga
- Inkludering: Ellen Salomonsen

Styret har hatt månadlege styremøte i 2024. Det har òg vore ei rekke lagleiarmøte for å sikra best mogleg informasjonsflyt og samarbeid i klubben.

Tilsette

Ann-Helen Hareide sit framleis som kontorleiar på Handballkontoret i 100% stilling. Ho gjer ein svært god og viktig jobb med alle dei administrative oppgåvene i klubben si daglege drift. I vår vart klubben informert av sportssjef Sebastian Steffens om at han ikkje kom til å returnere til sin stilling etter endt pappapermisjon i april. Me var då så heldige at Bjarte Straume Epland aksepterte tilbodet om å gå inn i 100% stilling som dagleg leiar i Stord Handball frå 1. mai. Epland hadde fungert som vikar for Steffens i permisjonsperioden og tok soleis over på permanent basis frå mai. Klubben er svært nøgd med å ha to gode ressursar i full stilling som skal ta oss vidare.

Verv utanom klubben

Bjarte Straume Epland satt som styremedlem i styret i Region Vest fram våren 2024. Ein kan ikkje vere tilsett i meir enn 20% stilling i ein handballklubb, slik at Bjarte måtte trekke seg frå styret då han vart tilsett i 100% stilling i Stord Handball. Julianne Sellgren sit framleis som medlem i Sanksjons- og Domsutvalget. Me er som klubb oppteken av å ha personar med verv i Region Vest og NHF, og håper me kan halde fram med å kunne ha gode kandidatar til desse verva i åra som kommer.

Økonomi

Stord Handball har i 2024 hatt god kontroll på både kostnader og inntekter. Ein viktig milepæl var tilsetjinga av Bjarte Epland i ei 100 % stilling som sportsleg dagleg leiar. Dette har ikkje berre gitt oss enda betre styring på kostnadssida, men også styrka inntektsgrunnlaget gjennom nye prosjekt som legg eit solid fundament for framtida.

Handballfestivalen heldt fram med å vera vår største inntektskjelde, sjølv om deltakinga var noko lågare sidan festivalen fall på 17. mai-helga. Likevel bidrog ei særskilt god omsetning i kiosken til eit solid resultat. Ein stor takk går til alle tilsette og frivillige for den fantastiske innsatsen de legg ned – utan dei hadde ikkje dette vore mogleg! Klubben sine inntekter kjem hovudsakleg frå den enorme dugnadsinnsatsen gjennom året. Denne innsatsen gjer at me kan vidareutvikla klubben, samtidig som me held treningsavgiftene på eit rimeleg nivå. I tillegg er me svært takksame for våre gode og stabile samarbeidspartnerar, som bidreg med sponsormidlar, gåver og tilskot. Tusen takk til alle dykk som støttar Stord Handball!

Framover er det viktig at me held fast på den gode kostnadskulturen, samtidig som me investerer i vidare utvikling av klubben. På denne måten kan me ta nye steg – både sportsleg og organisatorisk – og sikra at Stord Handball står sterkt i åra som kjem.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Medlemstal

Me har bruk Stord Club i litt over eit år, og me ser at dette gjev oss moglegheit til å rapportere og halde oversikt over medlemsmassen på ein god måte. Lagleiarar har større incentiv til å halde vedlike spelarlista i Stord, og me får soleis eit meir oppdatert medlemsregister (i Stord) som me igjen overførar til KlubbAdmin.

Oversikta under viser at me har ein auke på medlemsmassen på 3%, men at aktive spelarar går ned 3%. Det er sjølvsagt flott at me auker i talet medlemmar, men me skal jobbe vidare mot at me også har auke i aktive spelarar.

	6-12 år			13-18 år			Over 18 år			Totalt spillere			Ikke aktive			Medlemmer		
	I år	I fjor	Endring	I år	I fjor	Endring	I år	I fjor	Endring	I år	I fjor	Endring	I år	I fjor	Endring	I år	I fjor	Endring
Jenter	164	160	4 3 %	71	74	-3 -4 %	20	26	-6 -23 %	255	260	-5 -2 %	65	47	18 38 %	320	307	13 4 %
Gutter	131	138	-7 -5 %	39	34	5 15 %	16	21	-5 -24 %	186	193	-7 -4 %	32	22	10 45 %	218	215	3 1 %
Totalt	295	298	-3 -1 %	110	108	2 2 %	36	47	-11 -23 %	441	453	-12 -3 %	97	69	28 41 %	538	522	16 3 %

Tal fra 31.12.2024

Dette vert det sett fokus på i tida som kommer, og me skal gjere ei vurdering på kor stort nedslagsfeltet vårt i realiteten er. Dette heng saman med kor mange barn som bur i Stord Kommune i kvart årstrinn, og me kan ikkje forvente å auke talet på spelarar kvart år utan å sjå på kor mange barn som faktisk bur i kommunen til ein kvar tid.

Medlemsmøte

I april kalla klubben inn til eit ope allmøte kor me ville gje alle som har eit hjarte for Stord Handball ein moglegheit til å koma med sine innspel og tankar kring korleis ein vil at klubben skal vera framover. Om lag 50 engasjerte handballvener var samla til tre timer med gode diskusjonar og innspel. Me fekk både gode tilbakemeldinger på samlinga og ikkje minst gode innspel på vegen vidare.



Marknad og samarbeidspartnalar

Stord Handball er heldige som har stabile og trufaste samarbeidspartnalar som bidreg til at me klarer å oppretthalde og utvikle vårt tilbod. I nokre bransjar har det siste året vore tøft økonomisk, medan for andre har det vore stormande jubel. Me opplever likevel at det er på det jamne når det gjeld støtte. Dei som slit ønskjer å framleis vere ein støttespelar, fordi dei ser at deira bidrag er viktig for barn og unge, samtidig som dei som gjer det bra ofte held litt tilbake fordi dei er usikre på framtida. Fokuset vårt i 2024 har vore å strukturere marknadsarbeidet i større grad enn tidlegare, både for eigen del, men også for våre sponsorar. Med ansetjing av ny dagleg leiar i klubben har me også fått meir ressursar til å styrke marknadsarbeidet. Framover vil arbeidet på marknadssida spesielt vise seg igjen på våre digitale flater, noko me trur skal styrke vår marknadsposisjon og omdømme.

Kamparrangement

Som tidlegare år er det ungdomsavdelinga som har ansvar for gjennomføring av kamparrangement knytt til barne- og ungdomshandballen. Nytt av året er at me har hatt auka fokus på seniorkampane og at me fekk på plass ein eigen komité som saman med lagleiarane på seniorlaga sørga for at seniorkampane vart avvikla på ein god måte. Målet er å skapa ei fin ramme og ei god oppleveling for alle involverte partar frå spelarar, dommarar til publikum på desse kampane. Dette arbeidet vil fortsetje i 2025. Våren 2024 stod den nye, flotte kiosken/kjøkkenet i Nyehallen klar. Den har vore flittig i bruk og har gjeve oss nye moglegheiter og har fleire bruksområder enn det me hadde tidlegare.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Klubbdugnad

I 2023 inngjekk Stord Handball ein treårig avtale med FibGreen om gjennomføring av klubbdugnad for alle medlemmene våre. Dette innebar ei omlegging der den tradisjonelle lotteridugnaden vart erstatta med sal av mikrofiberklutar. Sjølv om denne dugnaden gav god inntekt for klubben, vart det i 2024 gjort justeringar basert på tilbakemeldingar frå medlemmene.

I 2024 valde klubben å dele opp dugnaden for å tilpassa han betre til ulike aldersgrupper. Spelarar frå 12 år og oppover selde sokkar frå FibGreen, medan dei yngste medlemmene heldt fram med loddosal etter modellen frå det tradisjonelle lotteriet. Klubben opplevde, i samsvar med tilbakemeldingane frå medlemmene, at denne løysinga fungerte godt.

Klubbdugnaden vil truleg halda fram i ei eller anna form i åra som kjem. Det er styret si oppgåve å vidareutvikla og tilpassa dugnaden slik at han vert eit positivt bidrag for både klubb og lag.



Dugnadssokkar frå FibGreen

Inkludering, berekraft og sosialt ansvar

Stord Handball har fokus på miljø, samarbeid og haldningsskapande arbeid i aktiviteten vår i og rundt klubben. Inkluderingsansvarleg sørger for at alle som arbeider med barn, unge og personar med utviklingshemming i klubben framviser politiattest og at alle spelarane våre tar stilling til og leverer samtykkeskjema for bildedeling.

Verdiane våre «Vilje, samhald, respekt» ligg til grunn for arbeidet til sosialt ansvarleg, og er retta mot alle rollene ein har i handballfamilien – både spelarar, trenarar, føresette, dommarar, publikum og samarbeidspartnarar. Dette kjem til syne til dømes i at me deltek i StoraPride for å stadfesta at me er ein klubb for alle.



Stord Handball i StoraPride

Inkluderingsansvarleg leiar lagleiarmøte, er til stades på foreldremøte og jobbar både med førebyggande arbeid og det som laga elles har behov for.

Stordløftet

Våren 2024 vart det sett ned ei prosjektgruppe med representantarar i frå Stord IL (Hovudlaget, Handballgruppa og Fotballgruppa), Stord VGS og Trott. Deltakarane ønska å sjå på moglegheitene for å leggje til rette for eit endå betre sportsleg tilbod til ungdommane som driv organisert idrett på Stord. Ønsket er at det lokale tilbodet skal vere så godt at ungdommane ikkje treng å reise frå øya før vidaregåande alder for å utvikle seg godt i idretten sin.

Det første tiltaket i Stordløftet vart å leggje til rette for morgenøkter for ungdomsskuleelevar som driv organisert idrett på Stord. Øktene er felles på tvers av kjønn og idrettar og har eit innhald som er nyttig for å prestere betre i idretten til den einskilde. Ungdommane skal få større forståing av eigen kropp og fysisk trening, og saman byggje ein endå betre treningskultur på Stord. I tillegg til dette vil ungdommane kunne byggje og styrke relasjonane med jamaldrande som driv ulike idrettar.

Etter tre vekers prøveperiode har det vore om lag 40 ungdommar som har vore ein del av Stordløftet. Om lag 40% av ungdomana spelar handball. Øktene har vorten leia av dei dyktige trenarane Ian Seistrup og Jørund Løken.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Handballskule

Stord Handball har i mange år vore heldige å fått arrangere Rema 1000 Handballskule i vinter- og haustferiane. Heile 108 barn koste seg i tre dagar i vinterferien på handballskule i lag med dyktige ungdomstrenarar og sentrale vaksenressursar. I haustferien var det 101 barn som deltok. I begge handballskulane var det så stor pågang at det vart oppretta ventelister etter at det vart fullt.



Handballskulane haust og vår er alltid populære

Me er stolte av å arrangere handballskular med god kvalitet som gjer at barn i barneskulealder vil kome tilbake gong etter gong. Me er glade for at Rema 1000 saman med NHF held fram og gjev oss moglegheit til å tilby barn på Stord ein flott handballskule.

Gutehandballens dag

Stord Handball er med i eit prosjekt i Region Vest som jobbar for å få fleire gutter til å spele handball, samt å halde på dei i handballen. Tirsdag 10. desember arrangerte Stord Handball for andre år på rad «Gutehandballens dag». Nytt for året var at me også inkluderte ungdomskuleelvane i tiltaket og at me inviterte yngre landslagstrenar Kristoffer Froestad til å leie fleire av treningane.



Tøffe gutter

Om lag 140 gutter deltok på ei trening denne ettermiddagen, før dei fekk pizza og såg Stord sitt herrelag møte Sotra. Klubben fekk gåve av Sparebanken Vest til å arrangere dagen.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

HAFO

Fredag 1. november vart det arrangert HAFO-Cup for ungdomsskulane, der 20 lag frå Stord, Nordbygdo og Nysæter Ungdomsskule deltok. I finalen på 8. trinn vann Nordbygdo 3 over Stord 8A, på 9. trinn vann Nordbygdo 5/6 over Nysæter 9C, og på 10. trinn var det Nordbygdo Gym 1 mot Nordbygdo Gym 2, ein jamn kamp som Nordbygdo Gym 2 til slutt vann 6-5. Premiane for «Beste lag-outfit» og «Beste Fair Play-lag» gjekk til Stord 10D, Nordbygdo 9 og Nordbygdo 8.



Glade vinnarar

Fredag 29. november var det 1.-7. klasse sin tur for HAFO-cup. 50 lag var påmeldte frå alle barneskulane på Stord. Om lag 400 barn og unge var i aktivitet denne laurdagen, og alle fekk medalje sponsa av SKL.



Mykje kreativitet og glede i sving

Me trakk ut fem lag som fekk gåvekort på Kulturhuset for «Beste Fair Play-lag», «Beste Heia-lag» og «Beste utkleding/drakter». Dei fem laga var Hystad 7B, Rommetveit 7. trinn, Hystad 5. trinn, Leirvik 3B og Rommetveit 4. trinn.

Barnehandball

Våren 2024 hadde me ti jentelag og åtte guttelag i minihandball-serien for born mellom 6 og 8 år. Hausten 2024 var det sju jentelag og sju guttelag, som er nokon færre jentelag enn førre år. Laga i denne aldersklassen spelar kampar på tvers av ein vanleg handballbane (20 x 12 meter). På bana er det fire spelarar inkludert flygekeeper. Ein nyttar her mjuke ballar og små mål.

Spelarane i aldersgruppa 9 og 10 år spelar kortbanehandball. Dei spelar på banar som måler om lag 30 x 20 meter. Kortbanehandball skal fremja motivasjon og involvering ved mange ballberøringar og stor aktivitet. Det er fem spelarar på bana inkludert flygekeeper. Det vert her spela med vanlege ballar og vanlege mål (med nedsenka tverrliggjar). Me hadde våren 2024 sju jentelag og fire guttelag påmeld, medan det på hausten var ti jentelag og seks guttelag. Dette er fem fleire lag enn førre haust.

I barnehandballen (born i alderen 11 og 12 år) hadde me våren 2024 fire jentelag og fem guttelag i sving. For hausten 2024 var tala tre jentelag og fem guttelag. Her vert det spela på full bane med seks utespelarar og fast målvakt. I 11-årsklassen spelar dei med nedsenka tverrliggjar, medan dei i 12-årsklassen spelar med vanlege mål. For denne aldersgruppa vert det spela med resultatattavle, men det vert ikkje ført tabell.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Ungdomshandball

I sesongen 2024/2025 har me to J13-lag, to J14-lag og eitt J16-lag i Regionsserien. I tillegg har me for andre år på rad eitt juniorlag i J17/20-serien. Region Vest endra klassane på gutesida føre sesongen 2024/2025 til å ha doble årsklassar (G14 og G16). Hausten 2024 har me hatt to G14-lag, eitt G16-lag og eitt juniorlag i G17/20-serien. Det er fyrste gong på fleire år at me kunne stille med eitt juniorlag på gutesida og det er gledeleg at me stiller med fleire ungdomsslag enn dei førre åra.



Det er og gledeleg at klubben prøvde å kvalifisere seg til nasjonale seriar både på jente- og gutesida. J16 prøvde å kvalifisere seg til Bringserien og lukkast nesten etter to kvalifiseringsrundar å kome til serien. G18-laget til Stord prøvde å kvalifisere seg til Lerøyserien som er den nasjonale serien for 18-årlaga. Her fekk dei tøff motstand i kvalifiseringa og lukkast ikkje å kome vidare. Til tross for at ingen av laga våre lukkast å nå målet om å kome til Bring- og Lerøyserien, har dei hatt god utvikling, fått nyttig erfaring med å jobbe mot mål og styrke samhaldet i gruppene.

Seniorhandball

Våren 2024 avslutta damelaget på 6.plass i 3. divisjon. Laget vart fyrste halvdel av sesongen leia av Sebastian Steffens og siste del av Bjarte Epland, med Ellen Salomonsen var langleiar for laget. Damelaget bestod sesongen 2023-2024 av ein blanding av fleire tidlegare Stord-spelarar og nokon få som var med førre sesong. Klubben er takksam for at fleire av damene fann fram skoa att, då fråfallet av spelarar dessverre vart stort føre sesongen.

Herrelaget avslutta ein god sesong på 2. plass i 3. divisjon. Laget var berre tre poeng frå eit opprykk. Laget vart leia av Sigurd Sævareid og Ingemar Olsson, med Andre Skjønberg som langleiar. Det er kjekt at klubben igjen melder seg på i kampen om å rykkje opp til 2. divisjon og at me ser at fleire unge gutter står fram og tek større roller i laget.



Damelaget sesongen 23/24



Herrelaget sesongen 23/24



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Tilrettelagd handball

Stord United er eit handballag for utøvarar med utviklingshemming.



Laget gir utøvarane eit trygt og sosialt fellesskap der spelargleda og idrettsgleda står i fokus.

Gjennom åra har me sett stor utvikling hjå utøvarane, og samhaldet i laget er sterkt.

Stord United trenar kvar tysdag, og har i 2024 også hatt ei trening saman med herrelaget til Stord Handball, der me laga opplegg for ei kampturnering. Det var veldig gøy!

I 2024 deltok laget på fem kampdagar i regionen. I tillegg fekk me både kampar og bankett med middag og diskotek på Hjerteligavslutninga i Førde ☺

Her viser dei igjen som eit lag med godt samhald som er opptatte av Fair Play.

Det viktigaste av alt er at spelarane lærer kvarandre å kjenne og at dei har det kjekt ilag.

Laget har også fokus på å kunne glede seg over motstandarane sine prestasjonar, samt å utvikle seg sjølve sportsleg og som menneske.

Gjennom året har me hatt både sommar- og juleavslutning. Då samlast laget med vener og familie, og me har funne på noko kjekt saman - noko som har vore stor suksess kvar gong. Spesielt stas var det med videohelsing til laget frå Håvard Tvedten på sommaravslutninga 😊



Frå banketten på Hjerteliaasvslutninga i Førde



Sommaravslutning med leik og mat, og juleavslutning før me heia på Stord-herrane på Vikahaugane

Trenarar for laget i 2024 var Silje Tyse. Utover året vart også Sebastian Olsen med som hjelpetrenar. Lagleiarar for laget har gjennom fleire år vore Aina Skogvold, med Unni Dalsbotten som supersupporter og «altsmuligdama».

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Rema 1000 Handballfestivalen

Handballgruppa sitt høgdepunkt vart også i 2024 Rema 1000 Handballfestivalen. Etter rekordstor deltaking i 2023, var det venta lågare deltaking i 2024 då 17. mai var på fredagen i pinsehelga. Det enda med at 308 lag deltok og skapte idrettsminner på og utanfor banane i strålende vær.

Igjen viste dugnadsånden i handballgruppa og elles på Stord seg frå sitt beste. Me er stolte av å arrangere ein idrettsfest på Stord for fleire tusen lokale og tilreisande barn, unge og vaksne. Foreldre og andre familiemedlem i klubben stiller opp og gjer ein strålende jobb for å skape ei best mogeleg turnering. Det same gjer fleire andre lag og organisasjonar i Stord kommune. Festivalen er ikkje berre viktig for handballgruppa, men også for andre frivillige som klubben leiger inn til å gjere ein jobb under turneringa. Om lag 350.000 dugnadskroner vart generert ut til dei aktuelle gruppene som igjen er viktig for økonomien deira. Me er takksame for hjelpe som badevakter, vakthald på skular og parkering, og glade for at festivalen vår kan gje grobotn for aktivitet i andre frivillige organisasjonar.

Stord Handball har gode samarbeidspartnarar som også bidrar til at me kan gjennomføre turneringa med den kvaliteten me gjer. I 2024 var Rema 1000 for fyrste år med som ny hovudsponsor for turneringa, og namnet vart endra til Rema 1000 Handballfestivalen. Me er stolte over at ein nasjonal sponsor vil vere med å vidareutvikle turneringa. Ein annan sentral samarbeidspartner for turneringa er Aker Solutions som me i 2024 fekk til eit flott samarbeid med om å inkludere turneringa i Sail Away-konserten dei hadde for Johan Castberg-prosjektet. Og for ein laurdag det vart med festivaltog, opning på torget, intense kamper og konserter med aW0, Julie Bergan og Kjartan Lauritzen.



Mandagens medaljeseremoni i Nyehallen er alltid eit rørande skue

Rema 1000 Handballfestivalen er svært viktig for Stord Handball. Ikkje berre av økonomiske omsyn, men alt det festivalen står for; samhaldet og gled som alle frivillige utstrålar og deler med fornøgde barn, unge og vaksne.

Tusen takk til alle som bidreg før, under og etter Rema 1000 Handballfestivalen!



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Turneringar

I 2024 har Stordlaga vore på ei rekke ulike turneringar i både inn- og utland. Det å reise på turnering er for mange av spelarane det aller største i handballsesongen, og det desiderte høgdepunktet for mange.

Juniorlaga våre fekk ein draum oppfylt då dei i juni reiste til Granollers Cup utanfor Barcelona. Eit jente- og eit gutelag fekk med seg over 30 familiemedlemmar på ei uke kor ein fekk kombinert turnering og ferieliv i sommarvarmen. Reisefølget på over 70 personar hadde ei fantastisk veke i den spanske sola.



Granollers Cup var en kjempesuksess for juniorlaga våre

Dei nest eldste laga satte kurset mot Trøndelag og Trondheim Cup i slutten av april. Her reiste J2008/09, J2010 og G2009/10 i et reisefølge på nesten 70 spelarar og leiarar – og eit titals supportarar i tillegg. For dei fleste vart dette første handballtur med fly som transport og når ein i tillegg fekk fantastiske Trondheim Spektrum som kamparena vart det ei veldig kjekk helg for både store og små i barnebyen.



Kjekke handballminner vart skapt i Trondheim Cup

J2008/09 tok og turen til Bergen i juni og spelte Regionsmesterskapet i Beachhandball. Dette er ei veldig kjekk variasjon på speleform som ungdommane synst er veldig gøy – og kan anbefalast til alle lag.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Turneringar forts.

J2011 valde Bø Sommarland Håndballcup som sin turnering for sesongen. Knappe 30 spelalar og leiarar reiste austover til ei kjekk helg med handball og bading i Sommarland. G2011 satte kursen sørover og spelte Dyreparken Håndballfestival i Kristiansand i august. Dette er ei svært populær turnering med mange lag og Dyreparken i Kristiansand som turnerings-attraksjon til stor glede for våre gutter og alle andre.



J2011 i Bø og G2011 i Kristiansand

I tillegg til desse turneringane har me lag som har delteke i Fana Sparebanken Cup, Haugesund Sparebanken Cup, Kongeparken Cup og Åkra Cup – i tillegg til vår eigen Rema 1000 Handballfestivalen.

Trenarutvikling

Klubben har dei siste åra satsa på å utvikle trenrarar frå ungdomsavdelinga. I 2024 vart fleire ungdommar ferdige med Trenar 1 utdanninga. Klubben starta i juni eit trenarløft som resulterte i at 27 trenrarar i klubben har i løpet av hausten teke modular på anten Trenar 1, Trenar 2 og Trenar 3. Klubben har saman med NHF Region Vest lagt til rette for både Trenar 1 og Trenar 2 utdanninga på Stord. I løpet vinteren 2025 vil klubben ha fleire nye ferdigutdanna trenrarar på desse nivå. Trenarane er ei fin blanding av ungdommar og vaksne som trenar barn, unge og vaksne i klubben.



Trenar 2-gjengen; Ingemar Olsson, Kristoffer Aadland Djuve, Bjarte Epland, Christine Steenstrup, Marianne Størkson, Lorenzo Ambrad, Gaute Epland og Mats Mikkelsen Sæther

I tillegg har Mikael Søgaard og Jørgen Lothe Dahl fortsett som målvaktstrenar i klubben. Dei gjer begge ein viktig jobb med å utvikle unge og meir etablerte målvakter i klubben.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Spelarutvikling

Me har og dette året hatt mange spelarar inne i ulike regionale spelarutviklingstiltak. Me har dessverre ikkje hatt spelarar i nasjonal landslagsaktivitet, men me gler oss over at me ser fleire tidlegare Stord-spelarar som har fått både samlingar og kampar med flagget på brystet.

Bylag

Hummel Bylagsturneringa vart spelt i Stavanger i april. Dette er ei turnering kor regionen stiller med to jentelag og to gutelag som møter ti lag frå dei andre regionane i landet.

To Stord-spelarar vart teken ut til å representere Region Vest i denne turneringa; Othilie Moen Hakestad og William Nygård Ormseth. Diverre vart William skada rett før turneringa, slik at det var berre Othilie frå Stord som spela på eit Region Vest-lag i Bylagsturneringa. Amund Bruun-Nygård var og heimeverande ubenyttta reserve til turneringa.



Bylag Region Vest 2024

Othilie spelte på «Bergen» som enda på ein fin. 4. plass. Det andre jentelaget «Florø» enda til slutt på ein 12. plass. Dei to gutelaga «Florø» og «Bergen» enda til slutt henholdsvis på ein fin 5. plass og 8. plass.

I tillegg til Bylagsturneringa, har me hatt spelarar på ulike samlingar og tiltak:

Bylagssamlingar (NM 2024 for 2008)

Jenter: Agnes Karlson Andreassen, Astrid Kyvik Skard og Othilie Moen Hakestad
Gutar: Amund Bruun-Nygård og William Nygård Ormseth

Regional Bylagsturnering (NM 2025 for 2009)

Jenter: Aina Bekkenes Gniste og Mille Mikkelsen Sæther
Gutar: Peder Lindeflatten, Sebastian Furuhovde og Sebastian Olsen

Regionale Landslagsmiljø (RLM) - jenter

LK06: Seline Molde Ottesen
LK08: Aina Bekkenes Gniste, Astrid Kyvik Skard, Mille Mikkelsen Sæther og Othilie Moen Hakestad

Regionale Landslagsmiljø (RLM) - gutter

LM04: Lukas Jonsson
LM06: Eirik Størkson Berg, Jørgen Lothe Dahl og Kristoffer Aadland Djuve
LM08: Amund Bruun-Nygård, Sebastian Furuhovde, Sebastian Olsen og William Nygård Ormseth

Kartleggingssamling (2009)

Jenter: Aina Bekkenes Gniste og Mille Mikkelsen Sæther
Gutar: Peder Lindeflatten, Sebastian Furuhovde og Lukas Reily Ambrad

Regional Landsdelssamling (LM06)

Jørgen Lothe Dahl og Morgan Hovland-Gay

I tillegg til desse har me hatt ei rekke jenter og gutter frå årskulla 2008, 2009, 2010 og 2012 som har vore på sonesamlingar gjennom året.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Dommarutvikling

Dommararbeid er alltid i fokus, og kvar haust gjennomfører me nye dommarkurs. I starten av september fekk me utdanna 5 nye Dommar 1-dommarar, som no dømmer i 12-14 års-klassen.

I slutten av september fekk me utdanna heile 23 nye dommarar i barnehandball. Fleire av dei er aktive i regionens utviklingsgruppe 3, og her er målet at dei skal ta Dommar 1-kurset i 2025.



Nye dommarar klare til innsats!

Me er også glade for at me framleis har med oss Preben Træen Andersen, Thor Gunnar Bakke og Bjørn Lindgård som dømmer aktivt på seniornivå i regionen, og nokre av dei dømmer også aktivt på nasjonalt nivå. Til sesongstart hausten 2024 fekk me med oss fleire nye vaksne dommarar. Alexander Heggø og Henrik Bye-Pedersen dømmer fast i nasjonal serie, 2. divisjon, 1. divisjon kvinner og Lerøyserien. Thomas Gjertsen er tilbake i dommardrakta og dømmer i regional serie i tillegg til at han er dommarutviklar. Me set stor pris på jobben han gjer som dommar, men ikkje minst jobben som dommarobservatør for våre unge dommarar.

Veteran-NM

Etter bronse i G33-klassen i 2022 og gull i 2023 stilte Stord Handball på ny med lag i veteran-NM i 2024. Denne gongen vart meisterskapet arrangert i Trondheim og laget hadde på ny nokre debutantar med seg. Etter eit litt rufsete gruppespel med mellom anna tap mot Viking, spela veteranane seg opp og kunne for andre år på rad reise heim frå NM med gull rundt halsen etter å ha slått Viking i finalen.



Bak f.v:

Kenneth Ingebrigtsen, Nils-Kristian Blom, Torbjørn Helland, Bjarte Epland, Stein Aaserud, Jonas Sjölin, Frode Bekkenes

Foran f.v:

Sigurd Sævareid, Christer Smolka, Tor Christian Sæbø, Thor Egil Vaage, Hans Kristian Kjellsen, Aleksander Skjelsvik, Nicholas Spratt



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Laga våre (2023/2024-sesongen)



Stord United



Damer 3. divisjon



Junior jenter



J2008/09



J2010



J2011



J2012



J2013

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Laga våre forts.



J2014 Vikahaugane



J2014 Nordbygdo



J2015 Vikahaugane



J2015 Nordbygdo



J2016 Vikahaugane



J2016 Nordbygdo



J2017 Vikahaugane



J2017 Nordbygdo



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Laga våre forts.



Herrer 3. divisjon



G2006/07/08



G2009/10



G2011



G2012



G2013



G2014



G2015

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Laga våre forts.



G2016 Vikahaugane



G2016 Nordbygdo



G2017

Vegen vidare

Medlemsmøtet me hadde i april stadfesta at me har mange engasjerte sjeler i klubben som bryr seg om Stord Handball og kor me skal gå vidare. Det vart gitt klare signal på at ein vil ta sportslege steg i åra framover, samstundes som at me framleis skal vera ein klubb for alle som skal vera ein god og trygg plass å vera for barn og unge med ulike ambisjons- og ferdigheitsnivå.

Med tilsette ressursar skal me vere betre rigga til å ta dei neste steiga sportsleg – men også administrativt og organisatorisk. Me er godt i gang med Klubbhuset 2.0 og skal få på plass denne sertifiseringa som en del av dette arbeidet. Det krevst stadig meir av klubben i den daglege drifta, og desse krava aukar berre i omfang og mengd etter kvart som me tar nye sportslege steg. Me ser at me må ha eit stadig sterkare fokus på rekruttering og å ivareta spelarane våre på best mogleg måte, slik at me kan ha slagkraftige årskull i overgangen til seniorhandballen både i ferdigheiter og tal. Dette er den einaste måten me kan oppnå våre mål om å ta steга mot toppen i norsk handball både på dame- og herresida.

Handballfestivalen er sjølve diamanten i all vår aktivitet, ikkje berre på grunn av økonomien den tilfører. Det handlar om synliggjering av verdiane våre, og den kulturen me har i handballgruppa. Det er **respekten** for våre gjester og alle rundt som blir vist i den fantastiske dugnadsånda, det er **wiljen** som kjem til uttrykk i engasjementet og arbeidsinnsatsen som alle bidrar med – og ikkje minst er det **samhaldet** som kjem til syne ved kjensla av fellesskap av å bidra til noko saman. Me må og skal verne om - og vidareutvikle festivalen – slik at den vert den største folkefesten på Stord og i åra som kjem.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Vegen vidare forts.

Me skal og bli meir synlege utad. Stord Handball har ikkje vore flinkast i klassen til å fortelle kva me driv på med, og me har nok vore for anonyme for dei som ikkje er ein del av handballfamilien. Me må jobba meir marknadsretta, ikkje minst for å visa ein stadig tøffare sponsormarknad at me er ein attraktiv samarbeidspartner. Dei stega me ønsker å ta kjem ikkje utan ein kostnad, og da er me avghengige av eit større bidrag frå våre samarbeidspartnerar.

Det er ikkje til å kome unna at me lever i det mange omtalar som «dyrtid», og klubben er medviten om sitt ansvar i så måte. Det er svært viktig for oss at alle som har lyst til å spele handball får moglegheita til det, uavhengig av den økonomiske situasjonen til den enkelte. Me jobbar kontinuerleg med å informere og opplyse alle våre lagleiarar og medlemmar om at me har ulike støtteordningar og andre mekanismar som skal sikre at økonomi ikkje skal vere ein årsak til at barn og unge ikkje spelar handball. Det er eit vanskeleg område, og det er potensielt store moglegheiter for mørketal på grunn av skam, noko som gjer dette arbeidet veldig viktig framover for oss som klubb.

Me skal vere ein klubb for alle – på alle moglege måtar - med

VILJE – SAMHALD – RESPEKT ❤️❤️

Styret i Stord Handball, Stord 05.03.2025



Aksel Sæther



Ellen Salomonsen



Franny M. Bøthner



Gunnhild Lothe



Stein Aaserud



Tonje Aa. Haga

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



ÅRSMELDING 2024

FRIIDRETTSGRUPPA SIL

STYRET

Styret i friidrettsgruppa for 2024 har vore

Styreleiar	Runar Øvrebø
Sportsleg leiar og sektor økonomi	Nils Hetlefåt
Sektor anlegg og utstyr	Geir Aasheim
Styremedlem	Mats Tonning
Styremedlem	Harald Kårbo
Styremedlem	Irene Simonsen
Styremedlem	Maj R. Engevik
Styremedlem	Tom Erling Kårbo
Ungdomsrepresentantar	Ask Eldøy Rosland
Dagleg leiar	Joar Hystad

Det har i 2024 vore halde 8 styremøter.

Geir Aasheim gav seg i styret desember 2024.

MEDLEMMENE

Friidrettsgruppa hadde pr. 31.12.2024 totalt: 118 medlemmer (2023=87) fordelt på:

	<u><12 år</u>	<u>13-16 år</u>	<u>> 17 år</u>	<u>SUM</u>
Kvinner	13	5	10	28
Menn	42	4	44	90
SUM	55	9	54	119

Medlemstalet for friidrettsgruppa har auka i 2024 og er på 118 medlemmer, medan det i 2023 var 87 medlemmar. Da er spesielt i gruppa under 12 år me har fått ein kraftig auke medan det er ein liten auke i begge gruppene 13-16 år og over 17 år. Oppgåva vår no må å få fleire til å starte med friidrett i ungdomsgruppa. Det viser at dei tiltaka me gjorde i 2024 med Parkløpet og barneløpa på våre store mosjonsarrangement har bore frukter. I 2024 vert desse barneløpa gratis og saman med ei betre marknadsføring i 2024 fekk me denne auka. Me må fortsetja det arbeidet slik at det vert enda fleire som ønsker seg til friidretten. Me har fleire sjansar til å nå nye potensielle barn og ungdomar gjennom arrangementa våre (slik som Parkløpet, Tinestafetten og barneløpa på dei store mosjonsarrangementa våre).

Friidrettsgruppa har registrert 11 krinsdommarar, 8 krinsdommaraspiranter, 2 hoppaspiranter, 1 kretsstartaraspirant og 3 forbundsdommarar (FD) p.r. 31.12.2024. Friidrettsgruppa slit med å få tak i kvalifiserte trenrar innanfor nokre øvingsgrupper, slik at me klarar ikkje å ha eit optimalt tilbod i alle øvingsgruppene. For at friidrettsgruppa skal få ytterlegare framgang og tilby utøvarane våre gode treningsbetingelsar, må det satsast på utdanning av nye trenrar og vidareutdanning av dei eksisterande.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

SEKTOR ØKONOMI

Året 2024 har gitt eit resultat på vel minus 174000,- kroner, før revisjon. Vårt største arrangement er Sunnhordland maraton som gjer at omsetjinga i klubben er stor, men Flyplassmila og Stordleikane er også arrangement som gir gode bidrag. Me har også mange sponsorar som bidrar godt økonomisk. Dei største utgiftspostane i forhold til budsjettet for 2024 var: Bislett turen, kjøp av nye klubbdraktar, samt utgiftene til dei ulike store arrangementa har auka. Driftsutgiftene for 2024 har vore på 1351714,-

Sjå vedlagt rekneskap og budsjett. Vert sendt ut i etterkant då det ikkje er ferdig revidert enda.

SEKTOR ARRANGEMENT

I 2024 har friidrettsgruppa gjennomført følgjande større arrangement:

	<u>DATO</u>
Hallstemne	28.01.2024
Industriløpet	16.03.2024
Parkløpet	06.04.2024
Sunnhordland løpsfest	04.05.2024
Tinestafetten	07.05.2024
Stordleikane	10.-11.08.2024
Stordløpet	01.09.2024
Flyplassmila	21.09.2024
Romjulsstemne	29.12.2024

I tillegg har me arrangert fleire hoppstemner innandørs og seriestemner utandørs.



Bilete 1 Frå starten av barneløpet i Sunnhordland løpsfestival. Foto: Thomas André Hjelmen

Sunnhordland løpsfestival var hovudarrangementet vårt i sesongen 2024. I 2024 var det i overkant av 550 deltakarar på dei 3 distansane 5km, 10km og halvmaraton, noko som var tilnærma likt med året 2023, i tillegg så har me barneløpet med over 400 barn. Suksessen med Puls-klassen haldt også fram og det var ein aukande deltaking i denne klassen også. Totalt nær 1000 deltakarar, noko som gjorde arrangementet til ein stor suksess.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



Stordleikane gjekk i år óg over 2 dagar, og deltokartalet viste framleis ein gong nedadgåande kurve i høve til dei førre åra. Arrangementet som gjekk tidleg i august vart ein sportsleg suksess.



Bilete 2 Passering underveis på Industriløpet. I bakgrunnen Johan Castberg. Foto: Thomas André Hjelmen

Industriløpet var no tilbake på området til Aker Solutions, som vart starta i 2022, med start og mål ved vaktbua på parkeringsplassen like utanfor verftsområdet. Løypa vart kontroll målt av ein godkjent B-kontrollør og løpet var dermed WA godkjent og distansane på 5 og 10 km godkjendt til den offisielle statistikken til det internasjonale friidrettsforbundet i tillegg så hadde me eit eige barneløp. Det vart ein stor suksess i år óg og arrangementet som var flytt til medio mars fekk ei fin ramme kring seg. Dei ansvarlege for dette løpet: John T. Almås, Joar Hystad og Sindre Vikanes la ned ein stor innsats for å dette løpet gjennomført.



Flyplassmila vart arrangert laurdag 21.september og vêret denne gongen var tilnærma vindstille men med lågt skydekke/tåke og fin løpstemperatur. Det var rundt 230 fullførande deltakarar som sprang enten 5 eller 10 km, noko som var ein fin auka på nær 40 løparar i forhold til 2023, i tillegg så hadde me innlagt barneløp med nær 75 løparar.

Bilete 3 Ola Odland og Pernilla E. Epland i aksjon under Flyplassmila. Foro: Joar Hystad

Stordløpet gjekk av stabelen for 47.gong i år, og er eit tradisjonelt skogsløp. På dette arrangementet ser me at folk melder seg på heilt opp mot løpsdato og dermed er det ei uvisse i kor mange som vil stilla opp her. I år hadde me lagt inn ein friidrettens dag for barn og her var deltakinga stor i eit heller surt vær.

SEKTOR IDRETT

Friidrettsgruppa har i mange år hatt ein samarbeidsavtale med Fitjar IL og Bremnes IL om at utøvarar mellom 15 og 19 år frå desse klubbane representerer Stord IL i junior og senior konkurransar. Dette har gitt at klubben har mange gode prestasjoner å sjå tilbake på i 2024 og her er dei beste resultata som utøvarar har oppnådd i løpet av 2024:

• NM senior Sandnes 28.6:	Tom Erling Kårboe	3000m hinder nr. 3	8,38,10
• Jr-NM Bodø 2.-4.8:	Johannes Sandvik Bø	800m nr.1	1,52,77
	Erlend H. Kringeland	800m nr.2	1,55,99
• EM Roma	Tom Erling Kårboe	3000m hinder nr 12- h1	8,39,99
• Junior-VM Lima Peru	Johannes Sandvik Bø	3000m hinder nr. 13-h1	9,20,74
• Nordisk junior	Johannes Sandvik Bø	1500m nr.1	3,54,38
	Johannes Sandvik Bø	3000m hinder nr.1	9,16,49

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



Senior/Junior

I EM i Roma, Italia 7.-12.6 2024 representerte Tom Erling Kårbo Noreg og han oppnådde følgjande resultat:

Tom Erling Kårbo (35)	3000m hinder	nr. 12-h1	8,39,99
-----------------------	--------------	-----------	---------

I senior-NM på Sandnes stadion 27.-29.6 2026 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plasseringar:

Tom Erling Kårbo (35)	3000m hinder	nr 3	8,38,10
Johannes Sandvik Bø (18)	3000m hinder	nr 7	9,02,43
Steffen Tjensvoll Hollund (18)	100m	heat 4-5	11,08
	200m	heat 5-6	22,54 (4,2)
Erlend Hatlem Kringeland (22)	5000m	nr. 38	15,41,67

På junior-NM i Bodø 2.-4.8 2024 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

MU-22	Erlend Hatlem Kringeland (21)	800m	nr. 2	1,55,99
		1500m	nr. 5	3,50,99
MJ-19	Johannes Sandvik Bø (18)	800m	nr. 2-h3	1,55,90
		800m	nr. 1	1,52,77
		1500m	nr. 2-h2	3,58,87
		1500m	nr. 8	3,56,04
	Steffen Tjensvoll Hollund (18)	100m	nr. 2-h1	11,22
		100m	nr. 5-sf3	11,29
		200m	nr. 4- h2	22,88
		200m	nr. 7-sf3	22,82 (+2,3)
KJ-19	Mathilde Alfarnes Amundsen (18)	Spyd	nr. 5	38,05m
	Adina Rydland (16)	1500m	nr.7 -h1	4,53,48
		3000m	nr. 9	10,23,28

I junior nordisk landskamp U20 i Tårnby, Danmark 10.-11.8 2024 representerte Johannes Sandvik Bø Noreg og han oppnådde følgjande resultat:

Johannes Sandvik Bø (18)	800m	nr. 1	3,54,38
	3000m hinder	nr. 1	9,16,49

I junior VM i Lima, Peru 27.-31.8 2024 representerte Johannes Sandvik Bø Noreg og han oppnådde følgjande resultat:

Johannes Sandvik Bø (18)	3000m hinder	nr. 13-h1	9,20,74
--------------------------	--------------	-----------	---------

I den landsdekkjande serien for kvinner vart Stord nr. 44 i 3.divisjon med poengsummen 9686(20 res) (2023= 9076 poeng 58.plass (20 res)).

I den landsdekkjande serien for menn vart Stord nummer 6 i 2.divisjon, med poengsummen 17589(25 res) (2023 = 17628 poeng 7.plass i 2.divisjon)



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

Veteraner:

På veteran NM innandørs på Stange 27.-28.1 2024 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plasseringar:

Oddvar Hårde (69) (55-59)	Lengde	Nr.1	4,88m
	Høgde	Nr.1	1,45m
	Stav	Nr.1	3,41m
	Kula	Nr.1	11,31m
	Tresteg	Nr.2	8,66m
Per Gregersen (70) (50-54)	Lengde	Nr.1	4,18m
	Stav	Nr.1	2,80m
	60m hekk	Nr.1	10,77
	Hut	Nr.1	1,30m
	Høgde	Nr.2	1,45m
Bodil Hjellvik Askeland (63) (60-64)	200m	Nr.2	35,70
	800m	Nr.1	3,07,83
	3000m	Nr.1	6,34,72

På veteran NM mangekamp innandørs 25.2.2024 i Sandnes oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:

Per Gregersen (70) (50-54)	5-kamp	Nr.1	2394 poeng
			(10,74-4,25-8,84-1,46-4,04,73)

På veteran Europa meisterkapet innandørs i Torun, Polen 20.-24.3 2024 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Bodil Hjellvik Askeland (63) (60-64)	200m	Nr. 14	34,44
	800m	Nr. 8	2,59,17

I veteran NM mangekamp (10-kamp) på Fana stadion 25.-26.5 2024 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:

Oddvar Hårde (69) (55-59)	Nr. 1	5305 poeng
		(13,79-4,62-10,72-1,41-66,95-18,47-34,85-3,00-32,81-DNF)

Veteran NM på Stjørdal 21.-23.6 2024 oppnådde Stord IL sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Halvard Leirvik (72) (50-54)	Lengde	Nr.2	4,38m
Per Gregersen (70) (50-54)	Lengde	Nr.1	4,46m
	Stav	Nr.2	2,60m
	Høgde	Nr.1	1,40m
	Diskos	Nr.6	29,22m
	Spyd	Nr.3	30,90m
	Vektkast	Nr.3	10,72m
Oddvar Hårde (69)(55-59)	Lengde	Nr.2	4,77m
	Slegga	Nr.1	37,20m
	Diskos	Nr.1	35,82m
	Høgde	Nr.2	1,45m

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



Kula	Nr.2	10,77m
Spyd	Nr.2	36,03m
Vektkast	Nr.1	13,06m

I veteran Verdsmeisterskapet i Göteborg 13.-21.8 2024 var Stord representert med 2 utøvarar og dei oppnådde følgjande resultat:

Oddvar Hårde (69) (55-59)	10-kamp	Nr. 11	5594 poeng
	(14,00-4,67-10,70-1,45-66,47-19,55-33,90-2,70-35,11-6,20,07)		
Bodil Hjellvik Askeland (63) (60-64)	5000m	Nr. 14	22,17,99

I landsserien vart herrelaget nr. 8 i 1.divisjon med 11840 poeng på 19 resultat (2023 = 9542 poeng (18 res)). Kvinnelaget vart nr 3 i 4.divisjon med poengsummen 5197 poeng med 9 resultat og rykker opp til 3.divisjon frå 2025 sesongen (2023: 722 poeng (2 res)).

Jenter/Gutar

I Ungdoms-NM innandørs i Sandnes 8.-10.3 2024 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Andreas H. Kringeland (16)	60m	heat 3-7	7,88
	60m	SF 1 - 8	7,89
	Høgde	Nr. 14	5,00m
	Lengde	Nr. 8	1,61m
Ask Eldøy Rosland (15)	60m hekk (84)	heat 1-5	10,10
	Høgde	Nr. 10	1,51m
	Lengde	Nr. 9	5,01m
Hedda Simonsen Ottesen (15)	60m	heat 1-7	9,18
	60m hekk (76)	heat 1 - 8	11,43
	Lengde	Nr. 22	3,45m
Lisa Ulrich Emmerhoff (15)	60m	heat 4- 7	8,94
	60m hekk (76)	heat 1-7	10,83
	Lengde	Nr. 19	4,13m
	800m	Nr. 13	2,45,13

I Ungdoms-NM på Bislett stadion 30.8-1.9.2024 oppnådde Stord sin utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Andreas Hatlem Kringeland (16)	100m	heat 4-6	12,24
	200m	heat 5-5	24,75
	200m	SF1-7	24,79
	300m hekk	Nr.6	43,03

Kretsserien:

Guttelaget endte på 2.plass i 1.divisjon med poengsummen 36451 poeng på 48 resultat og rykker opp til elitedivisjonen i 2025,(2023: 32267 poeng (46 resultat). Jentelaget endte på 4.plass i 1.divisjon med poengsummen 25509 poeng (37 resultat) (2023: 31281 poeng (45 resultat).



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

Trenarar:

Gutar/jenter < 11 år
Gutar/jenter (12-15 år)
Gutar/jenter (> 16 år)

Elisabeth Sæle, Margareth Urheim, Nils Hetlefåt.
Irene Simonsen, Elisabeth Sæle, Nils Hetlefåt
Åge Bjelland, Nils Hetlefåt

Utmerkingar

“Beste gut”
«Mest allsidige gut»
“Beste jente”

Andreas Hatlem Kringeland
Andreas Hatlem Kringeland
Mathilde Alfarnes Amundsen

Lagsrekord:

Det vart ikkje sett nokre lagsrekordar denne sesongen.

TUR TIL BISLETT



Torsdag 30. mai reiste Stord friidrett til Oslo for å oververe Bislett Games. Me hadde førehandsbestilt eit heilt DAT-fly til turen over fjellet på formiddagen og til returnen til Sør-Stokken seint torsdag kveld. Med på flyet var heile styret i gruppa og ei rekke sponsorar og vener av friidretten. Totalt var me om lag 40 personar som landa i Oslo, der ein privat buss tok oss inn til gastropuben Hem for middag og nokre timar med opplading. Friidrettslegenda Kåre Osnes heldt eit kort föredrag på Hem før me rusla dei to hundre metrane ned til ærverdige Bislett stadion for å sjå Karoline Bjerkeli Grøvdal, Jakob Ingebrigtsen, Karstein Warholm og mange fleire store friidrettsstjerner i aksjon. Presis klokka 22:15 gjekk bussen tilbake til Gardermoen, der flyet tok oss heim til Vestlandet rundt midnatt. Me kjem definitivt til å gjere noko liknande igjen, men som følge av eit relativt tungt kostnadsbilete, blir det ikkje kvart år.

Bilete 4 På Bislett Games. Foto: Joar Hystad



Samandrag

Stord Friidrett heldt det dei lova for 2024. Alle barn fekk løpa gratis i våre mosjonsløp. Det blei ein stor sportsleg suksess då over 1000 barn var med på våre arrangement. Oppmøtet var størst under Sunnhordland Løpsfest. Fysisk aktive barn er viktige for framtida. Kan vi bytte ut skjermtid og stillesitting med fysisk aktivitet, vil dette slå positivt ut for kommande generasjonar. Vi håpar og at dette kan vere ein arena for å få fleire til å delta og bli med på friidrett.

Før kommunevalet var det mange lokalpolitikarar som heia på frivilligheita gjennom lag og foreiningar. Vår gavetil lokalsamfunnet i Stord er verdt over 100.000 kroner gjennom tapte inntekter og utgifter til medaljar til våre arrangement.

Frå den politiske leiinga i kommunen har vi sett og høyrt lite. Med ba blant anna om støtte til vedlikehald og opprusting av Stord Stadion.

Anlegget som blir nytta mest i kommunen til både trening og ulike arrangement. Vi er ikkje redd for å ta i eit tak og jobbe dugnad, men alt kan ikkje bli lagt over til Stord IL-friidrett. Vi treng anlegg som er både trygge og som støttar dagens krav for å bli godkjende til stemner. Vi krev handling og ikkje fine ord i festtalar. Vedlikehald av «gamle anlegg» er og berekraftig. Vi har stått i køen og venta lenge. No er det vår tur til å få «ei gavetil».

Stord Friidrett sett trivsel og eit trygt sosialt miljø høgt oppe på lista for både for unge og eldre. Årsavslutningane på Arena med over 50 medlemmar frå ungdomsavdelinga blir alltid livlege, og ein god start på nytt år. Kvelden blir alltid avslutta med styremedlemmar og andre «slitarar» som alltid stiller opp, og som får våre arrangement trygt i hamn.

Etter litt prøving og feiling har vi funne fram til oppskrifta for arrangement som skaper folkefest i sentrum og på flyplassen. Sunnhordland Løpsfest og Flyplassmila har eit stort potensiale som vi ynskjer å byggja på vidare. Men vi skal ikkje gløyme Parkløpet, Stord Løpet og ikkje minst dei tradisjonsfulle Stordleikene like før skulestart. Framtid og tradisjon skal stå saman i vår satsing. Gøy er det og med Industriløpet som i 2024 hadde Johan Castberg i bakgrunnen. Meir ekstrem ramme skal du leite lenge etter. Stor takk til Sindre, John og Joar som fekk Aker Solutions til å opne opp portane til dette arrangementet. Det ligg mykje hardt arbeid bak dette. Den energiske trioen står og bak julenisseløpet på julaftan. Dette løpet er i stadig stigande popularitet.

Trenarane våre Irene og Elisabeth laga og julestemning for opp mot 100 born som sprang rundt Anderdammen midt i adventstida. Her var det både bål og grilling av pølser. Julenissen stakk og innom og fekk møte mange blide born som gleda seg til jul.

Turen til Bislett Games med fullt fly frå Stord Lufthamn blei og ein knallsuksess og ei oppleveling for livet. (Les om dette i eiga sak) Tett på verdens stjerner som Jakob Ingebrigtsen og Karsten Warholm. Fullt fly frå Stord Lufthamn og ein minnerik kveld i Oslo. Takk til Joar Hystad, vår energiske daglege leiar som gjorde dette mogeleg. Styre og gode samarbeidspartnarar fekk full valuta for turen. Å skape slike fellesopplevelingar og gje noko tilbake etter mange timars støtte eller innsats for gruppa vår er viktig.

2024 blei eit år der vår trufaste slitar Tom Erling Kårbo tok farvel med den internasjonale arena.

Han har vore ein flott ambassadør for både Stord Friidrett og Norge.

På 3000 meter hinder har Kårbo representert Norge i: EM 2014 i Zurich, EM 2016 i Amsterdam, EM i Berlin 2018, VM i Doha 2019, VM i Eugene 2022 og EM i Roma 2024. Ei lang og imponerande meritliste.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

36-åringen er og kongen av 3000 meter hinder i Norge. Åtte NM titlar ofte på taktisk og god løyping. Her er lista med NM-gull: 2012, 2013, 2014, 2016, 2018, 2021, 2022 og 2023.

Tom Erling avslutta med bronse i 2024 under NM i Sandnes. Vi stiller oss i køen og hyller Tom Erling sine prestasjoner gjennom ei lang og innhaldsrik karriere.

I åra som kjem vil han prøve nye utfordringar gjennom lengre løp både i gate og terreng i inn og utland. Uansett kva som skjer nyt vi godt av hans kompetanse i vårt styre i Stord Friidrett.

Pernilla Epland, Harald Kårboe, Martin Schei og Lars Lunde har denne sesongen ikkje fått visst sitt beste på grunn av skader. Vi håpar å få sjå meir av dei i 2025.

Stord har og mange flotte utøvarar som representerte Stord på junior nivå. Johannes Sandvik Bø løp inn til 8.59,51 under Verdensungdomsspelen i Göteborg. Det gav velfortent VM-tur til Lima i Peru (27.-31.august). 18-åringen gjorde eit tappert forsøk i å nå finalen på 3000 meter hinder , men i følgje han sjølv «bomma» han på forma.

Nokre veker før løp Johannes inn til Junior NM-gull på 800 meter i Bodø.

Stord fekk og med seg ein sølvmedalje då Erlend Hatlem Kringeland (21) løp inn til 1.55,99 på 800 meter.

Mathilde Alfarnes Amundsen er og stadig blant dei beste spydkastarane i landet i si klasse. I Bodø blei det ein flott 5. plass. Lynraske Steffen Tjensvoll Hollund sette ny personleg rekord på 200 meter med 22.82. Han er ein spennande nykommar frå Bømlo som no skal representera Stord Friidrett.

Stord Friidrett må i åra framover jobbe godt med ungdomsgruppa i å ta steget opp på juniornivå. Her blir det viktig å satse på trenarsida. Åge Bjelland og Nils Hetleflåt er stadig viktige bærebjelkar. Irene Simonsen og Elisabeth Sæle er viktige inspiratorar blant den stadig aukande yngstegruppa vår. Her treng vi både fleire hender og foreldre som stiller opp rundt treningane.

Våre sponsorar er framleis trufaste og stiller opp slik at vi stadig kan utvikle oss, og skape gode arrangement i lokalsamfunnet.

Til slutt vil eg takka styre og andre gode idrettsvenner som stiller opp for å gjere våre arrangement best mogeleg. Takk og til trenarane våre som gjer kvardagen til ein fest på trening gjennom mørke haustkveldar og når våren og sommaren setter inn for fullt. Me ser fram til eit spennande friidretts år med mottoet. Friidrett for alle gjennom heile livet ALLE SKAL MED!

Runar Øvrebø
Styreliar Stord IL-Friidrett



ÅRSMELDING 2024

STORD IDRETTSLAG – TURNGRUPPA

STYRET 2024

Leiar:

Nestleiar: Anja Mikkelson

Kasserar: Kjartan Grov

Medlem: Andreas Aas

Gina Gilje

Malene Aasheim

Arnhild Myklebust

Linda Lundås Skjelbred

Ungdomsrepr: Hedda Myklebust

Vara:



STORD IL turngruppa

Idrettsglede heile livet



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

INNLEIING

Turngruppa har lagt bak seg eit år med ein god miks av normal breiddeaktivitet og vidare oppbygging av nye konkurranseparti i troppsgymnastikk. Me ser med glede at stadig fleire foreldre deltek som medtrenarar i gruppene og at dei ønskjer å tileigna seg kompetanse for å vera med som trenar. Det gjer at styret ser framover med stor optimisme om ei bærekraftig framtid.

Dei siste åra har diverre ført med seg stort fråfall i nokre aldersgrupper og i konkurransegruppene våre, troppsgymnastikk og apparatturn. Turngruppa har ikkje hatt trenarressursar til å opprette ny gruppe for gutter, men lukkast i å kunne realisere eit tilbod i apparatturn for jenter i slutten på 2023. Grunna endring blant trenarressursane våre, vart apparatgruppa omgjort til parti for troppsgymnastikk. Eksisterande medlemmer fra breiddeparti fekk anledning til å melde si interesse for tropp, og me har mot slutten av 2024 over 40 aktive troppsgymnastar.

Stord IL har ikkje hatt arrangement i 2024.

Stord IL turngruppa hadde i slutten av 2024 i underkant av 400 aktive medlemmer i alle aldrar. Det er ein liten nedgang frå året før. Nokre parti har og hatt noko redusert kapasitet, for å sikre kvalitet og ro i gruppene. Turnaktiviteten finn ein i både i gymsalar på barneskulan og på Vikahaugane sportssenter. Turnhallen og utstyret vårt ber preg av mykje bruk, og me opplever at areal og godt brukt utstyr er ei utfordring som vil auke dersom turngruppa skal halde fram med aktivitet og vekst. Det blir eit stort fokusområde dei komande åra.

Turngruppa har stadig flest medlemmer blant jentene, og me opplever jamt over at mange gutter og jenter i ungdomsalderen sluttar på turn i breiddepartia våre.

Idrettslaget sitt slagord «Idrettsglede heile livet» er framleis godt beskrivande for turngruppa sin aktivitet. Dei minste medlemmene våre er to år, medan dei eldste passerar 90. Aktiviteten turngruppa legg opp til, har ein unik mogleik for individuell tilpassing og alle vil ha sjansen til å finna sin plass.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



MEDLEMSOVERSIKT/STATUS

Stord turn har ved utgangen av 2024 375 registrerte medlemmer. Me har i tillegg om lag **250** personar på venteliste til dei ulike barneparti. Dette er svært populære grupper, og kapasitet på halltid og trenarar, gjer at me ikkje klarer å gi tilbod om turntrening til alle som ønskjer det.

Medlemsoversikt Stord IL turngruppa						
Kjønn og alder	2024	2023	2022	2021	2020	2019
Jenter 0 - 5	54	62	43	47	47	54
Jenter 6-12	134	135	169	143	131	133
Jenter 13-19	15	22	32	23	33	31
Jenter 20-25	1	0	0	0	0	1
Jenter 26+	50	46	65	53	56	61
Gutar 0 - 5	25	51	39	45	42	42
Gutar 6-12	44	34	72	68	61	54
Gutar 13-19	3	4	3	13	9	7
Gutar 20-25	0	0	0	0	0	1
Gutar 26+	49	51	46	47	47	57
Total	375	405	469	439	426	441

* Total tal medlemmer er utan trenarar, som også er registrerte medlemmer

Turngruppa nyttar medlemssystemet til NIF, KlubbAdmin. Turngruppa registrerer at det er nedgang i det samla medlemstalet til gruppa, og at nedgangen er merkbar blant gutane og eit fråfall når gymnastane passerer 12 år.

For å sikre god kvalitet i treningane i 2024, har me vald å halde på nedjusteringa på nokre grupper.

TRENARSITUASJON

Ved oppstart hausten 2024 hadde me dekka grupper med hovudtrenarar, samt me sette i gong eitt arbeid med å få foreldrerepresentantar/ foreldretrenarar på gruppene. Me starta året med foreldremøte på alle parti og det blei oppretta Spond-grupper for å sikre god kommunikasjon mellom foreldre og trenarar. Det er og oppretta eiga Spond-gruppe for trenarane, for kommunikasjon trenarane mellom.

Trenarane våre er i stor grad rekruttert frå eigne rekker, og dei fleste er tidlegare og aktive troppsgymnastar som tar på seg instruktør-roller. Dette er ei viktig ordning, og me forsøker i stor grad å behalda kompetansen i Turngruppa.

Det blei gjennomført ei kurshelg i Etne i februar 2024.

Turngruppa er takksam for alle instruktørane våre, og takkar for eit flott år, med mange positive attendemeldingar frå gymnastane våre og foreldre. Det er kjekt å sjå stor aktivitet i turnhallen og gymsalane når treningane pågår.

Med godt samarbeid med føresette som delaktige i treningane, har me i 2024 opprettholdt alle tilbod på ein god måte. Alle trenarane våre vert honorert for innsatsen gjennom eit lønssystem som tryggar rammene både for klubb og instruktør.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

På «Foreldre og barn»-gruppene våre, har me framleis eit system der foreldra deltek i treningane. Me er takksame for at dei er med i treningane, og håpar det bidreg til samarbeid og samspele mellom born og vaksen. Gruppene er viktige for rekrutteringa til turngruppa sine barnegrupper. Troppsgymnastane våre er delt inn i høve alder. Me har fire parti i troppsgymnastikk. Det er i 2024 ingen gutar som deltek i konkurransegruppene våre.

Dei tre mosjonspartia for vaksne har i 2024 vore styrt med stødig hand av erfarne instruktørar. Turngruppa er kjend med at trimmen vil trenge hjelp av nye trenarkrefter i åra som kjem, og vil frametter sjå etter moglege løysingar for å halda tilbodet ved like.

Styret ynskjer å takka alle instruktørar for ein fantastisk innsats på alle nivå i laget.

AKTIVITETAR/ ARRANGEMENT/ DUGNADAR/ MØTER:

Turngruppa har ikkje arrangert konkurransa eller, stemner på Stord i 2024.

I 2024 var det opning for å fere på kurshelg til Etne, der dei arrangerte treningshelg, og dette var opent for både bredde og tropp/ apparatsgruppene.

I 2024 arrangerte Stord Idrettslag 17.mai for Leirvik. Turngruppa tok leiar ansvar og me tok oss av alt det praktiske og organiserte dagen på ein god måte. Me fekk positive tilbakemeldingar på at arrangement var bra organisert.

Frittståande golvet vart fjerna i samband med Handballfestivalen og me fekk gjort ein grundig jobb med reingjering og rydding i hallen.

Sumaren 2024 blei det gjennomført summaravsluting i Sponavikjo for alle parti, trenarar og foreldre.

Hausten 2024 blei det arrangert førstehjelpskurs med fokus på skadar som kan oppstå i turnhallen, der alle trenarane/ foreldrerepresentantane blei invitert.

Turngruppa arrangerte si årlege juleoppvisning i desember 2024 og fylte nyehallen på Vikahaugane til randen med gymnastar og publikum. Me hadde kiosksal på juleoppvisninga, og dette var stor suksess økonomisk.

Turngruppa har delteke på dugnad i forbindelse med Handballfestivalen, og gjer sitt bidrag med ned- og opprigging av alt utstyret vårt i turnhallen. På den måten kan Handballfestivalen nytta arealet i turnhallen til arrangementet sitt. Turngruppa vert honorert med 40 000 kroner for dugnaden. Me deltek og i hovudlaget sin årlege dugnad på Vikahaugen idrettspark.

HEIDERSTEIKN

Det er ikkje delt ut heidersteikn i 2024 til nokre av turngruppa sine medlemmer.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



TRENAROVERSIKT OG TRENINGSTILBOD 2024/2025 *

Parti	Instruktørar	Stad
Foreldre og barn 3-4 år	Malene Aasheim	Leirvik
Foreldre og barn 3-4 år	Lena Femsteinsvik Stakseng	Langeland skule
Foreldre og barn 3-4 år	June Charlotte Åkra	Hystad skule
Foreldre og barn 5 åringar	Anette A. Thoresen, Marte Grov Lunde	Hystad skule
Foreldre og barn 5 åringar	Caroline Wolff	Langeland skule
Foreldre og barn 5 åringar	Thomas Gjertsen	Leirvik skule
Turn jenter 3. klasse	Jon Eirik Kvalnes, Marielle Flatås Kvalnes, Elena Valvatne/ Ida Synnøve Flatås Kvalnes og Hannah Valvatne	Turnhallen
Turn jenter 1. klasse og 2. klasse	Marielle Flatås Kvalnes og Elena Valvatne / Daniel Grimsbø og Sander Hjertenes	Turnhallen
Turn jenter 4. klasse	Marielle Flatås Kvalnes og Elena Valvatne/ Jon Eirik Kvalnes, Ida Synnøve Flatås Kvalnes og Hannah Valvatne	Turnhallen
Turn gutter 1.-2. klasse	Ida Synnøve Flatås Kvalnes og Hannah Valvatne	Turnhallen
Turn gutter 3.-4. klasse	Ida Synnøve Flatås Kvalnes og Hannah Valvatne	Turnhallen
Trampett/tumbling gutter/jenter 5.-10.klasse	Ida Synnøve Flatås Kvalnes, Hannah Valvatne	Turnhallen
Vaksenparti		
Stemnedamene	Anne Kristin Eldøy, Bjørg Bj. Grov, Lindy Furunes og Bodhild Sætrevik	Turnhallen
Herrer mosjon	Kristian Lunde og Lars Mugaas	Vikahaugane og Hystad skule
Aerobic/step/zumba	Aslaug Grov Almås m.fl.	Vikahaugane
Konkurranseparti		
Troppsturn aspirant 6-9 år	Mari Aas m fl.	Turnhallen
Troppsturn rekrutt 9-12 år	Mari Aas, Marielle Flatås Kvalnes, Elena Valvatne	Turnhallen



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

Troppsturn junior 13 år +	Arnhild Myklebust, Marielle Flatås Kvalnes, Elena Valvatne, Hedda Haslum Myklebust	Turnhallen
Allidrett		
Stord IL Allidrett	Ingen tilbod i 2024/2025	Hystad skule

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



Foreldre og barn, Leirvik, Hystad og Langeland

Foreldre/barn tilbodet til turngruppa er eit svært populært tilbod. Tilbodet avhenger mykje av kva foreldre som tar på seg trenarrolle, og kor mange barn som vert påmeldt. I 2024 har me hatt tre 3-4-årsgrupper og tre 5-årsgrupper. Dei har hatt treningane sine på Hystad, Leirvik og Langeland skule.

På treningane er det fokus på turnleik og grunnleggjande motoriske evner. Alle ungane deltek saman med foreldra sine, og dette skapar også ein samarbeidsarena og eit samspel som er positivt på fleire områder. Enkle øvingar som framleangs rulle, balanseøvingar og hopp på springbrett er på planen. Samstundes nyttar me mykje tid på å gjera ungane trygge i uvante posisjonar, ved til dømes å stå på hovudet, ta baklengs rulle med meir. Her får dei sjansen til å utvikla seg ut frå eige ønskjer og nivå.

Foreldre/barn-gruppene har ei trening i veka.

(Langeland skule 5-årsgruppa)



Allidrett

Hausten 2022 oppretta turngruppa eit nytt tilbod med allidrett. Stord IL Allidrett var eit initiativ som kom frå ein av våre trenrarar på foreldre/barn-gruppa på Langeland skule, og vart motteke med opne armar i hovudlaget. Me valde å ha tilbodet på Hystad skule i 2022 fordi det er god tilgang på utstyr der, og lettare å tilrettelegga for ulik aktivitet.

Turar i nærområdet, finne postar, leik med ball, skeiser, ski og fjelltur. Borna får med det eit tilbod om eit brent utval av aktivitetar og kanskje moglegheita for å utfordre seg sjølv.

Allidrett skal vere kjekt og kjenne glede ved å bruke kroppen motorisk på ein positiv måte. Allidrett er eit flott supplement i turngruppa, og me ser fram til tida framover med mål om å fortsatt kunne opprette tilbod for 5-åringar. I Allidrett føl dei ein aktivitetsplan slik at borna får prøvd ut fleire ulike aktivitetar, og kan bli betre kjend med idrettane i Stord IL. Allidrett skal vere sosialt og alle er velkommen til å delta.

Derimot blei tilbodet midlertidig ikkje vidareført på hausten 2024, for det var ikkje vaksne som tok det på seg.

Jenter turn 1.-4. klasse

Våre store grupper er blant jentene. Gruppene mellom 1. og 4. klasse er delt mellom jenter og gutter. Gruppene tel 25 gymnastar på det meste, og det er ventelister på alle jentegrupper. Då det er veldig stor pågang for jentegruppene i desse aldersgruppene, er jentepartia delt inn i gruppene

1, 2, 3, og 4.klasse Oppmøtet på gruppene er bra, og det er lite fråfall.

Hovudøvingane i desse gruppene er trampett, tumbling og frittståande. Treninga inneholder ei god blanding av turnleik, med innøving av enkle og grunnleggjande turnelement som framover og baklengs rulle, slå hjul, salto, flikflakk med meir. Gruppene våre mellom 1. og 4. klasse er den største rekrutteringa me har til konkurranse-gruppene våre.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

Nye tiltak etter sommaren 2024 er at alle breidepartia har fått eigne foreldrekontakte / foreldretrenarar. Fleire grupper har no då foreldre som deltek i treningene som medhjelparar, og får stadig større rolle som trenarar. Dette er til stor hjelp for våre unge hovudtrenarar. Foreldrekontakte er satt opp for å betre kommunikasjon mellom foreldre, trenarar og utøverar. Dei fleste gruppene har no og fått spond.

Gutar turn 1.-4. klasse

Gutane frå 1.-4.klasse har vore delt inn i to grupper, slik som tidlegare. Ei gruppe med 1.-2.klasse og ei gruppe med 3.-4.klasse.

Partiet med gutar er stadig populært. I 2024 har gruppe vore leia av unge instruktørar frå troppen, etter mange år med vaksne instruktørar. Ein legg opp til enkle grunnøvingar som rulle framover og bakover, handståande, baning av flikkflakk, satstrening og hopp over bukk og kasse. Gruppa har fleire foreldre som deltek i treningane som medhjelparar, og får stadig større rolle som trenarar. Det er kjekt å sjå, og viktig for å halde oppe eit godt tilbod til desse unge gutane.

Det er utfordrande for turngruppa å ivareta dei gutane som ønskjer å ha turn som sin hovuddidrett, då me ikkje har trenarar som kan organisere eit konkurranseparti. Det må vera ei målsetting i åra som kjem, at turngruppa på ny kan få plass eit guteparti innan apparatturn. Gutar 3. og 4.klasse byggjer vidare på det dei har lært dei første åra, og fortset styrkeprogram og innlæring av grunnelement.

Jenter/ gutar tumbling/ trampett 5. – 10. klasse

5.-10. klasse er delt i to grupper, 5. og 6. på det eine partiet og 7. til 10. på det andre partiet. I utgangspunktet blei dei delt i to ganske like grupper men det har vore fråfall så no er det forskjell på dei to partia. Fokus i treningene er tumbling og trampett. Alle gruppene er med jenter og gutar saman. Det har vore ei utfordring med veldig få gutar i forhold til jenter, ei utfordring som ut frå medlemsmassen vår kjem til å vara framover. Gutane seier sjølv og visar at dei trivst godt, sjølv med mange jenter!

Herrer mosjon

Turngruppa har to grupper innan herrer mosjon. Desse trenar henholdsvis på Hystad skule og i gamlehallen på Vikahaugan idrettspark. Lars Mugaas og Kristian Lunde er drevne instruktørar, og gruppene tel 47 påmeldte deltakarar, der gruppa på Hystad tel om lag 36 deltakarar og på Vikahaugane er det 11.

Partia har to treningskveldar i veka, og øvingsutvalet spenner seg frå oppvarming, balansetrening, styrke i ankel-, legg-, lår-, sete- mage- og ryggmuskulaturen i tillegg til bøye- og strekkmuskulaturen i armane. Ein legg stor vekt på ryggøvingar som mange har bruk for, og arbeider med økter med strikkar til styrketreninga og. Etter styrketreninga kjem ei god økt med uttøyingsøvingar, der ein startar nede ved beina og gjer øvingar som tek for seg stort sett heile skjelettmuskulaturen.

Med god oppvarming ligg alt til rette for god trening, og ulike ballspel. Treninga vert ofte avslutta med ein volleyballkamp. Gruppene har stabil medlemsmasse, og tek gjerne imot fleire medlemmer. Her får du ei real økt, godt for både kropp og sjel.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



Det sosiale er også viktig, og det legg dei stor vekt på. Dei har samlingar til jul og om våren som avslutning på året.

Nytt av sosialt element er at dei har starta nytt treningsår med pizzaettermiddag med skyting på skytebanen til Stord skyttarlag som står som teknisk arrangør. Veldig vellukka arrangement.

Aerobic og step

Kvar mandag og onsdag frå 19-20 møter ei stor gruppe trufaste damer på trening i den gamle turnhallen på Vikahaugane. To av dei fire salane er i bruk og det er heilt nødvendig med så god plass. Gruppa veks stadig og tel omlag 60 medlemmer i alderen 25-82 år. I år har instruktørane tatt i bruk sceneflak slik at alle kan sjå korleis øvingane skal utførast. Det er veldig flott med så stort spenn i gruppa og dei yngste deltagarane seier at dei let seg inspirere av dei eldre.

Treninga inneholder ein kombinasjon av styrketrening, step og kondisjon. God musikk er ein viktig del av treninga. Trenarar for denne gruppa er Eva Grov og Aslaug Grov Almås.

Sjølv om dette er ei gruppe med mange medlemmer kan turngruppa godt arbeida meir med marknadsføring av tilbodet. Det er alltid kjekt når nye medlemmer dukkar opp. Instruktørsituasjonen er stabil, men også her kan turngruppa tenkja på rekruttering i større grad.

Stemnedamene

10 tilårskomne damer har hatt treningar kvar mandag kl 20:00-21:00. Alle med godt pågangsmot om at me skulle øve inn tabellen som Tone Sande frå Laksevåg turn hadde laga til Golden Age festivalen i Burgas, Bulgaria i slutten av september -24. Dette gjorde at me fekk eitt unikt samarbeid med Laksevåg troppen gjennom fellestrenings, éin på Stord og éin i Bergen.

I Burgas vart det fellestreninger og 2 oppvisninger, og festivalen der vart nok éin god turnoppleveling som får stor plass i minneboka vår. Samarbeidet med Laksevågtroppen helde fram gjennom hausten, og me framførte vår felles tabell på juleoppvisninga både på Laksevåg og Stord.

No ser me fram til Landsturnstevne på Nærø i juli -25 der me også vert fellestropp med Laksevåg.

Alderen på Stemnedamene er no frå 68 til 84 år!

Tropp

Turngruppa la for sesongen 2024/2025 til rette for at gymnastar skulle kunne velja mellom to retningar, der troppsgymnastikk er den eine og breiddeparti er den andre. Med troppsgymnastikk meinast eitt parti som skal kunne delta i konkurransar, og der det var tenkt høg foreldredeletaking med meir.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

Aspirant Tropp 6 - 8 år

Aspirantgruppa til Stord turn er i alderen 6 - 8 år, og tanken er at borna der skal introduserast for tropgsturn gjennom øvingar i tumbling og trampett. Tanken er at treningane skal organiserast på ein sånn måte at gymnastane får anledning til både personleg utvikling og til å bygge ei lagkjensle.

Aspirantgruppa har hatt trening to gongar i veka, og sesongen 2024/2025 er det 11 gymnastar på denne gruppa. Det er tenkt at det skal sikrast god overføring til rekruttpartiet.

Rekrutt Tropp 9 - 12 år

Rekruttpartiet skal jobbe vidare med det dei har lært i aspirant og bredde, og dei skal bli klar til å delta på stemner, samlingar og konkurransar når dei er gamle nok. For å få gjennomført dette, er det naudsynt at rekruttpartiet har foreldre som deltek som trenrarar og at dei får kompetanseheving i tråd med målsettinga til troppen.

Det er ei målsetting at turngruppa skal kunne delta på kreitsmesterskap med rekrutt frå dei er 12 år. Det er vidare ei målsetting at rekrutt-troppen skal kunne reise på gymfest/ barnas turnfestival kvart år, og ha anledning til å delta på andre samlinger.

Rekruttpartiet har for sesongen 2024/2025 hatt 2 treningar, og dei har 21 gymnastar på gruppa.

Junior Tropp 12+

Juniorpartiet skal også jobbe vidare med det dei har lært i tida som rekruttar. Det skal vere ei klar målsetting at juniorane deltek på dei konkurransar og stemne som ein finn naturleg. Trenrarar skal ha grunnleggjande kompetanse i tropsgymnastikk, og det er ei forutsetning at turngruppa legg til rette for kompetanseheving både hos desse men og foreldre som ynskjer å delta som instruktørar.

Det er eitt krav at nye medlemmar har grunleggjande ferdigheitar for å kunne delta. Juniortroppen har for sesongen 2024/2025 hatt i snitt hatt tre treningar i veka og dei har per dags dato 12 aktive gymnastar.

Konkurransetropp i tropsgymnastikk

Hausten 2024 har turngruppa godt over 40 aktive tropsgymnastar fordelt på aspirant, rekrutt og junior. Trenrarar for tropgymnastikk er Mari Aas Hillestad, Christian Fredheim, Hedda Haslum Myklebust og Arnhild Myklebust. Karoline Frederich har i haust vore intruktør i frittståande for juniorane, medan Marielle Flatås Kvalnes og Elena Valvatne har vore trenrarar for rekruttane.

Juniortroppen, som kjenner rekrutprogrammet godt, vil overta denne jobben etter nyttår. I tillegg har to nye trenarressursar vorte rekruttert på tampen av 2024 .Dette er Jens Nesse og Nina Aalvik, begge tidlegare turnrarar i Stord Turn.

For konkurranseforma tropsgymnastikk, har juniortroppen hatt god aktivitet og deltatt på fire kretsmeisterskap i Rogaland i løpet av 2024. I alle konkurransane har dei deltatt i tumbling, trampett og frittstående, og hevda seg i toppen i alle greinene. Mange nye pokalar er tilført pokalskapet i turnhallen.

Konkurranseturn - Apparattturn

Apparattturn vert ikkje vidareført for hausten 2024/ våren 2025 då ein heller velde å sette fokus på tropsgymnastikk og satse vidare der.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



ØKONOMI OG STYРЕARBEID

I året fekk me ein omsetningsauke på nesten 200.000 i forhold til året før. Soleis enda me opp på nesten 950.000 i inntekter. Dette skuldast tilskot frå Sparebanken Vest til rehabilitering av grop, meir treningsavgift og gode arrangement som 17. Mai og juleoppvisninga. I tillegg så har me ein del på bok som gjer at renteinntekter har vore gode også.

På kostandsida har me hatt god kontroll, sjøl om det er litt auke frå året før. Samla sett gjekk gruppa med ca 169.000 i overskot dette året. Men då fekk me jo tilskot til rehabilitering av gropa som ikkje er satt i gang (50.000).

Turngruppa si største utgift er knytt til lønnsutbetaling til trenarane. Turngruppa har løna trenarar for alle parti i 1.-10.klasse, der trenarane ikkje er foreldre. Dette bidreg til stabilitet blant trenarane, og er naudsynt for å vera trygg på at me har kvalitet i trening. Faste utgifter har gått som vanleg, og i tillegg til lønnsutgifter er forbundskontigent, avskrivingar, vedlikehald og forsikring som utgjer dei store kostnadane til gruppa.

Turngruppa vert i dag leia av eit aktivt og breidt samansett styre. Styremedlemmene har kvar sine ansvarsområde og i 2024 har styret fungert utan leiar. Anja Mikkelson har hatt rolla som nestleiar fram til ho gjekk ut i morspermisjon hausten 2024. Jon Eirik Kvalnes har hatt stilling som administrativ leiar og har verte kompensert for dette.

MAGNE MUGAAS FOND

Det vart ikkje delt ut stipend i 2024.

Fondstyre: Anja Mikkelson, Lars Mugaas og Erik Skar.

Fondet har inneståande 63.395 kroner.

LARS MUGAAS / KRISTIAN LUNDE FOND

Det vart ikkje delt ut stipend i 2024.

Fondstyre: Anja Mikkelson, Anne Sissel Mugaas og Bjørn Arve Lunde.

Fondet har inneståande 177.316 kroner.

VALKOMITE

Etter førre årsmøte vart det ikkje valgt ny valkomite.

Stord, dato 3.mars 2025

Stord IL, turngruppa
Styret



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



Årsmelding 2024

Skigruppa, Stord II



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



Sportsleg aktivitet

Egne arrangement:

Kretssamling:

I perioden 2013- 2019 har det blitt arrangert kretssamling og terminfesta rulleskirenn for barn og ungdom på Stord. Etter to med avlysing grunna pandemi har samlinga blitt gjennomført i 2022 og 2023, i noko justert form.

i 2024 vart dessverre samling avlyst grunna få påmeldte, noko som har våre ei utfordring for kretsarrangement heile 23-24 sesongen '.

Skigruppa får gode tilbakemeldingar på samlinga frå både foresatte og kretsen, og me håpar å ta denne opp igjen hausten 25.

Tysdagstrimmen:

Hausten 2024 var det lagt opp til dei tradisjonelle ti løpa, som alle vart gjennomført.

Skigruppa takkar dei trufaste hovudfunksjonærane Odd Stuve Rommetveit, Vebjørn Lien og Audvald Kvamme.

Namn og tider er publisert på nettsidene til skigruppa.

Sesongen 2024 var den 39.sesongen med Tysdagstrim

Treningar:

Barne- og ungdomsgruppa har hatt regelmessige treningar gjennom sesongen og har fått utnytta periodar med snø godt.

Gruppa består av ungdommar som er aktive på mange frontar og det har vært utfordrande å finne eit tidspunkt som passar for alle.

Gruppa er stabil med 5-6 deltagarar.

Treninga har vært leia av Morten Føyen.

Treninga har blitt gjennomført på rulleski, barmark og på ski. Fokus er basisferdigheiter som uthaldenheit, styrke, spenst, balanse og koordinasjon

Stord Ski hadde to aktive ungdommar som dreiv konkurranseidrett på ski, men desse la opp etter sesongen 2023-2024.

Det har ellers vært god deltagning blant både yngre og eldre medlemmer i Stord Ski på både kretsrenn og turrenn.

Dei tradisjonelle gåvekorta etter innskriving i postkasseboka vert frå og med 2024/25-sesongen erstatta med loddtrekning blant alle som har betalt løypebidrag



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



Maskin og Anlegg

Lysløypa og Heio:

Det vart gjennomført dugnad i lysløypa hausten 2024, med god oppslutnad.

Elles er førefallande arbeid utført av fleire ved behov.

Grøfting av våte parti er utført av innleigd entreprenør.

Det vert også lagt ned ein betydeleg innsats i løypekøyring gjennom vintersesongen, særleg Bernt Øyvind Vad har lagt ned mange dugnadstimar i løypemaskinen til glede for alle brukarar av løpenettet i fjellet.

Prestagardsskogen:

Det er gjennomført jamlege dugnader i regi av barne- og ungdomsgruppa, der løypa og nærliggjande areal er rydda for skog m.m. Engevik Byggsenter har velvillig stilt med utstyr for kosting av rulleskiløypa.

Nye lys i lysløypa:

Skigruppa har starta arbeidet med å oppgradere lys i lysløypa.

Me har mottatt støtte på kr 100.000,- frå Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad.

Hausten 24 vart det skifta ut ca. 1/5 av lysa. Me fortsett arbeid med å søke støtte til oppgraderinga, og har som mål å oppgradere alle lys, samt styringssystem for disse.

Løypemaskin:

Løypemaskinen: Samarbeidet med Stord kommune gjekk ut pr. 31.12.24. Maskinen fekk 10-års service hausten 2024, og er rapportert å vera i god stand.

Medlem og Økonomi

Stordski.no:

Heimesida er jamleg i bruk. Sida vert nytta både til annonsering av arrangement (interne og eksterne), resultatservice og anna praktisk informasjon, ikkje minst løype- og føremeldingar om vinteren.

Facebook:

Sida er eit supplement til www.stordski.no og når eit breitt publikum på kort tid. Per i dag vert info om løypemeldingar, arrangement, resultat m.m. publisert på fjesboka og brukarane er mange.

Medlemmer:

Skigruppa har 48 medlemmer per utgangen av 2024, som er ei lite auke i frå 2023.

Det er innbetalt treningsavgift frå 43 personar

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



Økonomi:

Økonomien til skigruppa er god. Viser elles til rekneskap for 2024

Regnskap er ført av kasserar i skigruppa og er godkjent av hovudlaget sin revisor utan merknadar

Gruppeleiing:

Etter val på årsmøte 4.3.2024

Styret:

Leiar:

Morten Lyngås Føyen	930 06 658	Valt i 2024 for 1 år
---------------------	------------	----------------------

Styremedlemmer:

Øyvind Gaute Berg (sekr)	402 49 915	Valt i 2024 for 2 år
Erling Tyse (alpint)	992 72 214	Valt i 2024 for 2 år
Magnar Larsen	403 28 489	Valt i 2024 for 2 år
Odd Stuve Rommetveit (kass)	901 63 598	Valt i 2024 for 2 år
Jarle Haugland	996 15 999	Valt i 2023 for 2 år
Bernt Øyvind Vad	970 59 018	Valt i 2023 for 2 år

Varamedlem:

Kjell Inge Engevik	454 93 356	Valt i 2024 for 1 år
--------------------	------------	----------------------

Valnemd:

Stian Engevik	Valt i 2024 for 1 år
Dag K Lægreid	Valt i 2024 for 1 år

Styret takkar alle som har gjort ein innsats for skiidretten på Stord i 2024.

Stord 18.2.2024

Morten Lyngås Føyen	Odd Stuve Rommetveit	Øyvind Gaute Berg
Leiar	Kasserar	Styremedlem/ Skrivar
Jarle Haugland	Erling Tyse	Bernt Øyvind Vad
Styremedlem	Styremedlem	Styremedlem
Magnar Larsen	Kjell Ingen Engevik	
Styremedlem	Varamedlem	



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



Årsmelding for Stord IL Skeisegruppa

2024

Styret 2024

Leiar	Terje Almås
Kasserar	Onar Westerheim
Skrivar	Andrea Marie Gundersen
Styremedlem	Jannicke Stokken Salomonsen
Styremedlem	Stine Kjøs Horneland

Styremøter:

Det vart halde 5 styremøter 2024

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



Andre funksjonar:

Kioskstyrar:	Frank Einar Pedersen/Thomas Haraldsen
Stemneansvarlig:	Kjell Håvard Belsvik
Trenarar:	John Kvarme, Vegar Nylund og Terje Almås
Starteroppgåver:	Terje Stokken har hatt startaroppgåver på krets, nasjonalt og internasjonalt nivå
	Joar Kannelønning har vore startar på lokale stemner og har fått startersertifisering skøyteforbundet

Økonomigruppa	Onar Westerheim Stine Kjøs Horneland
---------------	---

Takk til sponsorar:

DNB, Sparebanken Vest, SR Bank, Aker Solutions, SKL
Øvrige sponsorer på Skeisekalenderen

Medlemer: Skeisegruppa har 57 medlemer pr 31.12.2024

Akivitetar/arrangement : Årsmøtet vart avvikla 06.03.2024
Gruppa arrangerte 1 rekruttløp/klubbløp på Vikahaugane i 2024
Gruppa arrangerte årsfesten sin i mai
Kick-Off for ishallprosjektet med sosial samling i august

Dugnad: Vakt handballfestivalen, rydding av skog Hatland, vasking av lokale til arbeidarane på ishallen, generell dugnad ifbm. ishallen

Drift av kiosk: Publikum har hatt tilgang til banen og utleigeutstyr mot betaling med Vipps frå januar - mars. Thomas Haraldsen har halde orden på pingvinar og utlånnsskeiser



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

Drift av skeisebanen i sesongen 2024- 2025

VIDRIVE med Henning Nordfonn og Terje Stokken har sørga for at skeisegruppa har hatt gode treningstilhøve frå januar til mars og tilrettelagt for at elevar og barnehagar har kunna nytta banen i skuletida.

Bygging av ishall starta i august og haustsesongen 2024 har av den grunn vore utanom det vanlege. Me har ikkje hatt is i haustsesongen, men treningstilhøva i klubbbhuset har vore tilgjengeleg for medlem.

Stord Ishall

Vidrive og Stord Idrettslag har i mange år arbeida aktivt for å realisera bygging av ein ishall gjennom innbygging av eksisterande skeisebane og hausten 2024 starta bygginga av hallen som skal stå ferdig medio 2025. Prosjektet held framdrifta si og reknar med at issesongen 2025-2026 blir innandørs. Prosjektleiing og byggjeleiing blir utført på dugnad av Magne Jostein Mikkelsen, Henning Nordfonn og Terje Stokken som følgjer prosjektet på byggjepllassen kvar dag. Dick Granli i tillegg til veteranane som er tilgjenglege på dagtid legg ned ein uvurderleg dugnadsinnsats i prosjektet. Når hallen står ferdig kjem driftsmodellen til å vera den same som tidlegare, med gratis tilgang for born og unge på dagtid. Det kjem til å bli eit stort løft for skeisegruppa og me gler oss stort til hausten 2025.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



Elitegruppa

John Granli:

John har fortsatt sin satsning i Stavanger med Team Sørmarka. John har dette året satt personlig rekord på 500 meter. John ble nummer 6 i NM Allround. Han fikk sølv på 5000 og 1500 i student VM. John har vært skadet i første del av 2024-2025 sesongen.

Personlige rekorder:

500m	37,31	5 Desember 2021
1000m	1.11,70	4 Desember 2021
1500m	1.47,49	5 Desember 2021
3000m	3.42,33	4 Desember 2021
5000m	6.42,58	20 Februar 2022
10000m	14.05,71	18 Desember 2022



Erlend Belsvik:

Fortsetter sin fine framgang i Stavanger og har satt personlig rekord på 1500, 5000 og 10.000 meter dette året. I tillegg er han med som trener for rekruttene i Stavanger. Erlend ble også tatt ut til NM Allround. Her fekk han en 11.plass. I NM enkeltdistanser ble han nummer 6 på 10.000.

Personlige rekorder:

500m	38,89	01 Mars 2020
1000m	1.16,51	11 Januar 2020
1500m	1.54,67	24. Januar 2024
3000m	3.56,41	19 Februar 2022
5000m	6.52,32	10 Mars 2024
10000m	14.24,82	03 November 2024





SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

Dina Storelid

Dina fortsetter å gå fort på isen. Hun har satt personlig rekord på 500,1500,3000 og 5000 meter denne sesongen. Hun har hatt flere medaljer i NM enkeltdistanser og representert Norge i WC i Japan og Kina

Personlige rekorder:

500m 43,67 12 Oktober 2024

1000m 1.24,74 04 November 2023

1500m 2.04,12 01 November 2024

3000m 4.19.92 02. November 2024

5000m 7.28,66 03 November 2024



Seniorgruppa

Thomas Haraldsen

Thomas har dette året gått løp i Bergen og Stavanger. Han har reist mykje til Stavanger for istrening høsten 2024. Thomas har også stått for orden og sliping av utleigeskeiser på skeisebanen våren 2024.

Personlige rekorder:

500m 50,43 11 March 2018

1000m 1.42,25 18 March 2017

1500m 2.36,33 19 March 2017

3000m 5.48,15 14 January 2018

5000m 11.15,11 4 December 2016

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



Talentgruppa

Magnus Sørheim Nylund

Magnus har fortsatt sin gode framgang. Han har forbedret teknikk og uthald i løpet av sommer og haust som viser igjen på isen. Han har satt personlig rekord på alle distanser dette året. Magnus har slitt med mye sykdom i starten på 2024-2025 sesongen.

Personlige rekorder:

500m 46,44 30 November 2024

1000m 1.34,83 14 Januar 2024

1500m 2.28,39 05 Oktober 2024

3000m 4.59,94 14 Januar 2024

Rekruttgruppa og aldersklassane 10-13

Det har vore ei særskilt gledeleg utvikling i rekrutteringa dei siste to-tre åra, med eit jamt tilslig av nye unge skeisarar. I 2024 har gruppa hatt ca. 20 aktive på trening og i løp, i alderen 6 til 13 år. Med ei god og jamn fordeling mellom gutter og jenter. Hovudtrenar er John Kvarme, som framleis har gløden og iveren intakt, og som gjer ein formidabel godt innsats med kvar og ein av dei unge skeisarane.

Rekruttane har hatt si faste treningstid tysdagar og torsdagar, og mange har også vore med på helgetreningane laurdag og sundag føremiddag gjennom vinteren. Nokre av dei ivrigaste har også drive jamt med barmarkstrening vår og tidleg haust.

Det vert terpa på grunnleggande skeiseteknikk og enkle øvingar for balanse og rett skyve- og svingteknikk for dei yngste og ferskaste. Dei litt meir erfarte med grunnleggande ferdigheter meir på plass har hatt strukturerte økter og program. Mest av alt dreier det seg om leik, skeiseglede, meistring og samhald. Gruppa er blitt godt samansveisa, og har det kjekt saman på trening, og på tur til løp.

Av høgdepunkt i løpssesongen vår 2024 kan nemnast:

- Hamarlekene i januar, der vi deltok med 10 unge skeisarar
- Kretsløp på heimebane i januar der vi samla 35 deltakrar i alderen 5-14 år frå Stavanger, Fana, Hardanger og Stord til kappestrid og fellesskap
- Rekordløpet i Stavanger, med rekordstor Stord-deltaking, der 16 av våre yngste løparar var med
- Stavanger Open i oktober deltok skeisegruppa med 13 løparar
- Flikkerudløpet november/desember deltok skeisegruppa med 10 unge løparar





SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

Veterangruppa år 2024

Treningstilhøva på Vikahaugane var i januar, februar til banen stengde i mars svært gode. I hausthalvåret har dei ivrigaste reist til Stavanger for å få is under skeisene. Andre har teke ein mellomsesong og kjem sterkare attende når nye hallen står ferdig til hausten -25.

I gruppa er det no i alt 8-10 veteranar. 6 av desse har delteke på følgjande løp:

- Kretslosp : 3 deltakrar.
- Lysecup-løp i Stavanger 5 deltakrar
- NM Stavanger 5 deltakrar
- VM- Allround Enschede 2 deltakar
Onar Westerheim 3.plass i M75
Harald Westerheim 6.plass i M75

Klubben held følgjande noregsrekorder pr. 31.12. 2024

Noregsrekordar :

Onar M65	5000 m	8,02,09	Hamar
Onar M65	10000 m	16,34,60	Stavanger
Onar M 70	1000 m	1,30,36	Inzell
Harald M70	5000 m	8.33.23	Stavanger
Harald M70	10000 m	17.47.43	Stavanger
Onar M75	3000 m	5.07,88	Quebec

Årsbeste 2024	500 m	1000 m	1500 m	3000 m	5000 m	10000 m
M50 Kjell Håvard Belsvik	43.13	1.25,97	2.13,25	4.42,36	8.16,38	
M75 Onar Westerheim	50.12	1.40,77	2.35,75	5.24,52		
M75 Harald Westerheim	53.11	1.46,75	2.38,98	5.31,34		
M80 Jan Henriksen	54.46	1.52,27				
M75 Frank-Einar Pedersen	64.85	2.11,37	3.19,30	6.45,93		
M Kristoffer Henriksen	54.16	1.48,56				

Veterangruppa vil retta ein stor takk til banemeister Henning Nordfond og andre i gruppa som legg til rette for gode treningstilhøve og eit godt og triveleg miljø.

Me ser alle fram til gode tilhøve for både rulleskeiser og trening på is.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



KLUBBREKORDAR pr dags dato

KVINNER

300m (VH)	Anja Sporsheim	Stord	13. 02. 2016	28,99
500m	Anja Sporsheim	Calgary	18. 03. 2016	43,46
1000m	Dina Storelid	Stavanger	04. 11. 2023	1.24,74
1500m	Dina Storelid	Stavanger	01.11.2024	2.04,12
3000m	Dina Storelid	Stavanger	02.11.2024	4.19,92
5000m	Dina Storelid	Stavanger	03. 11. 2024	7.28,66

MENN

300m (VH)	Magne Notland	Stord	27. 12. 2014	25,59
500m	Magne Notland	Calgary	14. 03. 2015	36,60
1000m	Magne Notland	Calgary	16. 03. 2017	1.11,04
1500m	John Granli	Inzell	05. 12. 2021	1.47,49
3000m	John Granli	Inzell	04. 12. 2021	3.42,33
5000m	Kjell Storelid	Hamar	22. 01. 1999	6.30,05
10000m	Kjell Storelid	Salt Lake	22. 02. 2002	13.27,5

Banerekordar Vikahaugane

KVINNER

500m	Camilla Hallås Farestveit	29.01.2005	47,50
1000m	Camilla Hallås Farestveit	27.12.2023	1.36,87
1500m	Dina Storelid	28.12.2021	2.22,90
3000m	Dina Storelid	03.01.2021	5.00,49

MENN

500m	Magne Notland	12.12.2012	42,00
1000m	John Granli	30.01.2021	1.21,00
1500m	John Granli	05.12.2020	2,05.37
3000m	Magne Notland	28.12.2017	4.09.28
5000m	John Granli	28.11.2020	7.29,57
10000m	Erlend Belsvik	02.02.2019	16.17.67



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



Årsmelding 2024 - Stord Volleyball



Om året 2024:

Året 2024 har vært eit aktivt år i Stord Volleyball. Klubben har vaks gjennom året, og har no følgjande treningsgrupper:

Treningsgruppene for 2023 har vært:

- Minivolleyball 5-8 år
- Minivolleyball 9-12 år
- Gutter U19
- Jenter U15 og U17
- Damelag 4. divisjon --> Damelag 3. divisjon 2024/2025
- Herrelag 2. divisjon --> Herrelag 3. divisjon 2024/2025

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



Ungdomslaga har hatt ei positiv utvikling gjennom året. Dame- og herrelaget har begge spelt seriespel med heimekamper på haustsesongen, og aktiviteten i klubben har difor vore betydeleg større. Trenargruppa har vore stabil, med litt utviding på haustsesongen.

Styret

Leiar: Ole Sæbø Sævareid

Økonomi: Elisabeth Nonås Fylkesnes

Styremedlem: Lene Gjøsæther

Styremedlem: Adrian Holm Nes

Ungdomsrepresentant: Viljar Steinsvåg Rusten

Ungdomsrepresentant: Celine Johannessen

Det har verte gjennomført 10 styremøter i 2024.

Alle møta har vore fysiske, og styret har brukt møterommet som ligg i gamlehallen. Styret har etter beste evne fordelt arbeidsoppgåvene mellom styremedlemma, slik at arbeidsbelastninga vert fordelt.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

Økonomi

Det er gjort ein stor jobb i 2024 med å få alle aktivt spelande registrert i minidrett, slik at klubben har god oversikt over medlemma og får sendt ut faktura til samtlige. Spond er eit godt hjelphemiddel, men det er ikkje godt nok som medlemssystem.

Det er søkt meir støtte gjennom året, og klubben har fått støtte frå:

- Sparebanken Vest a kr. 22.500,- til "kjøp av fleire nett og stenger" frå Ildsjelfondet
- Kvinnherad Stiftinga a kr. 29.000,- (Får betalt mot faktura i 2025)
- BOB a kr. 19.449,- til volleyballstenger (Får betalt ut mot faktura i 2025)

I tillegg har me i slutten av 2024 fått sponsing til nye overtreksdraktar til heile klubben. Juniorspelarane får bukse og jakke, medan senior må betale for sine. Totalbeløpet frå dei fantastiske støttespelarane vårepå sponsinga er kr. 82.000,- (42.000,- er bokført i 2024, resterande 40.000,- vert fakturert i 2025). Sponsorane er:

Subshore, Brilleriet, Bypass Skredsikring, Grov Grasklypp, Multiconsult, Leirvik as, Ecit, SKL, Sunnhordland Trafikkopplæring, og Almås hotell.

HobbyVolley

HobbyVolley våren 2024 vart arrangert 6.-7.-april. Det deltok 5 damelag, 5 herrelag og 8 mix-lag, totalt 18 lag. Vårturneringa var første helga etter påske, som resulterte i få påmeldinger. Me tek med oss dette til seinare turneringar.

Det er forsøkt med divisjonen "Mix Elite" utan nok påmeldingar. Klubben ynskjer å fortsette med tilboden om Mix Elite, både for å gi eit tilbod til aktive spelarar om å delta på turneringa, og for å halde nivået i den ordinære mix-klassen meir jevnt og rettferdig.

Hobbyvolley hausten 2024 vart arrangert 16.-17. november. Det deltok 5 damelag, 12 herrelag og 11 mix-lag, totalt 28 lag.

Me merkar tydeleg at klubben er blitt større, og spesielt ved slike arrangement har klubben fleire spelarar og føresatte å fordele dugnadsarbeid på.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



Gruppene:

Minivolley

Minivolleyball er blitt ei stabil gruppe gjennom året. Vårsesongen 2024 var det ei lita gruppe, og i løpet av haustsesongen har gruppa blitt betydeleg større.

I haustsesongen delte me minivolleyball-gruppa i to, med ei gruppe på 5-8 år og ei på 9-12 år. Spelarane er ivrige og positive på treningane. Øyvind Storebø er trenaren for gruppa på 9-12 år. Frederik Degrave, Elisabeth Nonås Fylkesnes og Ane Kristine Storebø er trenarane for gruppa på 5-8 år. Gruppa hadde i vårsesongen mellom 6-10 deltagarar på trening, medan det i haustsesongen auka til totalt 20 medlemer.



Gruppa har fokus på balleik og utvikling av volleyball-slag. Nokre individuelle øvelsar, og mykje lagspel. Det er positive tilbakemeldinger frå foreldregruppa.

Medlemma i minivolleygruppa fekk utdelt overtrekksgenserar våren 2024.

Jentelaget - Jenter U15 og U17

Jentelaget har blitt ei stor gruppe med 41 innmeldte medlemmer på slutten av 2024. I snitt er det mellom 15 og 30 deltagarar på treningane, men oppmøtet varierer frå årstid og vekedag.

JU15 og JU17 har Arne Kaldestad som trenar, og han gjer ein svært god jobb. Til hausten skal jentene delast opp i U17 og U19. Trenar Arne ser lyst på dette, og ønskjer å starte opp U19-treningar med ein gong seriehelgene er ferdig for sesongen 2024/2025. Helene Barsnes har vore foreldrekontakt for jentelaget for sesongen 2024/2025.



Jentelaget har deltatt på fleire turneringar og seriehelger i regi av NVBF Hordaland. Her er det forsøkt å stille med jevne lag, men det er òg tatt aldersmessige hensyn.

Det var arrangert ei felles sosial juleavslutning for gutter U19 og jenter U15/U17, med ei mixturnering og pizza.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

Gutter U19

Trenar for gutar U19 er Kjartan Bay, og han gjer ein svært god jobb med gruppa. Gruppa har i løpet av året hatt stor utvikling, og har bygd ei stabil kjerne, med fleire spelarar som deltar regelmessig. Gutelaget stilte på alle turneringane i løpet av vårsesongen. Der spelte dei bra, og vann fleire jevne kampar. Haustsesongen har dessverre vore prega av nedgang i spelartal, og dei har ikkje spelt turneringar i haust.



Dame senior

Damelaget har regelmessig hatt treningar på mandager og torsdager gjennom heile sesongen, med storbane på torsdagar. Håvard Andersland har vore trenar for damelaget heile året, og gjer ein svært god jobb. Det har vore stabilt oppmøte på trening, og engasjerte spelarar. Det er stort sett mellom 8-12 deltagarar på trening.



Damelaget spelte sesongen 2023/2024 i 4. divisjon, med seriehelger spreidd utover året. Turneringane var stort sett slått sammen med U19, pga for få påmeldinger i 4.divisjon aleine. Damelaget vant 4.divisjon, og rykka opp til 3. divisjon. Ved utgang av 2024 låg damelaget på 3. plass av 11 lag i 3. divisjon.

Det har i sesongen 2024 verte arrangert ei felles sommaravslutning for dame- og herrelaget.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



Herrelaget:

Herrelaget har si hovudtrening på tysdagar i gamlehallen, der oppmøtet har vore stabilt. Håvard Andersland fungerer både som trenar og spelar. Troppen i 2024 består av ei blanding av erfarne spelarar, talent frå ungdomslaget og nykomrarar både med og utan tidlegare erfaring frå volleyballmiljøet.



Laget har hatt ei aktiv sesong med deltagning på Vestcup i Stavanger og regionens opningsturnering i Bergen, der dei sikra bronse i begge turneringane. I tillegg har dei spelt den ordinære serien. Sesongen 2023–2024 vart avslutta på våren med ein 8. plass i 2. divisjon. Etter eit krevjande år på dette nivået vart det bestemt å gå ned til 3. divisjon for å byggje breidda i lage.

Dette valet har gitt resultat, med ein merkbar auke i spelarar samanlikna med førre sesong. Treningane har jamleg over 12 deltakarar, og fleire spelarar er tilgjengelege til kamp. Dette står i sterk kontrast til situasjonen i 2022/2023 sesongen.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



Sandvolleyballbanane

Det vart gjennomført felles dugnad på sandvolleyballbanane i april, med godt oppmøte (bilete under). Det har vorte gjennomført ein del treningar når veret har tillatt det på sandvolleyballbanen på Nordbygdo.

Det er fleire av spelarane på JU15 og JU17 som har deltatt på arrangement knytt til sandvolleyball.

Det er ingen i Stord Volleyball som har spelt aktivt Sandvolleyball sesongen 2024.

Anna

Tilbodet "Volley for alle" er kuttet ut ila 2024. Det er foreløpig ikkje kapasitet i klubben til å halde fram med dette pga ei stor auke i ungdomstilbud og ungdomsmedlemmer.

Med venleg helsing

Styret

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.7 ÅRSMELDING SYMJEGRUPPA



ÅRSMELDING STORD IL SYMJEGRUPPA

Innleiing

Stord IL Symjegruppa har i 2024 hatt god framgang. Me har stadig påfyll av nye medlemmer, samt at me ser fruktene av ei god organisering av treningane for våre born og unge.

Satsingsgruppa er veksande og reiser no på stevner jamt. Aspirantgruppa fyller på satsingsgruppa, samt at rekruttar rykker opp til aspirant, og me får påfyll hos rekruttane både frå Trygg i vann og frå «jungeltelegrafen». Per i dag tek me imot alle som vil byrja symjetrening hos oss.

Me har og eit lite samarbeid med Solid, fredagstreninga har vore arrangert av Stord IL Symjegruppa og trent av Solid. Dette har gjeve oss samhold på tvers av klubbane, og har og bidratt til aukande samhold under konkurransar. Me heier på kvarandre.

I 2024 har klubben hatt eit internstevne i Juni og eit Julestemne i desember kun med eigne symjarar.

Medlemsoversikt

Med trenrarar, aktive foreldre og symjarar er me no om lag 120 personar i gruppa fordelt på trenere og oppmenn, 46 Trygg i vann-medlemmer, 55 rekruttar, 11 aspiranter og 8 satser.

Trenarsituasjon

Stord IL Symjegruppa vil takka alle trenarane våre for god innsats i året som har gått.

Me får gode tilbakemeldingar frå utøvarar og føresette, og vil etter beste evne forsøke å fortsette dette gode arbeidet som blir utført. Trenarane har i løpet av kvart år livredningsprøve med god oppslutnad. Våre trenrarar får også tilbod om kurs, og både trenrarar og føresette får årleg tilbod om dommarkurs.

Aktiviteter og arrangement.

Stord IL Symjegruppa har gjennomført to internstemne i 2024. Her var det godt



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.7 ÅRSMELDING SYMJEGRUPPA

oppmøte både av utøvarar og av foreldre. Det var konkurranse for alle utøvarane, stafett og etterpå sosialt med kafe og loddsal.

Stevner

Aspirant og satsing reiser no jamnleg til forskjellige stevner. Det har vore deltagarar på 9 stevner i 2024 frå Stord IL Symjegruppa, og me kan gleda oss over ivrige utøvarar med god framgang.

Stord Swim Cup

Stord IL Symjegruppa si hovudinntektskjelde har vore symjestemne ein gong i året. Gruppa har per i dag ikkje organisasjon eller kunnskap til å arrangere eit slikt stort arrangement, men me arrangerer internstevner og uapproberte stevner.

Trygg i vann og andre kurs

Trygg i vann- kursa er no i gong. Me har hatt kurs vår og haust 2024, og no har me etablert eit godt system for gjennomføring. Dette er ei god inntektskjelde for klubben. Me har også halde kurs for mottaket på Stord med svært gode tilbakemeldingar. Livredningskursa våre er populære, her får me også førespurnader og set opp kurs etter kvart. Det er også gjennomført kurs for trenere i Trygg i vann - nybegynner og vi har hatt besøk av Norsk Svømmeforbund der formålet er å etablere en vidare positiv klubbutvikling for Stord IL Symjegruppa.

Økonomi

Stord IL Symjegruppa har penger på bok og god økonomi. Styret har fokus på å henta inn inntekter, og søker forskjellige fond om tilskot forløpende. Stord IL Symjegruppa har vidare inntekter frå Trygg i vann-kursa, livbergingskurs og andre symjekurs samt egne stevner og loddsal. Symjegruppa sine største utgiftspostar i 2024 er leige for symjehall til Stord kommune med kr. 140.000,- (inkl. rehab-bassenget for Trygg i Vann kursa) samt lønskostnader for våre ungdomstrenarar som er på om lag kr. 200.000,-.

Satstinggruppa har no oppretta ein egen konto der dei skal hente inn dugnadspenger for treningsleir hausten 2025.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmøte 2025 – Stord IL Orientering

Stad: Idrettstova Vikahaugane

Tid: Tysdag 04. mars 2025 kl. 18:00

Saksliste:

1. Godkjenning av medlemar med røysterett
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden
3. Val av ordstyrar
4. Val av referent
5. Val av to til å underskriva protokollen
6. Årsmelding
7. Rekneskap
8. Budsjett
9. Fastsettjing av medlemskontingent
10. Innkomne forslag
11. Val
12. Avslutning



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering

6. Årsmelding

Innleiing

Fra og med årsmøtet i mars 2024 har orienteringsgruppa hatt følgjande styre:

Leiar	:	Irinja Almås
Kasserar	:	Nina Hagerup
Styremedlem	:	Sigrid Matre
Styremedlem	:	Jan Ove Øen
Styremedlem teknisk og nestleiar	:	Tove V. Agdestein

Styret hadde 2 styremøte i 2024.

I tillegg har desse nemndene fungert:

Materialforvaltar	:	Kenneth Westerheim
Rankingførar	:	Ove Vedøy
Kartråd	:	Åge Hovden
Turorientering	:	Storatraven: Henrik Ottesen, Edel Slettemark, Jon Magne Bratseth, Even Rolfsnes Litlatraven: Gerda Øen, Jan Ove Øen

Arrangement

Nærlosp:

Gruppa hadde ansvar for 7 nærlosp og Fitjar IL, Onarheim IL og Sveio orienteringslag 3 av av dei 10 nærlopa som blei arrangert i Sunnhordland. I tillegg gjennomførte vi eit gateløp i Kårevik i mars, eit sprintløp i april på Vikahaugane og ein på hausten på høgskulen HVL.

Dato	Navn	Arrangør
09.04.2024	Nærlosp / 1. ranking	Fitjar IL, Stord IL
16.04.2024	Nærlosp / 2. ranking	Stord IL
07.05.2024	Nærlløp / 3. ranking	Onarheim IL, Stord IL
14.05.2024	Nærlosp / 4. ranking	Stord IL
28.05.2024	Nærlosp / 5. ranking	Stord IL
04.06.2024	Nærlosp / 6. ranking	Stord IL
11.06.2024	Nærlosp / 7. ranking	Stord IL
18.06.2024	Nærlosp / 8. ranking	Stord IL
27.08.2024	Nærlosp / 9. ranking	Stord IL

Kretsløp:

Vestlandspremieren, som er eit nyskapande samarbeid mellom Hordaland og Rogaland krets, med tre ulike løp i løpet av helga den 7. april var det første kretsløpet for sesongen. På fredagskveld var det sprint på Bremnes, på lørdag mellomdistanse på Sveio, Auklandshamn, og på søndag lang distanse på Stord. Både løpet på lørdag i Sveio og søndag på Stord samla litt over 200 deltakarar, om lag like mange fra Hordaland som fra Rogaland.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering

På søndag på Fjellgardane var det 69 av dei 200 barn og unge under 18 år.

Frå orienteringsgruppa var det 5 løparar med på fredag, 9 på lørdag og 8 på søndag. Ingeborg, Live og Malene Øen deltok i alle løp. Under søndagens løp var det ca 20 i arrangørstaben som var med og bidrog på ein eller anna måte. Dei som har svart på evalueringa på Eventor har gitt gode tilbakemeldingar både på løypene og arrangementet.

Deltakarar frå Stord IL på lørdag:



Stord Orientering

9 startende deltagere

Plass	Navn	Klasse	Tid
1	Irinja Almås	D 40-	36.08
2	Kenneth Westerheim	H 19-	31.59
2	Tove Vikanes Agdestein	D 60-	30.30
2	Malene Øen	D 40-	37.44
2	Ingolf Dybvik	H 80-	46.29
3	Ane Agdestein	C-open 17-	29.31
11	Torbjørn Agdestein	H 19-	59.52
	Ingeborg Sumstad Øen	N-open 9-16	12.29
	Live Oianne Sumstad Øen	C-open 10-16	26.43
	Sigvald Robberstad	H 80-	ikke startet

Søndag:



Stord Orientering

7 startende deltagere

Plass	Navn	Klasse	Tid
1	Malene Øen	D 40- (3)	57.35
2	Ane Agdestein	C-åpen 17- (10)	43.43
2	Live Oianne Sumstad Øen	C-åpen 10-16 (7)	37.52
2	Ingeborg Sumstad Øen	N2-åpen 9-16 (4)	25.52
2	Ingolf Dybvik	H 80- (2)	43.51
4	Emily Almås	C-åpen 10-16 (7)	46.52
13	Torbjørn Agdestein	H 19- (13)	2.14.42
	Sigvald Robberstad	H 80- (2)	ikke startet

Statistikk over nærløp viser ein jamn nedgand i deltaking gjennom årene.

Løp.nr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	Gj. snitt
1994	115	120	109	96	102	122	71	39	98	85			96
1995	96	93	80	90	66	84	68	80	79	58			84
1996	81	105	91	91	92	84	83	74	83	89			87
1997	108	76	87	83	79	94	92	85	70	51			83
1998	75	77	76	88	64	71	65	58	50	68			69



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering

1999	72	71	069	75	52	66	73	80	70	49			68
2000	49	91	64	38	83	61	58	77	68	64			65
2001	63	59	59	90	48	34	60	62	59	62			60
2002	75	58	53	64	63	45	44	57	41	45	56	57	55
2003	66	72	60	71	69	68	54	50	60	54	58	38	60
2004	65	61	53	57	66	31	54	54	51	64	67	66	58
2005	53	64	42	51	50	44	45	52	60	62	59	66	55
2006	38	53	61	54	74	57	54	57	35	50	60	65	55
2007	56	57	59	43	60	47	62	42	65	58	58	60	56

2008	59	63	58	36	56	35	33	66	58	51	31	56	50
2009	49	72	55	40	53	51	44	52	35	56	51	56	49
2010	66	69	47	28	58	51	38	30	55	59	50	49	50
2011	69	59	66	40	43	41	35	44	49	63	54	36	50
2012	57	67	36	75	48	47	55	62	61	51	55	53	55
2013	78	62	70	36	56	69	63	61	58	41	65	49	60
2014	65	68	56	41	62	26	51	63	49	48	33		52
2015	72	56	39	43	51	42	49	35	35	39			46
2016	63	41	63	36	36	59	40	35	32	40			44
2017	46	32	48	38	34	39	37	36	42	27			38
2018	31	39	32	28	31	26	41	20	22	40			31
2019	40	37	29	39	35	31	23	13	18	33			30
2020								27	24	20			
2021							25	25	16	34			
2022	19	26	24	18	33	7	27	18	35 (6)				23
2023	20	64	21	23	23	15	22	16	37	17			26
2024	20	26	13	20	26	25	30	27	23	17			23

Nybyrkjarkurs: Ikkje blitt arrangert i 2024.

Årsavslutning: Ein tradisjonell samling med premierung av o-løp og tur-o, samt pizza og quiz blei arrangert i idrettstova i november. Det blei òg trekt gåvekort.

Sportslege resultater

Det var ein god gjeng frå Stord som reiste og deltok i Fjord-O orienteringsveke i Bergen og Samnanger 1-7.7:

Dag 1 Bergen, deltakarar frå Stord:

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering



Stord IL 10 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid
1	Sigvald Robberstad	H 80- (22)	46.09
1	Kenneth Westerheim	H 50- (65)	31.17
2	Ingolf Dybvik	H 80- (22)	46.30
3	Erik Carvalho Andersen	H 13-14 (19)	50.17
3	Malene Øen	D 40- (22)	48.42
6	Gerda Øen	D 70- (35)	50.33
7	Live Olianne Sumstad Øen	D 13-14 (31)	51.09
7	Jan Ove Øen	H 75- (42)	52.43
15	Fred Andersen	H 50- (65)	1:51.21
	Marie Aasheim	C-åpen 17- (76)	diskvalifisert

Dag 4 Samnanger:



Stord IL 10 startende deltakere

Plass	Navn	Klasse	Tid
1	Kenneth Westerheim	H 50- (65)	31.28
2	Ingolf Dybvik	H 80- (22)	41.19
4	Erik Carvalho Andersen	H 13-14 (19)	32.00
4	Live Olianne Sumstad Øen	D 13-14 (31)	40.53
4	Malene Øen	D 40- (22)	45.18
4	Tove Vikanes Agdestein	D 60- (72)	37.41
5	Henrik Ottesen	H 50- (65)	41.56
10	Fred Andersen	H 50- (65)	52.42
16	Torbjørn Agdestein	H 21- (88)	1:09.15
	Sigvald Robberstad	H 80- (22)	diskvalifisert

Bilete frå FjordO (frå arrangøren sin Facebook sida):



Kenneth Westerheim



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering



Live Sumstad Øen



Sigvald Robberstad

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering



Emily Almås

Vestlandsmesterskapet 17-18.8, Bjørnafjorden:

Lørdag:

 **Stord IL** 5 startende deltagere

Plass	Navn	Klasse	Tid
1	Sigvald Robberstad	H 80- (5)	42.44
3	Ingolf Dybvik	H 80- (5)	48.15
4	Irinja Almås	D 40- (6)	50.29
	Emily Almås	C-åpen 10-16 (3)	21.47
	Kenneth Westerheim	H 21- (8)	diskvalifisert

Søndag:

 **Stord IL** 5 startende deltagere

Plass	Navn	Klasse	Tid
1	Sigvald Robberstad	H 80- (3)	54.11
1	Tove Vikanes Agdestein	D 60- (7)	57.24
2	Ingolf Dybvik	H 80- (3)	55.52
2	Irinja Almås	D 40- (5)	1.05.00
	Kenneth Westerheim	H 21- (6)	diskvalifisert



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering

Turorientering

2024 var 53. gongen det vart arrangert turorientering på Stord. Det er framleis svært god deltaking sjølv om det har vore ein liten nedgong dei siste åra etter stor auke i Korona åra. Det vart seld 693 tur-o konvoluttar totalt for begge «travane», Storatraven 345 stk og Litlatraven 348 stk.

Det var i år 4 kart for Storatraven, desse var Digernes, Lundåsen, Sjoalemyro og Isdal/Dalheim. For Litlatraven var det Åsskogen, Skjephaugen og Gruvene. Åsskogen var eit godt likt område.

459 personar har registrert klippa sine i «Tur-o på nett» sida i 2024. Totalt 116 personar tok alle postane i Storatraven (60 postar), og 47 personar i Litlatraven (30 postar). Det var 85 personar som tok alle 90 postane. Me har hatt salg på Sport 1 på Heiane og Deli de Luca (Esso) på Leirvik. I tillegg har me seld via velferdsklubbane på Aker Solution, Stord kommune og Fagne.

Det var bra deltaking på merkeutdelinga spesielt blant dei som fekk gullmedalje i Litlatraven. Det vart delt ut gavekort etter trekning på premieutdelinga, vinnarane er lista opp i tabellen under:

Premie	Namn	Namn	Namn	Namn	Namn
Storatraven (ST) alle postar 3 a' 500 kr	Marianne Lillejord Grov	Ina Håpnæs	Nils Kristian Aamodt		
Litlatraven (LT) alle postar 5 a' 300 kr	Emily Olufine Agdestein	Nina Hagerup	Sigmund Mongstad Hope	Marta Lindeflatten	Kristian Hjertaker Hope
Alle mnd post 1 a' 1000 kr	Egil Høisæther				
Alle postar LT+ST, 1 a' 1000 kr	Turbo Håpnæs				
Deltakarpremier, 5 a' 300 kr	Bjørn Saghaug	Lisa Kyvik	Stian Ankervold	Maren Odland	Malin Tarraldsen Notland

Storatraven vart arrangert for 55. gong og Litlatraven for 12. gong.


Statistikk tur orientering	år													
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Selde tur o posar														
Storatraven (1972)	213	277	278	278	244	297	306	257	287	497	513	454	370	345
Litlatraven (2013)			150	185	175	210	253	200	245	466	502	422	407	348
Totalt begge	213	277	438	463	419	507	559	457	532	963	1015	876	777	693
Personar delteke :														
Tur-o nett brukar	114	122	188	148	167	218	236	202	234	624	736	516	517	459
Alle postar Storatraven	36	52	67	52	53	73	77	77	77	162	232	84	122	116
Alle postar Litlatraven			42	44	55	60	64	65	121	329	286	180	159	147

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering



Stolpejakten

Det var for 4.gong orienteringsgruppa arrangerte Stolpejakten. Stolpejakten er tenkt som eit lågterskeltilbod for alle, uavhengig av kartkunnskap, og stolpene er hovusakeleg lett tilgjengelege. Stolpane var plassert i område Leirvik/Ådlandsvatnet/Lønning.

Ungdom og rekrutt

Det blei ikkje arrangert nybyrjartreningar.

Kart

Alle kart er oppdatert men enkelte nye hogstfelt er ikkje med. Kartarbeid er utført av Åge Hovden.

Økonomi

Økonomien i gruppa er god. Rekneskapet viser at gruppa hadde eit resultat 54.342,-.

Heidersmerke

På årsmøtet til hovudlaget delte Stord Idrettslag ut heidersmerke til 6 eldsjeler i Stord orientering: Edel og Steinar Slettemark, Gerda og Jan Ove Øen, Even Rolfnes og Jon Magne Bratseth.

Vi gratulerer med sine vel fortjente heidersmerker!



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering



Gerda og Jan Ove med Kjartan Grov frå hovudlaget.

Styret

7. Rekneskap

	Kontonavn	Budsjett 2024	Rek- neskap 2024
SALGSINNTEKTER			
3110	Salg materiell avg.fritt		-1895
3120	Sponsorer	-20000	
3130	Annonseinntekter		

SIL ÅRSRAPPORT 2024
SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering

3140	Dugnader		
3441	Andre tilskudd	-3000	
SUM SALGSINNTEKTER		-23000	-1895

ANDRE DRIFTSINNTEKTER

3442	Støtte LA-midler	-2000	-12057
3443	Grasrotandel	-15000	-19177
3444	MVA refusjon	-16000	-9920
3900	Annen driftsrelatert inntekt		-86
3920	Årskontingenter	-15000	-13900
3971	Kiosksalg	-5000	-4470
3981	Lokale stevner og arr.	-15000	-22040
3983	Kretsløp og mesterskap		
3985	Turorientering	-100000	-81682
3986	Stolpejakten	-10000	
3990	Egenandeler		
3995	Tilskot frå stat/kommune		
3999	Diverse inntekter	-3000	
2010	Overføring frå kartfondet		
2050	Overføring frå fri egenkapital		
SUM ANDRE DRIFTSINNTEKTER		-181000	-165227

SUM DRIFTSINNTEKTER		-204000	-167122
----------------------------	--	----------------	----------------

STEVNE- OG AKTIVITETSUTGIFTER

4200	Innkjøp av klær		
4670	Utgifter egne løp (premier/løpsavgift)	15000	2909
4671	Kjøp av kioskvarer	3000	2250
4672	Utgifter turorientering	50000	65267
4682	Utgifter kretsløp (startkont.)	15000	33870
4683	Utgifter KM/DM (startkont.)		
4684	Nasjonale løp og mesterskap		
4686	Stolpejakten	25000	18950
4688	Rekruttering		
4690	Trening og instruksjon		
SUM STEVNE- OG AKTIVITETSUTGIFTER		108000	123246

ANDRE DRIFTSKOSTNADER

6300	Leie lokaler	4000	
6420	Leie datasystem		2059
6490	Annen leiekostnad		4099
6540	Materiell og utstyr	35000	16198
6555	Kart	10000	
6700	Revisjons- og regnskapshonorar	2000	2685
6705	Regnskapshonorarer	9000	2000



SIL ÅRSRAPPORT 2024
SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering

6710	Daglig leder		13500
6800	Kontorrekvisita	500	
6820	Trykksaker (o-info)		
6840	Aviser og tidsskrifter	700	549
6860	Medlemsmøter		6317
6900	Telefon og porto	3000	1225
6940	Porto		
7040	Forsikring	2600	
7090	Andre kostnader	12000	
7140	Reisekostnader		
7320	Annonser	3000	
	Kontingent og gaver, ikke fradrag	500	
7410	Gaver / blomster	1500	11357
7420	Kontingent/tilskudd særkrets		
7453	Kontingent andre		
7460	Forsikringspremie		
7500	Styre- og bedriftsforsamlings- møter	5000	
7700	Øreavrunding		10
7740	Bank og kortgebyr	500	754
7770	Gebyr Vipps		708
7790	Annen kostnad		439
SUM ANDRE DRIFTSKOSTNADER		89300	61900
SUM DRIFTSKOSTNADER		197300	185146
DRIFTSRESULTAT		-6700	19918
8040	Renteinntekter		
8051	Renter av bankinnskudd	-52000	-65402
8150	Annен rentekostnad		-2
8159	Andre rentekostnader (Vipps)		
8070	Annen finansinntekt	-5000	-8860
8170	Renteutgifter/gebyr		
SUM FINANS INNT./UTG.		-57000	-74264
ÅRSRESULTAT		-63700	-54342

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering

8. Budsjett

	Kontonavn	Rek-neskap 2024	Bud-sjett 2025
SALGSINNTEKTER			
3110	Salg materiell avg.fritt	-1895	-1500
3120	Sponsorer		
3130	Annonseinntekter		
3140	Dugnader		
3441	Andre tilskudd		-35000
SUM SALGSINNTEKTER		-1895	-36500
ANDRE DRIFTSINNTEKTER			
3442	Støtte LA-midler	-12057	-12000
3443	Grasrotandel	-19177	-20000
3444	MVA refusjon	-9920	-10000
3900	Annen driftsrelatert inntekt	-86	
3920	Årskontingenter	-13900	-15000
3971	Kiosksalg	-4470	-5000
3981	Lokale stevner og arr.	-22040	-25000
3983	Kretsløp og mesterskap		
3985	Turorientering	-81682	100000
3986	Stolpejakten		-10000
3990	Egenandeler		
3995	Tilskot frå stat/kommune		
3999	Diverse inntekter		
2010	Overføring frå kartfondet		
2050	Overføring frå fri egenkapital		
SUM ANDRE DRIFTSINNTEKTER		-165227	197000
SUM DRIFTSINNTEKTER		-167122	233500
STEVNE- OG AKTIVITETSUTGIFTER			
4200	Innkjøp av klær		
4670	Utgifter egne løp (premier/løps-avgift)	2909	5000
4671	Kjøp av kioskvarer	2250	3000
4672	Utgifter turorientering	65267	60000
4682	Utgifter kretsløp (startkont.)	33870	30000
4683	Utgifter KM/DM (startkont.)		
4684	Nasjonale løp og mesterskap		
4686	Stolpejakten	18950	20000
4688	Rekruttering		5000



SIL ÅRSRAPPORT 2024
SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering

4690	Trening og instruksjon		
SUM STEVNE- OG AKTIVITETSUTGIFTER		123246	123000
<hr/>			
ANDRE DRIFTSKOSTNADER			
6300	Leie lokaler		
6420	Leie datasystem	2059	2000
6490	Annen leiekostnad	4099	
6540	Materiell og utstyr	16198	35000
6555	Kart		30000
6700	Revisjons- og regnskapshonorar	2685	3000
6705	Regnskapshonorarer	2000	2000
6710	Daglig leder	13500	13500
6800	Kontorrekvisita		
6820	Trykksaker (o-info)		
6840	Aviser og tidsskrifter	549	700
6860	Medlemsmøter	6317	6500
6900	Telefon og porto	1225	
6940	Porto		
7040	Forsikring		5000
7090	Andre kostnader		
7140	Reisekostnader		
7320	Annonser		3000
7410	Kontingent og gaver, ikke fradrag		
7420	Gaver / blomster	11357	1500
7453	Kontingent/tilskudd særkrets		
7460	Kontingent andre		
7500	Forsikringspremie		
7700	Styre- og bedriftsforsamlingsmøter		
7740	Øreavrunding	10	
7770	Bank og kortgebyr	754	800
7771	Gebyr Vipps	708	800
7790	Annen kostnad	439	500
SUM ANDRE DRIFTSKOSTNADER		61900	104300
SUM DRIFTSKOSTNADER		185146	227300
DRIFTSRESULTAT		19918	-6200
8040	Renteinntekter		
8051	Renter av bankinnskudd	-65402	-65000
8150	Annen rentekostnad	-2	
8159	Andre rentekostnader (Vipps)		
8070	Annen finansinntekt	-8860	-8000
8170	Renteutgifter/gebyr		

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.1.8 - ÅRSMELDING ORIENTERINGSGRUPPA



Årsmelding 2023 – Stord IL Orientering

SUM FINANS INNT./UTG.		-74264	-73000
ÅRSRESULTAT		-54342	-79200

9. Medlemskontingent

Medlemskontingent Stord IL (lik for alle gruppene):

0-5 år kr 100

6-15 år kr 300

16- kr 350

Gruppekontingent:

- | | |
|--|---------|
| • Medlemmer opp til 17 år/studentar/skuleungdom | kr. 100 |
| • Andre over 17 år | kr. 300 |
| • Familiar (born under 20 år, t.d. 2 voksne og 2 barn 4x175kr) | kr. 600 |

Orienteringsgruppe har ikke treningskontingent eller liknande.

10. Innkomne forslag

Ingen

11. Val

Innstilling til nytt styre:

Leiar:

Nestleiar: Tove Agdestein

Kasserar: Madel Lillenes Helland

Styremedlem: Tove Vikanes Agdestein

Styremedlem: Sigrid Matre (ikkje til val)

Styremedlem: Jan Ove Øen (ikkje til val)

Andre tillitspersonar:

Materialforvaltar: Kenneth Westerheim (kart/arr.utstyr)

Rankingførar: Ove Vedøy

Kartråd: Åge Hovden

Turorientering: Henrik Ottesen, Edel Slettemark, Jon Magne Bratseth, Even Rolfsnes, Gerda Øen og Jan Ove Øen

12. Avslutning



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.2 ÅRSMELDING IDRETTSMERKEUTVALGET



ÅRSMELDING FRA IDRETTSMERKEUTVALGET 2024

Utvalet har hatt 3 kveldar om våren og 3 kvelder om høsten kor merkedeltakarane har kunne avlagt prøvane.

25 har tatt Idrettsmerke i år. 3 opp fra ifjor. Håpar fleire vil ta turen opp å ta merke.

Elles så vil vi fremdeles anmoda om at gruppene tar tak og får fleire til å ta Idrettsmerke. Her konkurrerer ein kun med seg sjølv. Veldig kjekt. Mange ulike øvelser. Så med går for fleire til våren.

Oversikt over dei som har greid krava vart sendt til Hordaland Idr. Krets, Bergen.

Desse har vore i utvalet i 2023: Gisle Tjong, Per Lunde, Frank Einar Pedersen, Unni Gudmundsen og Marit S. Cruickshanks.

Utvalet vil takka **Grov Grasklypp v. Kjartan Grov** for lysinga i Bladet "Sunnhordland".

Elles vil eg sei at det er ein veldig entusiastisk og kjekk gjeng som er med her. Kjekke å jobba saman med. Humøret er på topp. Håpar å sjå deg på stadion i mai eller september.

Helsing

Marit Sætre Cruickshanks

Leiar Idrettsmerkegruppa

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.2 ÅRSMELDING IDRETTSMERKEUTVALGET



Etternavn/fornavn	Født år	Lag/skole/annet	Antall ganger	Merke/utmerkelse
ALMÅS, ASLAUG GROV	1972	Stord IL	32	
ALMÅS, MALENE GROV	1997	Stord IL	11	
CRUICKSHANKS, MARIT SÆTRE	1951	Stord IL	14	
HAUGEN, HARALD	1939	Stord IL	61	
HENRIKSEN, JAN	1946	Stord IL	17	
KVARME, JOHN	1956	Stord IL	10	
LUNDE, KRISTIAN	1936	Stord IL	66	
MÆLAND, ANNE BERIT	1955	Stord IL	45	.
NILSEN, ANDERS GROV	1974	Stord IL	32	
NILSEN, RAGNHILD GROV	1980	Stord IL	7	
NORDHUS, STEINAR	1948	Stord IL	38	
OTTESEN, ARNE	1973	Stord IL	24	
OTTESEN, HENRIK	1973	Stord IL	13	
OTTESEN, INGVILD HIBERG	2002	Stord IL	4	
PEDERSEN, FRANK E.	1946	Stord IL	24	
SAUE, HANS ERIK	1959	Stord IL	16	
SIMONSEN, IRENE	1974	Stord IL	2	
SKORPEN, INGRID	1954	Stord IL	1	
TVERDERØY, HARRIET	1947	Stord IL	47	
STEIN TVEIT	1952	Stord IL	1	
VESTBØSTAD, HÅKON	1961	Stord IL	47	
ØEN, GERDA MALENE	1952	Stord IL	38	
ØEN, JAN OVE	1949	Stord IL	46	
AASHEIM, MARIE	1946	Stord IL	52	
ÅSE, WENKE	1965	Stord IL	9	



Årsmelding allianse- idrettslag



Idrettsglede hele livet



STORD FOTBALL
1918 - 2024

ÅRSMELDING 2024



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

ÅRSMELDING FOR STORD FOTBALL 2024

INNLEIING

Det handlar og samfunn, aktivitet og anlegg. Me spinn dette rundt ein idrett som heiter fotball. Det er ei stor mengde menneske som kvar dag bidreg med det dei kan og ynskjer å gjera for at me skal kunna ha ein fotballklubb i Sunnhordland som tilbyr over 600 spelarar eit trygt og godt miljø. Eit miljø som skal reflektera verdiane våre Meistring – Glede – Samhald.

I tillegg skal me tilby dei som vil mest med idretten ein arena der dei kan konkurrera på det høgaste nivået i vår region. Det er viktig å ta vare på. Den lysta og den svolten etter å utvikla seg sjølv, i lag med andre. Ein viktig samfunnsfunksjon som me utviklar, men som kanskje ikkje blir satt nok pris på? Dei damene og herrane som skal vera dei gode førebileta for komande generasjoner med aktive born og ungdommar. Me må ta tare på dei og.

Ein sunn økonomi er viktig. Det må styret sørge for. Og der har klubben tatt grep i 2024. Og slik situasjonen ser ut no har me større friheit til å løfte klubben enn på lenge, men det fordrar at næringslivet heiar på den jobben me gjer.

Stord Fotball er ikkje som andre fotballklubbar lokalt. Me driv ei rekke spelarutviklingstiltak der me har tilsette for å utvikla og driva det. Me arrangerer ei rekke innandørsturneringar for fotballspelarar i alle aldrar, me har den største fotballturneringa i kommunen gjennom Puttefestivalen, og kvar periode det er skulefri har me fotballskular og fritidsodningar for dei minste.

Men mest av alt er me omlag 60 lag, over 600 fotballspelarar og 140 frivillige i ulike verv, som ynskjer å skapa ein positiv arena for oss sjølv og dei rundt oss. Det er ganske imponerande i seg sjølv, og det gir oss eit potensiale til å gjere ein stor og positiv forskjell i vår region.

Tusen takk til alle dykk som bidrar positivt!
Heia Stord Fotball!

Meistring – Glede - Samhald

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



ØKONOMI

Rekneskap 2024 og budsjett 2025

Rekneskapen for Stord Fotball pr. 31.12.2024 syner eit driftsresultat med eit overskot på kr 583.444,-. Ordinært resultat inklusiv finanspostar viser eit overskot på kr 485.925,-

Eigenkapitalen vart auka frå kr 2.935.733,- pr. 31.12.2023 til kr 3.421.658,- pr. 31.12.2024.

Budsjett for 2024 var negativt med eit resultat på kr -100.000 og med ei inntekt på kr 8 598 684,-. Rekneskapen viser ei samla inntekt i 2024 på kr 8.371.615,-.

Samla drifts-, vare- og kapitalkostnader var i 2024 kr 7.788.171,- Resultat for 2024 viser dermed eit resultat som er kr 585.925,- betre enn budsjett. Dette grunna vesentleg kostnadsbesparelsar.

Samla langsigktig gjeld pr. 31.12.2024 er kr 2.386.823,- der kr 1 186 823 er lån i Sparebanken Vest, og kr 1 200 000 lån hjå Stord kommune. Totalt er langsigktig gjeld redusert med kr 329.463,- i 2024.

Låna som vart refinansiert i 2018 gjeld nesten i si heilheit finansiering av garderobebeanlegga på Vikahaugane og Langeland, og Klubbhus på Vikahaugane.

Avskrivingar knytt til garderobebygga, klubbhus og bil utgjorde ca. kr 210.646,- i 2024. Og resultat av finanspostar viser kr. -97.519,-

Styret viser til revidert rekneskap med noter.

Rekneskapen er i 2024 ført av ECIT Stord AS.

KPMG har revidert rekneskapen for Stord Fotball i 2024.

Styret legg fram eit budsjett for 2025 til årsmøte som viser et overskot på kr 300.000,- og ei inntekt på kr 8.171.000,-



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

ORGANISASJON OG TILSETTE

Stord Fotball har i 2024 hatt det femtande året som eige idrettslag i allianse med Stord Idrettslag.

9.desember 2009 vart det i ekstraordinært årsmøte i Stord IL vedteke at Stord IL skal organiserast som eit allianseidrettslag. I skipingsmøte same dag vart Stord Fotball skipa som eige sær-idrettslag i allianse med Stord IL.

Det var registrert om lag 600 aktive medlemmer i 2024. I tillegg kjem trenarar, oppmenn og lagleiarar som samla utgjer om lag 140 engasjerte kvinner og menn.

Roger Matre har vore dagleg leiar i 2024. Han vart tilsett i Stord Fotball ved årsskiftet 2014 / 2015 etter at Stord Fotball og Sunnhordland Toppfotball slo seg saman. I desember 2024 vart Roger Matre og styret i Stord Fotball einige om å enda tilsetningsforholdet, og han hadde sin siste arbeidsdag 31.januar 2025.

Robin Øvrevik og Jon Andre Røyrane har vore tilsett i delte stillingar mellom administrative oppgåver og trenarar for aktivitetar knytt til talentutviklinga i både barne, ungdomsgruppa og a-laget.

Åge Aadland hadde i 2024 ein 25% stilling. Åge si hovudoppgåve har vore rekneskap.

Stord Fotball har og i 2024 fått god hjelp av Sverre Skjold og Emil Lone, som har bidratt til å få prosjekta til å gå rundt. I tillegg har mange ungdommar jobba på fotballskular, sommarklubb osb.

Det har vore om lag 6 årsverk i organisasjonen i 2024, dette inkluderer stillingane nemnd ovanfor, samt innleigd arbeidskraft til diverse prosjekt, spelarar/trenarar med kontrakt, reingjering osv.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



VISJON OG MÅLSETJING

Stord Fotball sin visjon er nedfelt i mottoet «Breidde og Topp».

Stord Fotball vil med denne visjonen visa at me vil legga alt til rette for at kvar og ein som vil spela fotball hjå oss skal få eit tilbod der dei føler at dei meistrar aktiviteten. Det viktige for oss er at dei har det kjekt på trening og i kamp og i tillegg lærer og utviklar seg. Klubben skal sikra at dei opplever eit trygt miljø og at alle er inkludert i fotballfamilien vår. Me vil også legga til rette med tilbod til dei som ynskjer å trenna meir.

Trivsel og meistring er viktig i kvardagen til barn og unge, så det er fokus i klubben på å gi desse eit variert og utviklande tilbod på fotballbanen, og i tillegg ha fokus på det sosiale samhaldet i laga dei hører til. God helse og fysisk aktivitet er berekrafta i ein sunn konkurranse med jamaldrande.

Stord Fotball sine verdiar er meistring, glede og samhald.

Meistring er viktig for å sikre at spelarar og støtteapparat jobbar med å forbetre seg sjølv og laget, både individuelt, som ei gruppe og som klubb.

Glede er viktig for å sikra at spelarane våre nyt prosessen med å spela fotball, for å halda motivasjonen høg, for å sjå fram til å møta opp og å sjå tilbake på ei kjekk tid i fotballen.

Samhald skal sikra at laget fungerer som ein heilskap, både på og utanfor banen, for å sikra at alle skal føla seg velkomne, og at ein kjenner på tryggleik i Stord Fotball.

Som Kvalitetsklubb jobbar Stord Fotball med fokus på at det er «Klubben som er sjef», det vil seia at det er organisasjonen og reglar/rammer i klubben som skal styra aktiviteten. Sportsleg utval i klubben har gjennom året 2024 hatt god kontakt med laga i klubben og har ansvar for at sportsplanen vert kjent i klubben og at alle laga følgjer retningslinjene som ligg der. Rekrutterings- & opplæringsansvarleg i klubben har organisert oppstart av nye lag og gjennom sesongen organisert kurs for trenarane våre, slik at me fylgjer krava me har som kvalitetsklubb. Dommaransvarleg har gjennomført sine samlingar og rekruttering av dommarar i sesongen 2024. Fokuset vårt på opplæring av både trenrarar, dommarar og andre frivillige i klubben gir oss eit apparat som gir medlemmene våre eit enda betre tilbod, noko me syns er viktig.

Stord Fotball har i 2024 hatt ulike prosjekt som har gitt eit tilbod med høg kvalitet til både medlemmar i Stord Fotball og også til andre klubbar i regionen.

Stord Fotball har i 2024 følgt vår nedfelte strategi når det gjeld rekruttering til seniorlaga for menn og damer med fokus på ein balansert kombinasjon av eigenutvikling og tilføring av nye spelarar frå andre klubbar. Me har som mål at kvalitet og satsing på sportsleg utvikling vil gjere Stord Fotball til ein attraktiv arena og førstevalet for motiverte og treningsviljuge fotballspelarar i regionen.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

KLUBBUTVIKLING

Styret i Stord Fotball har ambisjonar på vegne av spelarane og samfunnet me er ein viktig del av. Som den idrettsklubben i kommunen som representerer den største samlinga av born og unge har me og ei naturleg rolle å spele. Dette gjer me saman med Stord IL, der me er eit allianseidrettslag.

Gjennom aktiviteten og det breie nedslaget me har i lokalmiljøet ønsker me vera meir enn ein fotballklubb og verkeleg ta den samfunnsrolla me har moglegheit til å innehå. Det krev mykje av klubben, og det blir viktig i åra som kjem å få engasjert frivillige og næringslivet for å få til eit felles løft.

Me trur at engasjementet kjem gjennom å vera stolt av noko, å føle på eit samhald og å kjenna på meistring i lag med andre. Derfor er det og viktig at A-laga på herre- og damesida lykkast sportsleg, og fortset å spela på det høgaste nivået i Sunnhordland. Det er og grunnen til at me ynskjer å utvikla anleggå våre, ikkje berre speleflatene og det kring dei, men også klubbhuset og fasilitetar som kan skape gode samlingsplassar for born, ungdom, vaksne og dei som er enno meir vaksne.

Me er no i gang med å utvikla ein langsiktig anleggsplan som skal løfte oss vidare inn i framtida. Det trur me vil skape mykje engasjement og ikkje minst gode høve for spelarane våre å kjenne på Meistring – Glede – Samhald.

I Stord Fotball skaper me mykje aktivitet gjennom laga våre, og ikkje minst gjennom spelarutviklingstiltaka våre. Subshore akademiet står sentralt i dette og dekkjer i dag 3 hovudområder: Subshore 9-12 år, Subshore Jenteløftet og Subshore Satsing. Det ynskjer me å jobba vidare med å utvikle. Og det må me få til i sameksistens med Kniksen Akademiet som starar opp våren 2025.

Ei omstrukturering av klubben er og noko me jobbar aktivt med og det er ein krevjande prosess. Mest fordi endring er vanskeleg og det betyr at me må gjere ting på nye måtar. Me treng fleire gode krefter for å auke kvaliteten, og ikkje minst er det krevjande ettersom me er heilt avhengige av å skape det engasjementet som må til for å få med oss lokalsamfunnet og næringslivet på reisa.

No er klubben inne i det 3. og siste året i samarbeidet med Solid og Trott. Etter planen skulle me hatt eit fullt samarbeid på alle ungdomslaga i kommunen. Slik blir det ikkje i 2025, men Solid og Stord har valt å fortsette som planlagt og me har stor tru på at det er til det beste for spelarane. I løpet av året må alle tre klubbane bestemme seg for vegen vidare, og det arbeidet er me veldig motiverte for å gjøre, for det handlar jo tross alt om ungdommane våre.

Om samfunnet og sponsorane våre vil, skal me jobbe ekstra hardt for å skape eit stolt lokalsamfunn. Og her kjenner me på ei aukande optimisme, og det vil me takke for! Me går for 3 poeng.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



ANLEGG

I 2024 har me starta arbeidet med å identifisere ulike områder innan anleggssida me ynskjer å ta tak i for å bygga klubben vidare inn i framtida. Det er viktig at me går fram på ein strukturert måte og at det er dedikerte personar som jobbar med denne sida av klubbdrifta.

Eit viktig steg i rett retning i forhold til å kunne gjere nye satsingar innan anleggssida er å bli kvitt gjelda Stord Fotball har drege med seg sidan 2014. I April 2024 vart det på ny sendt inn søknad om at Stord Kommune skulle bidra med medfinansiering av garderobebygga på Langeland og Vikahaugane. Dette har vidare blitt tett følgt opp med administrasjon og politikarar i kommunen for å finne ei minneleg løysing.

For året 2024 har det kome ein ny kiosk på Vikahaugane som Valvatne bygg AS og Sparebanken Vest har støtta oss med.

No ser me fram til å kunne jobbe effektivt i ei dedikert gruppe som skal sjå til at planane kjem på plass, og at me får eit taktskifte med tanke på å utvikle anlegga våre på Ås, Langeland og på Vikahaugane i åra som kjem.

Baneanlegg

Dei «nye» kunstgrasbanane, som no begynner å bli nokon år, på Ås og Langeland gjer at både trening og kamplogistikken i barne- og ungdomsfotballen vert planlagt og gjennomført på ein meir oversiktleg og rasjonell måte enn tidlegare.

Kunstgrasbanen på Vikahaugane, som for nokon år sidan sto fram som eit moderne, komplett og brukarvenleg anlegg, er no begynt å bli i svært dårlig forfatning. Banen har i 2024 vore hovudarena for mange lag, samt at den vert brukt aktivt av skulane rundt Vikahaugane og spesielt Toppfotball linja ved Stord VGS idrettslinja. Kommunen har no bestilt reperasjon av fleire store opne sår i banen. Det ligg og inne politisk vedtak om at banen skal rehabiliterast/bytte dekke i 2026. Grunnen til at det ikkje kan gjerast i 2025 er at banen er under 10 år gammal og det er då ikkje mogleg å få speleidlar til dette. Langeland og Ås nærmar seg og eit punkt der fornying må vurderast.

Grasbanen på Vikahaugane var stort sett i bra forfatning i sesongen 2024, men mykje grunna at ein har vore heldig med været. Det var og ein suksess å leggja på vekstduk på banen i mars 2024. Denne låg i 8 dagar og fekk fart på veksten og dermed strukturen i banen. Senior herre nytta grasbanen som heimearena i 2024, og tok majoriteten av poengene sine på grasbanen heime på Vikahaugane. Det er von om at Stord kommune skal rehabilitera grasbanen i 2026.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

DOMMARAR

Ungdom- og vaksenfotball

Fotballsesongen 2024 er historie. Aktiviteten var høg, og det viste også igjen på tal kamper å dømme. Ved utgangen av 2024 var det 8 aktive autoriserte dommarar i Stord Fotball – ein auke på 1 frå 2023.

Rekrutteringsdommarkurs for 2025 sesongen er som før todelt – 1 e-læringsdel som ein må bestå, før 12 timer fordelt på to dagar med fysisk oppmøte.

Fysisk kurs er planlagt på Vikahaugane 15-16.mars. Dommaransvarleg har eit håp om å få med 2-3 frå vår klubb. Det er viktig å få opp talet på deltagarar, då det er ein del av de rutinerte dommarane som har signalisert moglegheit for nedtrapping.

Stord-dommarane hadde til saman 263 kamper i ungdom- og seniorfotballen i regi NFF Hordaland gjennom 2024 sesongen, noko som må seiast å vera veldig bra. I tillegg hadde me om lag 40 treningskamper – dei aller fleste for lag tilhøyrande klubben, men òg andre lag i distriktet.

Dommargruppa har hatt 2 samlingar i 2024. Felles kick-off møte med alle dommarane i sonen i mars før sesongstart blei dessverre avlyst grunna for få påmeldte. Under årsavslutning i november var det svært godt oppmøte. Der blei me einige om å ta opp igjen arbeidet med å auke samarbeidet på tvers av klubbene i sonen og oppstartsmøte på dette er tidfesta til 29 januar 2025 der så mange som mogleg av dei dommaransvarlege blir med.

Det er ved utgangen av 2024 opp i mot 25 autoriserte dommarar tilknytt laga i Sone Sunnhordland (inkludert Trio). Dette er ein nedgang på nokre få dommarar i forhold til i fjor. Det er for tida bra dekning av dommarar, spesielt i dei yngre årsklassane. Det er òg gledeleg at sonen i 2025 har 2 dommarar i 5 div menn/3.div damer.

Ved vårsamlinga i regi kretsen var 3 av dommarane deltagarar på Thon Hotel Kokstad, og 2 av dommarane var på haustsamling på same plass. Dette er nyttige arenaer for fagleg og sosialt påfyll.

I Sunnhordland er det som sagt ved innngangen til 2025 bra belegg av dommarar. Ein bør likevel oppmode både vaksne og ungdommar, som av ein eller anna grunn gir seg/trappar ned med fotball, til å ta rekrutteringsdommar-kurs som blir arrangert kvar vår i sonen vår – neste kurs er som nemnt planlagd 15-16.mars.

Barnefotball

I vårsesongen var det G/J 14 som dømte kampane i barnefotballen – dei fortsette med sine dommaroppgåver som starta hausten 2023. Dei gjorde ein veldig god jobb og tilbakemeldingane er udelt positive.

Før haustsesongen 2024 og Puttefestivalen var G/J13 inne og tok Klubbdommarkurs. Dei har òg gjort ein strålande jobb gjennom hausten, og kjem til å fortsette vårsesongen 2025. Totalt var om lag 25 klubbdommarar i aksjon i 2024.

10 dommarar frå barnefotballen var 04.04 på kurs for å kunne dømme 9'er fotball i 12 årsklassen. Dette er ein god læringsarena for å rekruttere til vidare dømming i ungdomsklassen.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



KURS OG UTDANNING

Det største kompetanseløftet for klubben i 2024 er at Robin Øvrevik har fullført UEFA-A lisensen sin. Gratulerer!

Gøran Odland har tatt FLK 4 (fotballederkurs 4) kurs i 2024.

I 2024 vart det arrangert grasrottrenarkurs del 2 i november.

Deltakarar har vore trenarar frå Stord Fotball og frå naboklubbane, og oppmøte har vore bra.

Stord Fotball oppfyller trenarkurs-kriteriene til det å vera Kvalitetsklubb.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

AKER SOLUTIONS PUTTEFESTIVAL

Aker Solutions Puttefestival vart i 2024 arrangert for 35 gong med 190 påmeldte lag.

Atter ein gong vart Vikahaugane fylt med glade og forventningsfulle spelarar, trenarar, foreldre og andre interesserte. Tilbakemeldingane var svært gode; nok ein festival me kan vera stolte av!

Festivalleiar Robin Øvrevik og den kompetente arrangementskomiteen gjennomførte festivalen på ein framifrå måte saman med om lag 500 foreldre og ungdoms/seniorspelarar som stilte opp og gjorde ein fantastisk innsats. Dette er eit formidabelt lagarbeid!

Hoppeslotta vart i år flytta inn i Nyehallen då det var venta mykje nedbør denne helga. Samstundes vart det arrangert ulike andre aktivitetar i nærleiken av hoppeslotta etter inspirasjon frå Handballfestivalen, mellom anna ein særpopulær stasjon med ansiktsmåling. Det vart også rigga til med mange bord i Nyehallen, noko som fungerte bra og gav mange ein velfortent pause ute på dagen.

Det vart lite nedbør laurdagen, medan søndagen var prega av store mengder regn og vind. Det la ikkje noko dempar på stemninga på Vikahaugane, men etter 2-3 timer var grasbanen svært gjørmete etter tallause sklitaklingar. Me såg oss difor nøydd til å flytte resten av kampane ut til Langelandsbanen. Dette vart gjennomført utan store utfordringar; imponerande!

Tusen takk til det lokale næringslivet for dykkar støtte, tusen takk til alle som jobba dugnad og tusen takk til alle som var med å gjere dette til nok ei minnerik helg for unge fotballspelarar og deira nærmaste.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



ØVRIGE ARRANGEMENT

Stord Fotball har i 2024 arrangert følgjande:

3v3 cup, inne, i januar og november.

Fotballskule i vinterferien, ei veke i februar.

Tine Fotballskule, ei veke i juni.

Sommarklubb, 3 veker i juni og juli.

Fotball- og aktivitetsskule, ei og ei halv veke i august.

Puttefestivalen i august.

Fotballskule i haustferien, ei veke.

Romjulscupen.

Fotballdag, 4 gonger, på planleggingsdagar.



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

SENIOR MENN

2024-sesongen vart ikkje heilt slik me håpa på etter ein fin 6.plass i Norsk Tipping ligaen 2023. Dette året skulle me bygga vidare på 2023 sesongen, men slik vart det dessverre ikkje.

Laget var på treningsleir i Benidorm, men det viste seg fort at dette skulle bli ein tung sesong. Oppkøyringa og vårsesongen vart sterkt prega av mange skader på sentrale spelarar.

Etter ein poengfattig vårsesong låg me på nedrykksplass til sommarferien.

Torbjørn Agdestein og Stian Ytrøy vart viktige forsterkningar i sommarferien, og etter ei lang rekke kampar utan å ta noko særleg med poeng snudde det heime på Stord Stadion mot eitt av topplaga i Norsk Tipping Ligaen, Os. Med 1-0 og fornya tru på at me kan, hadde me ein knallsterk haustsesong og sikra plassen for vidare spel i Norsk Tipping ligaen i den 24.serierunden.

Laget gjekk vidare til 2. Runde i NM, men måtte her sjå seg slott av Lysekloster.

Toppscorar for året vart Roger Ekeland, med 28 scoringar. (inkludert NM)

Apparat rundt laget:

Robin Øvrevik – Trenar
Jon Andre Røyrane – Trenar
Jan Aksnes – Materialforvaltar
Ivar-Andre Vedå - Materialforvaltar
Oddvar Skard - Materialforvaltar

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



DAMER

Sesongen 2024 har for damelaget vært en sesong med god utvikling både for laget og for kvar enkelt spelar.

Damegruppa har bestått av totalt ca. 25 spelarar sesongen gjennom
I oppkøyringa la me opp til 4 treningar i veka, og spela totalt 4 treningskamper før seriestart.

Damelaget spela denne sesongen i 4. divisjon, etter nedrykket frå 3 div. året før.

Målsettinga for sesongen var å utvikla oss gjennom trening og kamper, og komme opp på et nivå der
me skulle kunna styra kampane, og til slutt vera med og kjempa om opprykk igjen til 3 div.

Målsettinga blei oppnådd, og me kunne feira opprykket tre kamper før slutt.

Totalt spela me 20 seriekamper (17 siger, 1 uavgjort, 2 tap).

Spelargruppa har bestått av følgande spelarar:

Martine Mellemstrand, Emma Matre, Victoria S. Bjelland Hennis, Lina Klingsheim, Kristine Lygre,
Mathilde Alfarnes Amundsen, Trisha Abrahamsen, Ruth Maria Myklebust, Leah Pawa,
Live Kvammen Haukefær, Ailin Heidenreich-Ris, Adele Grov Dahlgren, Ingeborg Sørfonn, Pia Østrem,
Live Hauge, Cindy Abrahamsen, Linnea Jonsson, Marthe A. Kristensen, Mie Ness Valvatne,
Andrea Grønningen, Anna Fosse (vårsesong), Jennie Vonga (vårsesong),
Victoria Nordbustad (vårsesong), Lene Dregelid (høstsing), Clivia Carmona Palou (høstsing)

Arrangement

Me har arrangert 10 heimekamper i år, der kiosk og vakter har vært organisert av laget.

Me vil takka alle frivillige som har stilt opp som mannskap på arrangementa våre som kampvertar,
speaker, kiosk organisering etc.

Trenarar: Øyvind Mellemstrand (Hovudtrenar), Atle Ersland (trenar), Jonas Jonsson (trenar)

Arrangement og bussjåfører: Lars Klingsheim, Arve Havnerås

Kasserer: Anders Ekse

Kiosk: Hilde Karin Alfarnes



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

BARNE- og UNGDOMSFOTBALLEN

2024 er eit nytt år kor me opplever godt driv og utvikling i barnefotballen. Mange born i våre to skulekrinsar (Leirvik og Langeland) ynskjer å spele fotball, og me opplever eit fint engasjement for arbeidet hjå mange. Spesielt gledeleg var det då det starta opp eit nytt kull, med rekord mange jenter (2018 modellar). Å sikre gode rammer for borna med gode og trygge vaksne rundt, er eit prioritert arbeid for oss. Ein god oppstart med presentasjon av rammene for trenar- og lagleiarvervet; sportsplan og klubbehåndbok, tilbod om kurs og jamn rettleiing, er område me ynskjer å byggja vidare på og styrka. Det veit me er førebyggjande. Det å «kopla» laga frå dei ulike skulekrinsane saman er òg ønskjeleg. Erfaringsmessig er verdien av å få til samkøyring tidleg til det beste.

I 2024 har utvalet arbeidet vidare med AlleMe-prosjektet. Det er no inne i sitt fjerde år med rekordpåmelding rundt fotballdagane ved skulestart i august. Me opplever at prosjektet byrjar å finna ein form som er handterleg. Felles seminar for trenarar- og lagleiarar på hausten er eit viktig tiltak. I år med besøk frå Noregs fotballforbund og krets.

Verdt å merka seg er Stord fotball sitt årlege «Kick-off seminar» før sesongstart. Her samlar me alle trenarar og lagleiarar på alle nivå og tek ein oppdatering på sentrale dokument som sportsplan og klubbehåndbok med meir. I år hadde me med oss Thomas Bock Brantsæter, som er Fagansvarlig Talent ID i Noregs Fotballforbund og Sindre Hjellvik Askeland som er fysioterapeut hos Nemus Stord og jobbar bl.a. med idrettskadar og fotballmedisin. Dei snakka om, vekst og modning av barn og unge fotballspelarar. Seminaret er viktig for å byggja samhald og kultur på tvers.

Samarbeidet inn mot dei andre utvala på herresida og jente- damesida opplever me er godt. Ved fleire høve har ein hatt fellesmøte kor ulike problemstillingar har vore diskutert og handtert. Nokre gongar har òg medlemmer frå styret vore med i møta. Det har vore gode møter, på det viset at me får ringa inn heilskapen og snakka oss fram til løysingar i lag.

Barne- og ungdomsutvalet har gjennom året hatt nokre møter kvar for seg. Det er òg viktig med tanke på å gi merksemrd til ulike saker og tematikkar. I 2024 har det vore jamlege møter før og etter sesongen. Gjennom sesongen vert saker løyst løpende på ulike nivå.

I utvalet 2024:

Svein Ove Eikenes
Trond Eirik Samdal Nielsen
Gørjan Odland
Kjell Robert Stokka
Halvor Jordåen
Lars Peder Langeland
Espen Kyvik

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



JENTER 15

J2009 starta 2024-sesongen med 18 spelarar, men 2 stk slutta i løpet av sesongen. Fra sommaren fekk me inn to 2011-jenter som sportsleg utval flytta opp, og som var med oss resten av sesongen.

Laget har hatt 3-4 treningar i veka. Før sesongen kom Kjetil Østrem inn som eit friskt tilskot i trenarteamet, og tok stort sett over ansvaret som hovudtrenar utover sesongen. Me hadde eit veldig stort fokus på å vært eit spelande lag som kan bruka tid med ball. Hovudfokus har vært å tørre å holde på ballen, bearbeide motstandar og ta gode val. Her såg me stor utvikling av samtlege i løpet av sesongen.

I serien spelte me i 2.div J15 Rogaland der me møtte god motstand. Me endte på 3.plass både i vår og haustsesongen. Me er nøgd med gjennomføringa av sesongen. Resultata svingar når ein ønsker å være eit spelande lag, og av og til gjekk me på tap mot motstandarar som berre slår langt med raske spissar. Vår filosofi er at vår metode utviklar spelar for spelar betre enn å berre sette saman eit lag som spelar effektivt på resultat.

J15 hadde dessverre ikkje nok spelarar til å kunne stille lag på sommarcup i 2024.

På hausten var me ilag med Trott j15 i Rogalandscupen. Her var totalt 9 jenter med i sluttspelen, og me hadde 5 spelarar som spelte finalen mot Bjerkreim som endte med ein 3-1 seier.

Etter denne sesongen har Kjetil Østrem og Rune Tverborgvik trappa ned som trenarar. Svein Ove Eikenes og Lars Peder Langeland har tatt over hovudansvaret.

Trenarar: Kjetil Østrem, Rune Tverborgvik, Asle Skulstad og Espen Lone.

Lagleiarar: Line Erichsen



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

JENTER 19

Det var et veldig kjekt år for oss rundt laget.

Vi hadde et samarbeidslag mellom Stord og Trott og fikk med oss noen fantastiske sportslige resultater.

Laget sto igjen som Seriemester og Kretsmeister når sesongen var ferdig. Kun 1 tap, 1 uavgjort og resten sigrer lød utfallet for sesongen.

Etter en spennende kretsfinal mot et godt Voss-lag kunne vi titulere oss som krets mestere!

En flott prestasjon av jentene der det er en god blanding av de som spiller for gøy og de som har høyere ambisjoner. Sesongavslutning ble den samme kvelden for jentene med en god middag.

Trenere: Jonas Jonsson og Nina Lunde

Lagledere: Håvard Framnes

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



GUTAR 13

2024 har vore eit innhaldsrikt og spanande år for Stord G13 (G2011). Me har hatt ei stor og engasjert spelargruppe, med totalt 30 ungdomar som har vore aktive gjennom sesongen. Med oss har me hatt eit dyktig trenarteam beståande av seks trenrarar og ei dedikert lagleiar som har bidrege til eit godt og utviklande miljø for spelarane.

Me har delteke i fleire cupar gjennom året, noko som har gitt oss verdifull kamptrening og gode opplevingar saman:

- **Hinna Cup (mars)** – Ein flott sesongstart med god matching mot sterke lag.
- **Vidar Cup (juni)** – Ei fin moglegheit til å testa oss mot andre gode lag i regionen.
- **Olaussen Elite Cup (hausten)** – Ein krevjande turnering med høgt nivå, der me fekk mykje læring og erfaring.
- **Regy Cup (hausten)** – Ei kjekk avslutning på cupsesongen der me fekk vist fram mykje av det me har jobba med i løpet av året.

For å sikra god kampaktivitet for alle spelarane hadde me to lag påmeldt i seriespel:

- **Eitt lag i Rogaland-serien** – Her fekk me bryna oss mot sterke motstandarar og opplevde høgt tempo og intensitet i kampane.
- **Eitt lag i lokal seriespel** – Dette gav gode mogleheter for spelutvikling og meistring for alle spelarane.

2024 har vore eit lærerikt og kjekt år for Stord G13. Me har utvikla oss både individuelt og som lag, og spelargleda har vore tydeleg gjennom heile sesongen. Me takkar alle spelarane for innsatsen, trenarane for engasjementet og foreldra for all støtte. Me gler oss til eit nytt og spanande fotball-år i 2025!

Hovudtrenar: Gørán Odland

Trenere: Halvor Jordåen, Magnus Grov, Kåre Olav Skram, Frode Hugo Aase og Lars Petter Vatna

Lagleiar: Julie Berger



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

GUTAR 14

Stord G2010 starta året med den endelege samanslåinga for alle tre klubbane, då spelarane frå Trott gjekk saman med Stord/Solid-gjengen frå førre sesong.

Me fekk også inn Alf Bjelland som hovudtrenar.

Dessverre starta sesongen trist, då trenar Dagfinn Kolbjørnsen den 22. februar tapte kampen mot kreften.

Dagfinn hadde vore trenar for Solid-spelarane frå dag éin og var med på fotballfeltet heilt til det siste. Han var også far til ein av spelarane på laget.

Gruppa var i oppkøyringa påmeldt i Skjold IL vintercup med tre lag.

Her blei det spela mange gode kampar, og eitt lag spela seg til sluttspels finale mot Haugar. Det enda med tap, men alt i alt var innsatsen svært god. Kampavviklinga blei ein logistikkmessig stor utfordring for lagleiarane, med mykje omberammingar og utsetjingar grunna store snøfall. Men trass i vinterutfordringane fekk me likevel spelt alle planlagde kampar.

I serien starta me med to lag i 1. divisjon og eitt lag i 3. divisjon Rogaland.

Haustsesongen meldte me på eit ekstra 9-ar-lag i 3. divisjon då me vaks som spelargruppe gjennom våren. Dette for å gi alle flest mogleg kampar.

Begge 1. divisjonslaga spela seg til KM-serien etter høvesvis 2. og 3. plass etter vårsesongen.

Dei to plassane blei forsvart gjennom hausten, og sluttabellen viste til slutt 2. og 3. plass i KM for våre lag.

11-ar-laget i 3. divisjon enda på 7. plass.

9-ar-laget i 3. divisjon enda på 2. plass.

Ein kjempeinnsats blei lagt ned av alle gjennom ein travel sesong.

På topp hadde me heile 61 spelarar på medlemslista.

FUN FACTS 2024

Treningar: ca 130

Seriekampar totalt: 61

Sigrar: 31

Uavgjort: 6

Tap: 24

Scora mål: 230

Innslupne mål: 164

Cupar me har delteke i gjennom sesongen:

Dana Cup (Trott-gjengen)

Vidar Cup (Stord/Solid)

Olaussen Elite Cup

Regy Cup

Haugesund Sparebank Cup

Me har hatt fleire spelarar som hospitantar til både G15 og G16, samt at me sjølv har hatt med oss spelarar frå både G13 og Trott J14.

Me tel i dag 19 personar i støtteapparatet.

SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Gutar 15

Leif Didrik «Dikki» Steensohn var hovudtrenar også denne sesongen, med Tore Johannessen som ass.trener, og Olav Sævareid & Linda Laukhamar som lagleiarar.

Laget består av 15-16 svært treningsvillige gutar, og me har også nytta oss av nokre G14 gutar i kampar i løpet av sesongen.

Frå starten av sesongen blei det oppretta eit tettare samarbeid med Trott, der målet var at alle 2009 gutane skulle trene saman med bruk av differensiering i øktene. Dette samarbeidet fekk me aldri heilt til å fungere og etter Norway Cup blei treningssamarbeidet avslutta.

Starta sesongen med deltaking i vinterserien på Haugalandet, der da blei seier mot Haugar i finalen. Seriespel blei det for første gang i Bergen sin 1.div, der det blei 2.plass. Fekk mange gode kampar mot «nye» solide lag frå Bergen. Det blei også i 2024 deltaking i Adidascup, men dette året blei det stopp etter gruppespellet.

Sommarcup blei det i Oslo og Norway cup. Leif Didrik «Dikki» Steensohn kjørte gutane over fjellet i minibuss, og bussen blei hyppig brukt for å frakta gutane opp og ned frå sletta av «Dikki» og styreleiar Frode Gravdal Olsen, som begge budde med gutane under cup'en. Cupeventyret slutta i andre runde mot eit solid Åsane lag med fleire akademispelarar.

Hausten trena me saman med G16, der far «Dikki» og son Thomas fekk eit supert samarbeid med svært gode treningsøkter. Sesongen blei avslutta med cup i Bergen, der det blei seier i finalen.

Hovudtrenar: Leif Didrik «Dikki» Steensohn

Assistenttrenar: Tore Johannessen

Lagleiarar: Olav Sævareid & Linda Laukhamar



SIL ÅRSRAPPORT 2024

SAK 9.3.1 ÅRSMELDING STORD FOTBALL

GUTAR 16

Stord G-2008 hadde samarbeid med Trott G-2008 i 2024 sesongen.

Me starta sesongen med 32 påmeldte spelarar, der da va samla spelarar fra Stord, Trott, Solid og Moster.

Planlegging og treningsopplegget for sesongen gjekk veldig fint å setta opp, og me enda med ein 2-4 løysning, der spelarane sjølv valde om dei ville trena 2 eller 4 økter i veka.

I snitt var det ca 22 spelarar som ville ha 4 økter, og resterande ville ha 2 økter.

Da var og ein del spelarar som deltok på satsingsgruppa som Stord hadde regi på, der da b.la blei ei morgenøkt på Fredagane kl 06.30 på Vikahaugane.

I serien meldte me på 2 lag. 1.Laget spelte i 1.div i Hordaland\Bergen serien. 2.Laget spelte i 3.div Hordaland\Bergen.

